




Kartlegging og verdisetting av

Naturtypar i Øygarden



Øygarden kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2003

Kartlegging og verdisetting av

Naturtypar i Øygarden

Øygarden kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2003

MVA-rapport 14/2003

Foto på framsida frå øvst (Foto: Stig Guntveit):

1) Sverdlilje i bløming ved Kvernevatnet, Torsvik. 2) Varmekjær lauvskog ved Selstø. 3) Myr ved Sekkena, Flåten. 4) Purpurlyng på Vestre Toftøy. 5) Brakkvasspoll på Bøksholmen med takrøyr og artsrik strandeng. 6) Hjortetunge i bergsprekk ved Haftaskjersundet.

| | | |
|---|--|--|
| Ansvarlege institusjonar og finansiering: Øygarden kommune og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern-avdelinga | | Rapport nr: MVA-rapport 14/2003 |
| Tittel: Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Øygarden | | ISBN: 82-8060-021-3 ISSN: 0804-6387 |
| Forfattar: Stig Guntveit | | Tal sider: 116 |
| Kommunalt prosjektansvarleg: Råmund Skjold (Landbrukssjef/miljøvernleiar) | | Dato: 21.08.2003 |
| <p>Samandrag:</p> <p>Kartlegging av naturtypar i Øygarden kommune følgjer metodikken skildra i DN-handbok 13-1999.</p> <p>DN-handboka omtalar 56 naturtypar fordelt på sju hovudtypar. I Øygarden er det registrert 24 naturtypar fordelte på seks hovudtypar. I tillegg er det registrert tre naturtypar som ikkje er skildra i handboka (nordvendte berg, fuglegjødsla berg og abrasjonskyst, sistnemnde er meir å rekne som ein landskapstype).</p> <p>Naturtypane er verdivurderte som svært viktige- (A), viktige- (B) eller lokalt viktige lokalitetar (C), etter fleire kriterie, slik som storleik, grad av menneskeleg påverknad, artsrikdom og førekomst av sjeldsynte artar.</p> <p>Til saman 111 lokalitetar er kartlagte og verdisette. Alle områda er avgrensa på kart i målestokk 1:5000 (Økonomisk Kartverk) og sidan digitaliserte. Rapporten presenterer fordelinga av dei ulike naturtypane i tabellform og på kart. Kvar enkelt lokalitet er gitt ein omtale på faktaark bak i rapporten.</p> <p>Det er gitt ei oversikt over registrerte raudlista planteartar i Øygarden. For karplantar er det òg presentert ei oversikt over lokalt sjeldne artar som ikkje er raudlista. Fleire nye lokalitetar av raudlista karplantar er registrert gjennom denne kartlegginga.</p> <p>Heile 518 taxa av karplantar er registrert i Øygarden. Ei oversikt over desse er gitt til slutt i rapporten.</p> | | |
| <p>Referanse:</p> <p>Guntveit, S. 2003. Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Øygarden. – Øygarden kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 14/2003: 1-116.</p> | | |
| <p>Emneord:</p> <p>Biologi, botanikk, naturtypar, raudlisteartar, karplantar, lav</p> | | |
| <p>Øygarden kommune 5336 Tjeldstø</p> <p>Tlf: 56 38 20 00, Fax: 56 38 20 63 www.oygarden.kommune.no</p> | | <p>Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen</p> <p>Tlf: 55 57 22 00, Fax: 55 57 22 01 www.fylkesmannen.no/hordaland www.miljostatus.no/hordaland</p> |

FORORD


Det har vore ei målsetjing at alle kommunane i landet ha kartlagt det biologiske mangfaldet på sitt areal innan 2003. Øygarden kommune har tidlegare gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde, og kartlegging av biologisk mangfald har no blitt meir komplett med denne rapporten som omhandlar kartlegging av viktige naturtypar.

Kartlegging og rapportskriving er i all hovudsak gjennomført av Stig Guntveit. Rapportlayout og digitalisering av kart er utført av Fylkesmannen si miljøvernavdeling ved Olav Overvoll. Øygarden kommune ynskjer å rette ei stor takk til Stig Guntveit og til Olav Overvoll for det arbeidet dei har gjort.

Etter areal er Øygarden kommune ein av dei minste i fylket, og kjører ein gjennom kommunen skulle ein tru at naturtypen stort sett er lynghei i attgroing. Kartlegginga viser at kommunen, i tillegg til mykje lynghei, òg har ein høg diversitet av karplantar, mange viktige naturtypar og fleire lokalitetar med raudlisteartar. Mange sjeldne artar og naturtypar er lokalisert til strandsona og dette vil gje kommunen utfordringar innan all offentleg og privat planlegging.

Øygarden kommune ynskjer at kartlagt informasjon om biologisk mangfald skal vere med å danne grunnlag for vedtak innan all arealdisponering og arealplanlegging. Det er òg viktig at det biologiske mangfaldet ikkje berre skal fungere som ei sjekklister i samband med arealsaker, men at rapporten vil vere med å gje alle innbyggjarane ei auka forståing for dei naturverdiane me har i kommunen vår.

Tjeldstø, august 2003



Råmund Skjold
Landbrukssjef/miljøvernleiar

INNHALD

| | |
|--|------------|
| FORORD | 5 |
| INNHALD..... | 7 |
| INNLEIING..... | 9 |
| KVA ER BIOLOGISK MANGFALD..... | 9 |
| BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD | 9 |
| KVIFOR ER DET VIKTIG Å OPRETTHALDE DET BIOLOGISK MANGFALDET..... | 10 |
| FRAMSTILLING OG BRUK AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD..... | 11 |
| KVA SKAL KARTLEGGJAST? | 11 |
| KARTFRAMSTILLING..... | 11 |
| BRUKARAR..... | 11 |
| OPPDATERING OG REVISJON | 11 |
| NATURGRUNNLAGET I ØYGARDEN KOMMUNE | 12 |
| GEOGRAFISK Plassering og arealbruk | 12 |
| Landskap og geologi..... | 12 |
| KLIMA..... | 13 |
| VEGETASJON..... | 13 |
| NATURTYPAR..... | 15 |
| GENERELT..... | 15 |
| REGISTRERTE NATURTYPAR I ØYGARDEN..... | 16 |
| Myr (A)..... | 16 |
| Rasmark, berg og kantkratt (B) | 17 |
| Kulturlandskap (D)..... | 19 |
| Ferskvatn/Våtmark (E)..... | 20 |
| Skog (F)..... | 21 |
| Havstrand/Kyst (G) | 22 |
| Andre viktige førekomstar..... | 23 |
| RAUDLISTEARTAR..... | 24 |
| GENERELT..... | 24 |
| RAUDLISTEARTAR I ØYGARDEN..... | 25 |
| LITTERATUR | 27 |
| REFERANSAR..... | 27 |
| SENTRALE DOKUMENT I MILJØVERNPOLITIKKEN..... | 27 |
| KART OG FAKTAARK..... | 29 |
| VEDLEGG: ARTSLISTE KARPLANTAR..... | 109 |

INNLEIING

KVA ER BIOLOGISK MANGFALD

Biologisk mangfald er variasjonen av livsformer, livsformene sitt arvestoff og samspelet desse livsformene er ein del av. Ein snakkar altså om variasjon på tre nivå: *Økosystem, artar og genar*.

Dei ulike artane er avhengige av ulike økosystem for å overleve. Eit økosystem kan definerast som ei samling levande organismar som lever i eit samspel med kvarandre under gitte fysiske og kjemiske forhold. Naturtypene i denne rapporten er døme på ulike økosystem. Det å sikre eit størst mogleg mangfald i økosystem er den beste måten å sikre artsmangfaldet på fordi ein på denne måten tar vare på ulike artar sine leveområde. Genetisk variasjon er variasjonen i arveeigenskapar innan ein art. Genetisk variasjon sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold og er viktig for artane si evne til å overleve på lang sikt. Genetisk variasjon kan òg bety mykje for menneska sin bruk av ulike organismar ved t.d. planteforedling og husdyravl.

BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD

I 1993 underteikna Noreg Rio-konvensjonen. Dette er ein internasjonal avtale som forpliktar alle land til å *kjenne til og ivareta det biologiske mangfaldet innan landet sine grenser*. Bakgrunnen for ein internasjonal avtale om biologisk mangfald er at areala av ulike naturtypar, som ei følgje av menneskeleg aktivitet, blir redusert i raskt tempo. På grunn av reduserte leveområde har fleire plante- og dyreartar gått kraftig tilbake i tal og utbreiing og mange er truga av utrydding dersom dei negative faktorane heldt fram. Ved sidan av introduksjon av framande artar, blir øydelegging av leveområda rekna som det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet globalt i dag.

Sjølv om vi i Noreg har mykje natur, blir også våre naturområde i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Bygging av bustadhus, fritidshus, næringsverksemd og infrastruktur utgjer eit stadig større press på areala. Dette gjeld i særleg grad produktive område under skoggrensa, og det er her ein finn den største variasjonen når det gjeld biologisk mangfald.

Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her mykje av den praktiske forvaltninga finn stad. Riokonvensjonen er kanskje den avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan, fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen er ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

I tråd med ansvaret Noreg tok på seg gjennom Riokonvensjonen, vart det i Stortingsmelding 58 (1996-97) "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling" uttrykt ei politisk målsetjing om at "alle landets kommuner skal ha gjennomført kartlegging og verdisetjing av det biologiske mangfaldet på kommunens areal i løpet av år 2003". Kommunane fekk sjølve ansvaret for gjennomføring av kartlegginga, men det har over ein femårsperiode blitt sett av midlar på statsbudsjettet tilsvarende kr. 50 000 pr. kommune. For å sikre at kartleggingsarbeidet i størst mogleg grad blir samanliknbart over kommunegrensene har Direktoratet for naturforvaltning gitt ut fleire handbøker som skildrar kva som skal kartleggast og kva metodar som skal følgjast.

Lokalt er det kommunane som må innarbeide omsyn til biologisk mangfald i kommuneplanen. Men kunnskapsgrunnlaget om lokalt biologisk mangfald er tilfeldig og stort sett alt for dårleg.

For å kunne ta dei naudsynte omsyn til biologisk mangfald lokalt, må lokale naturverdiar verte kartfesta. Deretter må dei på forsvarleg vis integrerast i det lokale planarbeidet. Ved ei god oversikt over dei mest verdfulle naturområda i kommunen, langsiktig planlegging og aktiv bruk av verkemidla i Plan- og bygningslova, kan kommunen redusere konfliktane mellom bruk og vern av areal og styre utviklinga i større grad enn i dag. Karta over viktige naturområde vil vere eit viktig bidrag til å utføre ei meir presis og prediktabel arealforvaltning.

Data frå kartlegginga vil òg inngå i regional- og nasjonal miljøstatistikk og danne grunnlag for handlingsplanar og tiltak på regional- og nasjonalt nivå.

Ikkje minst er det eit ønskje at kartlegginga skal bidra til å auke interesse og kunnskap om naturen blant kommunen sine innbyggjarar. Det er difor ønskjeleg at rapport og kart blir gjort tilgjengeleg for skular, frivillige organisasjonar og andre naturinteresserte.

KVIFOR ER DET VIKTIG Å OPRETTALDE DET BIOLOGISK MANGFALDET

Grunnen til at vern av biologisk mangfald har blitt gjenstand for både internasjonale- og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølve er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

Økonomiske-/materielle argument: Mennesket er ein del av naturen, og det å ta vare på flest moglege naturmiljø sikrar vår eigen eksistens og velstand. Mat, medisinar, brensel, byggemateriale osv. er i utgangspunktet naturprodukt. Sjølv om ikkje alle organismar ser ut til å vere like nyttige, representerer dei ein potensiell verdi som kan tenkjast å bli viktig i framtida. Vi har framleis manglande kunnskap om mange sider ved samspelet organismane i mellom, noko som gjer det fornuftig å ha ei føre var haldning. Genetisk variasjon er viktig fordi det sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold. Menneska har direkte nytte av genetisk variasjon t.d. når det gjeld planteforedling, husdyravl og kamp mot sjukdommar.

Kulturelle-/estetiske argument: Aktivitetar som jakt/fangst og sanking har lange tradisjonar, og sjølv om vi ikkje lever like nært naturen i dag, er slike aktivitetar for mange ein viktig trivselsfaktor. For mange er naturen ei kjelde til rike naturopplevingar også utan dei tradisjonelle aktivitetane med direkte unytting av naturressursar. Særinteressene er mange, som t.d. mosjon, fotografering og fuglekikking, men for mange er eit biologisk mangfald også ei kjelde til rikare naturoppleving.

Etiske-/moralske argument: ”Alle levande organismar har den same retten til å leve, uavhengig av om dei synest til nytte eller skade for mennesket.” Mennesket er den einaste arten som med fullt medvit kan utrydde andre artar. Dette gir oss eit særskilt ansvar. I eit evolusjonsmessig perspektiv er mennesket dessutan ein svært ”ung” art. Vi har òg eit ansvar for at framtidige generasjonar har dei same moglegheitene som oss til naturbruk og naturopplevingar.

FRAMSTILLING OG BRUK AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD

KVA SKAL KARTLEGGJAST?

Metoden for kartlegginga av biologisk mangfald er nærmare skildra i ulike handbøker utgjevne av Direktoratet for naturforvaltning. I korte trekk går kartlegginga ut på å plukke ut og kartfeste område som er særleg viktig for det biologiske mangfaldet. Det er eit mål å få god oversikt over følgjande område:

- Viktige naturtypar (DN-handbok 13-1999)
- Viktige område for viltet (DN-handbok 11-1996, revidert internettutgåve 2001)
- Viktige ferskvasslokalitetar (DN-handbok 15-2001, kun internettutgåve)
- Viktige marine område (DN-handbok 19-2001)
- Førekost av raudlisteartar (DN-rapport 1999-3)

Denne rapporten omhandlar naturtypar og raudlista planteartar. Øygarden kommune har tidlegare gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde.

KARTFRAMSTILLING

Alle temakart blir digitaliserte med grunnlag i manuskart utarbeidd gjennom kartlegginga. Digitaliseringa gjer at datasetta lett kan tilpassast digitale innsynsverkty, og kommunen kan etter ønskje og behov, relativt enkelt utarbeide egne kart for dei ulike tema.

Til bruk i arealplanlegginga er det ønskjeleg at kommunen får utarbeidd samlekart over område med høg verdi for biologisk mangfald. Dette går i korte trekk ut på å synleggjere område med stor biologisk verdi ved å slå saman alle opplysningar om biologisk mangfald i kommunen (naturtypar, viltområde, ferskvatn, marine område og raudlisteartar). Direktoratet for naturforvaltning har gitt ut ein rettleiar for framstilling av slike kart (DN 2000).

BRUKARAR

Karta over biologisk mangfald er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvaltning vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Det er eit ønskje at den enkelte grunneigar skal ta omsyn til biologisk mangfald på sin grunn. Aktuelle grunneigarar skal difor informerast og få tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller enkeltpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport kunne kome med konstruktive innspel til endringar og nye lokalitetar.

OPPDATERING OG REVISJON

Ei kartlegging av det biologiske mangfaldet vil aldri vere endeleg. Naturen er i stadig endring, både naturleg ved suksesjon, og ved menneskeleg påverknad ved endra arealbruk og tekniske inngrep. Dessutan aukar kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald stadig. For å fange opp endringar og tilføre ny kunnskap er det difor viktig at karta blir oppdaterte jamnleg. Ein hovudrevisjon kvart fjerde år, i samband med revisjon av kommuneplanen, kan vere ei fornuftig framdrift i forhold til oppdatering. Det vil likevel vere ønskjeleg at endringar og nye opplysningar blir oppdaterte fortløpande.

NATURGRUNNLAGET I ØYGARDEN KOMMUNE

GEOGRAFI OG AREALBRUK

Øygarden ligg i den ytste skjergarden mellom Sotra og Fedje, til saman over 500 store og mindre øyar og holmar. Dei største øyane er, frå sør til nord: Toftøy, Rongøy, Ono, Blomøy, One, Skogsøy, Alvøy og Seløy. Innbyggjartalet i kommunen er ca. 3700. Busetnaden er spreidd, med størst butettleik på Toftøy og Rongøy.

Øygarden har eit landareal inkludert ferskvatn på 66 km². Størstedelen av kommunen er kystlynghei (i Tabell 1 er dette i all hovudsak oppgitt som grunnlendt mark), i større eller mindre grad velutvikla og med varierende grad av inngrep. Store delar av lyngheiarealet er no prega av oppvekst av ungsog, og ein god del av arealet har blitt planta til med barskog, særleg sitkagran, dei siste 30-40 åra. Andelen lauvskog svært låg. Ikkje desto mindre er lauvskogsområda, og særleg område med innslag av edellauvskog, mellom dei områda som kan syne til den største biodiversiteten, særleg i høve til karplantar, men og insekt og fugleliv. Kart 1 gir ei grov oversikt over arealet av skog- og jordbruksareal i Øygarden.

Tabell 1. Arealtilstand i Øygarden 1995.

| Type areal | Areal (dekar) |
|-------------------------------------|-----------------------------|
| Dyrka mark | 1 921 |
| Innmarksbeite | 3 889 |
| Skog | 13 464 (herav lauvskog 137) |
| Myr | 1 821 (inkl. skog på myr) |
| Grunnlendt mark/annan jorddekt mark | 35 443 |
| Fjell i dagen | 4 527 |
| Vatn | 2 000 |
| Ikkje kartlagt areal* | 2 935 |
| Totalt | 66 000 |

* Omfattar busetnad, samferdsleanlegg mm.

13 643 daa er regulert til forskjellige føremål (industri, bustader, hytter, off. føremål, 300kV kabel, gass/olje/kondensatleidning). Dette er ikkje teke med som eigen kategori i Tabell 1, då det omfattar fleire typar landskap. Dette er ein ganske stor del av arealet i kommunen; knapt 21% (til samanlikning er 14,4% av Bergen kommune sitt areal regulert). Særleg areal lagt ut til industriføremål er stort og utgjør vel 13% av kommunen sitt samla areal. Dei største industriområda er Stureterminalen, Statoil Kollsnes og Kollsnes Næringspark.

LANDSKAP OG GEOLOGI

Landskapet i Øygarden er prega av låge øyar og holmar. Høgste punktet i kommunen er 78 m.o.h. Eit topografisk særtrekk er dei mange bergveggane/klippene. Hovudtendensen i landskapet er terreng som skrar slakt oppover frå aust mot vest, for så å ende i markerte nord-sørgåande bergvegger/overheng. Nokre stader finn ein aust-vestgåande dalsøkk, som er i le for dei framherskande vindretningane, der vindsvak vegetasjon som t.d. lauvskog kan trivast.

Berggrunnen er i all hovudsak næringsfattig, med grunnfjell, der gneis er dominerande bergart, men enkelte stader er berggrunnen meir mineralhaldig (t.d. kalk), som t.d. på Blomøy og på One. Desse stadene kan ein finne ein del lausmassar, noko det elles er lite av i kommunen. Nokre stader er det òg marine avsetningar i form av skjelsand som er med på å skape eit næ-

ringsrikt substrat m.a. for karplantar. På dei aller nordlegaste øyane førekjem eruptivbergarten gabbro.

På vestsida har bølgiene nokre stader skapt til dels dramatiske landskap med kløfter, holer, jettegryter og klippeformasjonar, best utvikla vest på Skogsøy (såkalla avrivningskyst/abrasjonskyst)

KLIMA

Plassert ytst på Vestkysten er kommunen prega av eit oseanisk/atlantisk klima, med milde, fuktige vintrar og kjølige somrar. Gjennomsnittstemperaturen i vintermånadene ligg over 0° C, og frost førekjem relativt sjeldan. Dei låge øyane gjev lite vern mot vinden, og Øygarden er overalt svært vindeksponert, med sørlege og vestlege vindar som framherskande haust og vinter og nordlege vindar vår og sommar. Kommunen har som elles i denne delen av landet rikeleg nedbør, men årsnedbøren er klart lågare enn i midtre strok av fylket. Mesteparten av nedbøren fell haust og vinter. Tørraste månadene er april-juni, og einskilde år august-september.

VEGETASJON

Dominerande vegetasjonstype i Øygarden er kystlynghei, som i varierende grad no er prega av attgroing og inngrep. På tørre, varme stader i kystlyngheiområda finn ein innslag av purpurlyng, elles dominerer røsslyng. Mange stader er denne menneskeskapte vegetasjonstypen i ferd med å gro att av tre og andre karplantar som t.d. grasartar. Dette er ein naturleg konsekvens av endra driftsformer: minska beitetrykk og opphøyr av skjøtsel i form av brenning. Mange stader er det òg planta ganske store areal med sitkagran og buskfuru/bergfuru, både i myrlende område og i kystlyngheiområde.

Som elles i landet er større delar av dyrka og beita mark ikkje lenger i aktiv drift, og syner, som lyngheiene, grader av attgroing med tap av vegetasjon og artsinventar som tidlegare har vore oppretthalde av beiting og slått.

Nokre få stader i kommunen, der det er lunt for framherskande vindar og der varmeinnstrålinga er god, finn ein innslag av edellauvskog. Særleg gjeld dette Blomøy, men og i Ovågen og på Nordre Sæle-Hjelme kan ein finne denne vegetasjonstypen. Sjølv om (edel)lauvskog berre utgjer ca. 1% av det totale arealet med skog i kommunen er talet på artar, særleg karplantar, mange gonger høgare i denne naturtypen enn i barskogsområda. Opprinneleg eller gammal barskog er ein sjeldsynt vegetasjonstype i Øygarden. Gammal barskog finn ein best utvikla på Ljøsneset, men det er usikkert om denne er planta eller opprinneleg. Også på Vik og på Søre Sæle finn ein velutvikla eldre furuskog, og her er skogen med sikkerheit planta.

Øygarden har mange vatn. Dei fleste er næringsfattige, men nokre er meir næringsrike, anten gjennom menneskeleg påverknad eller på grunn av marine avsetningar (som t.d. Blomvatn). Dei næringsrike vatna har ofte høg biologisk produksjon og høgt tal på artar og er viktige "hotspots" i biodiversitetssamanhang. Kommunen har mange mindre myrar, dei fleste sure og fattige nedbørsmyrar. Nokre stader finn ein litt større myrområde og område der myrane er meir næringsrike, og med klart større artsmangfald.

Med over 500 øyar og holmar har Øygarden ei lang strandline. Som på land, er det òg i strandsona sparsamt med lausmassar, og det finst få større, samanhengande strender. Typiske havstrandslokalitetar i Øygarden er små vikar utan særleg lausmassar, men der ilanddriven

tang og tare har vore med på å skape eit visst jordsmonn. På stader der ein har avsetningar av lausmassar, gjerne marine i form av skjelsand, kan ein få eit meir samanhengande vegetasjonsbelte med strandenger og strandsumpar.

Som nemnt under landskap og geologi er klippeveggar, kløfter, overheng og sør/vestvende berg markerte innslag i topografien i Øygarden. På desse stadene får ein gjerne ein særeigen og artsrik flora av karplantar med innslag av mange bregneartar og også varmekjære artar typiske for t.d. lauvskog.

NATURTYPAR

GENERELT

Direktoratet for naturforvaltning har plukka ut 56 naturtypar på landsbasis som blir rekna som spesielt viktige for biologisk mangfald og som difor skal kartleggast (DN-handbok 13, 1999). 50 av desse naturtypane finst også i Hordaland. Naturtypane som er valt ut har element av både vegetasjon, zoologi, geologi, kulturpåverknad og landskap og er eit slags felles multiplum for å fange opp alle viktige variasjonar på økosystemnivå. Kriterie som er nytta ved utveljing av naturtypar for kartlegging er:

Førekost av raudlisteartar, artar som på ein eller annan måte er truga, ofte ved at habitat/leveområdet blir øydelagt.

Kontinuitetsområde, område som har hatt stabile økologiske forhold over lang tid, t.d. urskog/gammalskog og gamle, ugjødsla beite- og slåttemarkar.

Særlig artsrike område, område som har eit stort artsmangfald på eit avgrensa areal. Omgrepet "artsrik" er relativt og må sjåast i samband med potensialet i regionen. Rikmyr og fukteng er døme på naturtypar som ofte er artsrike.

Sjeldne naturtypar. Dette gjeld først og fremst naturtypar som er sjeldne på landsbasis. På kommunenivå er det likevel viktig å få registrert naturtypar som er sjeldne lokalt, sjølv om dei kan vere vanlege andre stader. Område med naturskog i Øygarden er eit døme på dette. I andre tilfelle kan ein naturtype som er relativt sjeldan på landsbasis vere nokså utbreidd og vanleg lokalt. I slike tilfelle bør ein skilje ut dei viktigaste områda.

Viktig biologisk funksjon. Dette gjeld ofte område som isolert sett kan virke nokså ordinære, men på grunn av plassering i landskapet har ein nøkkelfunksjon for ein eller fleire artar. Døme på dette er bekkar og kantskog gjennom større, einsarta åkerlandskap som fungerer som refugiar og spreingskorridorar.

Spesielle artar og samfunn. Ein del naturtypar er sterkt prega av spesielle økologiske forhold. Ikkje nødvendigvis artsrike lokalitetar, men området kan innehalde artar som er sterkt spesialiserte. Døme på slike naturtypar er fossesprøytsone, brannfelt og kjelder.

Høg biologisk produksjon. Naturtypar med høg biologisk produksjon som følgje av høg tilførsle og omsetjing av organisk materiale. Sjølv om slike område ikkje treng vere spesielt artsrike, har dei ofte høg tettleik av individ. Flaummarkskogar og sumpskog langs vassdrag, som kan ha svært høge tettleikar av spurvefugl, er eit typisk døme på dette.

Sterk tilbakegang. Endra teknologi og arealbruk har ført til at enkelte naturtypar har blitt sjeldnare. Døme: Beite- og slåttemarkar, skogsbeite, elvedelta og gammalskog/urskog.

Alle lokalitetar med ein bestemt naturtype er ikkje alltid like viktige. Verdisettinga kan variere frå lokalitet til lokalitet, sjølv om vi har med den same naturtypen å gjere. Her bruker ein eit sett kriterie som støtte under verdivurderinga.

| Kriterie for verdisetting: |
|---|
| <ul style="list-style-type: none">• Storleik• Grad av tekniske inngrep• Førekost av raudlisteartar• Kontinuitetspreg• Sjeldne utformingar |

| Skala for verdisetting: |
|-------------------------|
| A: Svært viktig |
| B: Viktig |
| C: Lokalt viktig |

NATURTYPAR I ØYGARDEN

Omlag 50 av dei definerte naturtypane i DN-handboka er representerte i Hordaland. I Øygarden er 25 av naturtypane registrerte, i tillegg er det kartlagt tre naturtypar som ikkje er med i DN-handbok 13, men som er spesielle innan kommunen og som ein difor meiner det er viktig å ha oversikt over og ta særskilt omsyn til. Totalt er 111 lokalitetar kartlagt i Øygarden kommune. Korleis desse fordeler seg på dei ulike naturtypane er vist i Tabell 2 og den geografiske fordelinga er vist i Kart 2a og 2b. Kvar einskild lokalitet er gitt ein omtale på eigne faktaark bak i rapporten.

Tabell 2. Antal registrerte lokalitetar i Øygarden kommune fordelt på naturtype og verdi.

| Hovudtype (tal lokalitetar) | Undertype | Kode | Verdi | | | Tal |
|---------------------------------|------------------------------------|------|-------|-----------|-----------|-----------|
| | | | A | B | C | |
| Myr (6) | Intakt lavlandsmyr | A01 | 2 | - | 3 | 5 |
| | Intakt høgmyr | A02 | 1 | - | - | 1 |
| Rasmark, berg og kantkratt (20) | Sørvendt berg og rasmark | B01 | 8 | 6 | 2 | 16 |
| | Kantkratt | B02 | - | 1 | - | 1 |
| | Nordvendt berg* | H00 | 1 | 2 | - | 3 |
| Kulturlandskap (22) | Slåtteenger | D01 | - | 1 | 4 | 5 |
| | Artsrike veikantar | D03 | - | 1 | 2 | 3 |
| | Naturbeitemark | D04 | - | 3 | - | 3 |
| | Kystlynghei | D07 | 2 | 2 | - | 4 |
| | Kalkrike enger | D08 | 1 | - | - | 1 |
| | Fuktenger | D09 | - | 1 | - | 1 |
| | Skrotemark | D15 | - | 1 | 4 | 5 |
| Ferskvatn/våtmark (12) | Viktige bekkedrag | E06 | - | - | 1 | 1 |
| | Rike kulturlandskapssjøar | E08 | 3 | 5 | 1 | 9 |
| | Dammar | E09 | 1 | - | - | 1 |
| | Naturlig fisketomme innsjøar/tjern | E10 | - | - | 1 | 1 |
| Skog (11) | Rik edellauvskog | F01 | - | 5 | 3 | 8 |
| | Kystfuruskog | F12 | - | 2 | 1 | 3 |
| Havstrand/kyst (40) | Grunne straumar | G01 | - | - | 2 | 2 |
| | Undervasseng | G02 | 1 | - | - | 1 |
| | Sandstrender | G04 | 1 | 5 | 8 | 14 |
| | Strandeng og strandsump | G05 | 1 | 8 | 8 | 17 |
| | Tangvollar | G06 | - | 1 | - | 1 |
| | Brakkvasspollar | G08 | 2 | - | - | 2 |
| | Kalkrike strandberg | G09 | - | - | 1 | 1 |
| | Avrivningskyst (abrasjonskyst)* | H00 | - | - | 1 | 1 |
| | Fuglegjødsla kystberg* | H00 | - | - | 1 | 1 |
| | Totalt | | | 24 | 34 | 43 |

* Ikkje omhandla i DN-handbok-13.

Myr (A)

Myr er økosystem med høg grunnvasstand, der nedbrytinga av dødt organisk materiale går så seint at det skjer ei opphoping av delvis omdanna materiale, torv. Det finst fleire måtar å klasifisere myr på; m.a. etter korleis dei har blitt danna, hydrologi, utforming og vegetasjon (Fremstad 1997, Moen 1998, DN 1999). Mange artar er direkte knytt til myr som voksestad eller leveområde, og myrane har dessutan ein viktig funksjon som vassmagasin og naturlege reinseanlegg.

Øygarden har mange myrområde, dei fleste er mindre fattigmyrar: Jordvassmyrar og nedbørsmyrar med surt jordsmonn og lågt tal på artar, med ei ganske karakteristisk artssamansetting. Typisk er gjerne torvull, duskull, starrartar som stjernestarr og kornstarr, bjønnskjegg og rundsoldogg. På litt tørrare myrar veks gjerne røsslyng og poselyng. Myrane finn ein ofte i våtare parti i lyngheilandskapet og i småtjorn som har grodd att. Mindre myrområde er ikkje kartlagte, dessutan vil ein finne typane representerte innanfor t.d. lyngheilokalitetane.

Nokre stader i kommunen finn ein større myrområde, og einskilde område har noko rikare botn, t.d. grunna tilsig frå kulturmark eller kalkhaldig berg, med overgang mot såkalla intermediærmyr. Her finn ein straks rikare artssamansetting med mange fleire artar enn på fattigmyrane. Større myrområde (over 50 dekar) er sjeldsynte i vår vegetasjonssone (boreonemoral sone), og vert vurderte som svært viktige. I kartlegginga i Øygarden er det tatt med representantar for dei større myrområda og dei noko rikare myrane i kommunen.



Foto 1. Myrane i Øygarden finn ein ofte i søkk i terrenget, og dei fleste har fattig utforming. Myra ved Sekkena på Blomøy (lok. 59), ei av dei største og mest artsrike i Øygarden.

Rasmark, berg og kantkratt (B)

Denne naturtypen omfattar vegetasjon på grunnlendt eller ustabil, tørr mark og finst i overgangen mellom skog og open mark, på bergknausar, på tørre, steinete bakkar, skrentar og strandberg. Naturtypen dekkjer typisk nokså små areal, men kan likevel vere voksestad for ei rekkje interessante og sjeldne artar som er bundne til tørre, lysopne stader.

Den spesielle topografien i Øygarden, med jamn stigande skråning frå aust til vest, avbrotne av bratte skrentar i vest og sørvest, skapar talrike, bratte berg med sær eigen flora. Sørvende (sørvestvende) berg, eventuelt med ur, vil vere varme, solrike lokalitetar med ei rekkje varmekjære artar, gjerne artar som ofte er representerte i edellauvskog. Nokre få stader finn ein berg og rasmark der det er sigevatn som inneheld kalk. Her kan ein treffe på lokalt- og regionalt sjeldsynte



Foto 2. Den sjeldne bregna hjortetunge *Asplenium scolopendrium* er funne på tre lokalitetar i Øygarden. Den lysskye planten finn seg til rette i skjerna bergsprekker med lite solinnstråling, der den slepp unna konkurranse frå andre planteartar.



Foto 3. Nakne kystberg er ikkje ein naturtype som *skal* kartleggast, men på nokre få slike stader, under overheng og i bergsprekker vekst den sjeldne bregna havburkne *Asplenium marinum*.

artar som t.d. vårmarihand, maurarve, murburkne, loppestarr og hjortetunge. På vestsida av Øygarden finn ein mange stader sprekkdanningar i berggrunnen. Særleg vest- og sørvende horisontale sprekker utsett for salt-drev er veksestad for den sjeldsynte bregna havburkne.

Ein særskilt naturtype i Øygarden som ikkje er omtala i DN-handboka er nordvendte kystberg. Fuktige, lite lyseksonerte kløfter i nordvendte berg er typisk veksestad for hinnebregne, som er klassifisert som sårbar (V) på raudlista. Øygarden, til liks med fleire andre kystkommunar i Hordaland, har fleire førekomstar av denne arten. Nordvendte kystberg er veksestad for mange bregneartar og Øygarden har nær innpå halvparten av alle bregneartar i landet innanfor kommunegrensa si. Dei to mest spesielle er nok hjortetunge og havburkne som begge er oppførte som sjeldne (R) på den norske raudlista. Begge veks gjerne under overheng i horisontale bergsprekker, der lite sollys kjem til. Havburkna veks i tillegg ofte slik at ho er eksponert for sjøsprøyt.

Kulturlandskap (D)

Kulturlandskap er landskap påverka av mennesket. Det meste av naturen omkring oss er på ein eller annan måte påverka av menneske, men i denne samanheng brukar ein omgrepet på naturtypar der menneska har hatt, og har, ei avgjerande betydning for utforminga av vegetasjon og artsutval. Slike naturtypar finn vi først og fremst i jordbrukslandskapet. Gjennom ulike bruk over lang tid, har det blitt skapt mange ulike leveområde for plantar og dyr. Områda som er plukka ut for denne kartlegginga er naturtypar med spesiell betydning for biologisk mangfald, både ved høg artsrikdom og spesielle artar, og som samstundes er i tilbakegang.



Foto 4. Sjølv om røsslyngen dei fleste stader er den dominerande arten i lyngheia, finn ein enkelte stader bra med *purpurlyng*. Denne arten har ei sterkt vestleg utbreiing og er knytt til område der middeltemperaturen for januar er høgare enn 1° C.

I arbeidet med kartlegging av naturtypar i Øygarden er det kartlagt åtte undertypar av kulturlandskap. Den typen som utgjer størst areal, og som har det største arealet av alle vegetasjonstypar i kommunen, er kystlynghei. Kystlynghei er danna ved husdyrbeiting og regelmessig brenning. Berre nokre få lyngheiområde i kommunen vert framleis halde i hevd på den gamle måten, og områda er i ferd med å gro til att med skog. I europeisk samanheng har naturtypen etter kvart blitt sjeldsynt, særleg gjeld dette utformingar med tydelege innslag av purpurlyng. Situasjonen med attgroing gjer seg òg gjeldande for naturtypane naturbeitemark og slåtteeng. I tidlegare tider, med ljåslått og utan bruk av kunstgjødse, var slåtteengane artsrike med førekomst av kjende og kjære blomstrandende urter som i dag har vorte sjeldsynte. Eldre folk kan stadfeste at artar dei hugsar frå tidlegare har vorte mykje sjeldnare eller har forsvunne. Det same er situasjonen for beitemarker. Redusert beitetrykk gjev innpass for tre, buskar og meir konkurransesterke artar som fortrengr artar som før var vanlege.

Sør for Hordaland Skjelsandtørkeri finn vi ei kalkrik eng som inneheld artar som som føretrekker kalk/baserik grunn, som t.d. orkidear. Det mest spesielle med lokaliteten er kanskje måten grunnen har blitt baserik på, nemlig ved spreining av kalkstøv frå skjelsandtørkeriet.

Ferskvatn/Våtmark (E)

Denne hovudnaturtypen omfattar område med ope ferskvatn som elvar, bekkar, større og mindre innsjøar og innsjøområde. Mange artar er direkte knytte til vatn og vassdrag. Både i større, samanhengande skogområde og i intensivt drivne jordbruksområde er ferskvasslokaltetar ofte artsrike oasar og viktige spreingskorridorar. Ferskvasslokaltetar har i stor grad blitt utsette for ulike inngrep. Viktige trugsmål er m.a. drenering, attfylling, bekkelukking og bekketretting og forureining.



Foto 5. Sur berggrunn gjer at dei fleste vatna i Øygarden er næringsfattige, men nokre er meir næringsrike grunna tilsig frå landbruk og kloakk. Her er sverdliljer i bløming i Kvernevatnet ved Torsvik.

I Øygarden er følgjande undertypar påviste og kartlagte: Viktige bekkedrag, rike kulturlandskapsjøar, dammar og naturleg fisketomme innsjøar og tjørn. Bekkar er som ein kan vente, sjeldsynte, og berre ein velutvikla lokalitet med eit relativt rikt og variert artsinventar er påvist i kommunen. Dei fleste vatna er anten nærings- og artsfattige vatn på hard fjellgrunn, som eignar seg godt som overflatevasskjelder (eit slikt er teke med i naturtypekartlegginga som typeindikator), eller myrvatn med høgt humusinnhald og relativt låg pH. I kartlegginga er det imidlertid funne overraskande mange rike, kulturpåverka vatn med nokså høgt innhald av næringssalt (mesotrofe til eutrofe vatn), høg biomasseproduksjon og rikt artsmangfald. Desse er lokalitetane er viktige, ikkje berre for karplantar, men og for insekt, fisk og fugl. Særleg rike kulturlandskapsjøar med gode førekomster av det høgvakne graset takrøyr kan vere viktige fuglebiotopar.

Skog (F)

Etter fjell er skog den vanlegaste naturtypen i Noreg. Ca. 37% av landarealet er skogdekt. Av det totale skogarealet på landsbasis er ca. 55% barskog og 45% lauvskog (berre 1% er edellauvskog). Skog finst i svært mange utformingar alt etter klima, jordsmonn og topografi og danner dermed svært mange ulike leveområde med anslagsvis 22 000 artar i Noreg. Over halvparten av alle landlevande dyr som er registrerte her i landet er tilknytt skog. Også svært mange raudlisteartar er knytt til dette økosystemet, flest innan gruppene insekt og sopp (høvesvis 44% og 41% av raudlisteartane).

I fugleperspektiv vil ein sjå at det er ein del skog i Øygarden (Kart 1). Det aller meste av dette er imidlertid planta skog av sitkagran og busk-/bergfuru. Dei fleste skogplantasjane er unge og inneheld delvis artar frå den opprinnelege naturtypen (som regel lynghei og myr) og delvis pionerartar typiske for barskog. Særleg sitkagranområda er svært artsfattige.



Foto 6. På lune stader, som her på Selstø (lok. 47), finst parti med varmekjær lauvskog med eik, hegg og hassel.

Berre ein liten del av det totale skogarealet i Øygarden er opprinneleg skog, slik som edellauvskog og annan lauvskog. Edellauvskog, som ofte har eit svært høgt tal på artar samanlikna med andre typar skog, er såleis ein sjeldsynt naturtype i kommunen. Naturtypen finn ein på topografisk gunstige stader, som t.d. aust-vest gåande dalsøkk, gjerne der jordsmonnet er litt rikt. Lokalitetane er små av utstrekning og er vel eigentleg å rekne som restførekomster frå tidlegare tider, då områda med edellauvskog truleg var større og meir samanhangande. Truleg har nokre av dei beste jordbruksområda i kommunen tidlegare vore tresett med edellauvskog.

Ein annan viktig undertype skog er kystfuruskog, særleg område med innslag av purpurlyng. Også denne skogen er planta, men for rundt 100 år sidan, og kan no vise til storvaksne tre (vanleg furu *Pinus sylvestris*). Kystfuruskog finn ein på Vik, på Søre Sæle og til dels i Nautnesskogen på Seløy.

Ein sjeldsynt skogstype i Øygarden så vel som i landet elles er gammalskog, som ein kan finne element av i skogen på Ljøsneset. Denne naturtypen inneheld store, gamle både levande, døyande og døde tre i alle grader av nedbrytning. Naturtypen er artsrik og viktig for fuglar, insekt, lav, mosar og sopp.

Havstrand/Kyst (G)

Havstrand/kyst omfattar naturtypar som er knytt til saltvatn eller saltvasspåverka miljø og omfattar òg nokre område under vatn i svært grunne område (grunne straumar, undervasseng, brakkvasspollar og brakkvassdelta). Områda mellom land og hav byr på spesielle livsvilkår og inneheld fleire naturtypar og artar som er sjeldne. Eit stort press på strandområda mange stader, gjer det viktig å få kartlagt dei viktigaste områda slik at ein i størst mogleg grad kan unngå inngrep her.

Øygarden består av meir enn 500 større og mindre øyar og holmar og har ei samla kystline på mellom 200 og 300 km. Kommunen har lite lausmassar, slik at større, samanhangande strender ikkje finst. Det meste av strandlina i Øygarden består difor av strandberg, som har temmeleg einsarta vegetasjon. Innimellom finn ein vikar av rullestein eller finare lausmateriale av glasi- alt/glasifluvialt eller marint opphav. Her finn ein mindre strender, av og til med strandenger eller strandsumpar i bakkant. Nokre av desse lokalitetane har ei utforming og lokalgeografisk plassering som gjer at dei tek i mot mykje rekande materiale, som rekved, tang og tare og flytande plantefrø. Dette er lokalitetar som straks vert meir artsrike, og mange stader kan ein finne artar som er regionalt og nasjonalt sjeldsynte. Andre spesielle naturtypar på havstrand er tangvollar og brakkvasspollar, som kan ha ein særeigen flora av karplantar. Det er òg kartlagt ei undervasseng og to grunne straumar, som er høgproduktive biotopar og viktige m.a. for sjøfugl.

Med så lang samla strandline som Øygarden har, vil det naturleg nok finnast mange havstrandlokalitetar. Dei viktigaste av desse, men på langt nær alle, er kartlagte og verdisette. Talet på kartlagte lokalitetar er høgt (38), og kunne nok vore lågare om ein slo saman lokalitetar til færre og større område.

Som kystkommune med mange spesielle førekomstar både når det gjeld undertypar og ein-skildartar knytt til havstrand/kyst, bør kommunen ha eit særskilt ansvar for å ta vare på gode lokalitetar av denne hovudnaturtypen. Strandsona er under eit betydeleg press frå ulike utbyggingsinteresser og friluftsiinteresser.



Foto 7. Strandkål er funne berre ein stad i Øygarden, i Grunnevik på Blomøyneset (lok. 42). Det er truleg frø transporterte sjøvegen som er opphav til etablering av denne arten i Øygarden.

Andre viktige førekomstar

To andre naturtypar er kartlagte i Øygarden; avrivningskyst (abrasjonskyst) og fuglegjødsla kystberg. Ingen av desse er med i oversikta i DN-handbok 13 over naturtypar som skal kartleggast. Bakgrunnen for at dei likevel er tatt med i denne kartlegginga er at naturtypane er relativt sjeldne og har rik eller særmerkt vegetasjon.

Avrivningskyst/abrasjonskyst: Denne landskapstypen finn ein gjerne der storhavet møter land med bratt stigning. Havet vil her gjennom tusenåra undergrave fjellet, som vert brote av blokkvis. Ein får her eit spesielt og dramatisk landskap med klippeveggar, terrassar, kløfter, holer og overheng. Landskapstypen er velutvikla ytst på Skogsøy, der høgdegradienten frå havnivå raskt stig til nesten 50 m.o.h. på Skogstuva. Naturtypen er viktigast som landskapstype, men har og kvalitetar når det gjeld plantar og dyr (sjå faktaark lok. 70).

Fuglegjødsla berg: På lokalitetar der store mengder sjøfugl har halde til over lang tid får ein eit spesiell vegetasjon av nitrofile (nitrogenelskande) planteartar, som på grunn av den uavgrensa tilgangen på gjødsel blir spesielt storvaksne og frodige. Høgenøvlingen vest for Helleøy er teken med som typerepresentant for denne naturtypen, som ikkje er vanleg i kommunen (sjå faktaark lok. 100).

RAUDLISTEARTAR

GENERELT

Raudlisteartar har ein sentral plass i kartlegginga av biologisk mangfald. Både som kriterie for verdisetjing av naturtypeområde og som kartleggingsobjekt.

Ei raudliste er ei oversikt over artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang. Mange av desse artane er sterkt spesialiserte artar med avgrensa utbreiing og små leveområde. Andre er arealkrevjande artar som er i tilbakegang grunna fragmentering av leveområda. Mange artar på raudlista er naturleg sjeldne og krev av den grunn spesielle omsyn. Ein del av artane "nedst" på lista (DC og DM) er plasserte der mest av "føre var" grunnar fordi vi har liten kunnskap om dei. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar.

IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har no gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning. Dei siste åra har også enkelte Fylkesmenn utgitt fylkesvise (regionale) raudlister. Meininga med regionale raudlister er å rette auka fokus på artar som er trua regionalt og lokalt og som kanskje ikkje blir fanga opp i nasjonal samanheng. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar.

Raudlistene må reviderast relativt ofte etterkvart som kunnskapen om artane aukar (situasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt). Mange av artane i dei to siste kategoriane i raudlista, DC og DM, særleg innan gruppene sopp, lav og mosar, er plasserte der fordi vi veit for lite om dei. Nokre av desse vil kanskje bli tekne ut av raudlista når kunnskapen om dei har blitt betre. På den andre side kan nye artar kome til som følgje av ny kunnskap.

Raudlista denne rapporten byggjer på er *Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998* (DN 1999). Dei ulike kategoriane i denne raudlista er definerte under.

Utrydda - Ex (*Extinct*)

Artar som har forsvunne som reproduserande i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 åra. "Ex?" angir artar som har forsvunne for mindre enn 50 år sidan.

Direkte trua - E (*Endangered*)

Artar som står i fare for forsvinne i nær framtid dersom dei negative faktorane heldt fram å virke.

Sårbar - V (*Vulnerable*)

Artar med sterk tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte trua dersom dei negative faktorane heldt fram å virke.

Sjeldan - R (*Rare*)

Artar som ikkje er direkte trua eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

Omsynskrevjande - DC (*Declining, care demanding*)

Artar som ikkje tilhøyrrer føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

Bør overvakast - DM (*Declining, monitor species*)

Artar som har gått tilbake, men som ikkje vert rekna som trua. For desse er det grunn til å halde eit auge med bestandssituasjonen.

Ansvarsartar

Ei raudliste inneheld òg ei oversikt over såkalla ansvarsartar. Dette gjeld artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi ein har store delar av totalbestanden innan sine landegrenser.

RAUDLISTEARTAR I ØYGARDEN

Øygarden har dei siste 15 åra vore gjenstand for ei grundig kartlegging av einskildartar når det gjeld karplantar. Kartlegginga er for det meste utført av lokale hobbybotanikarar. Heile 518 artar og underartar er funne i kommunen (Vedlegg 1); eit oppsiktsvekkende høgt tal i høve til kommunen sin storleik, geologi, topografi og klima. Ti raudlisteartar er funne (Tabell 3), fire av desse er knytte til naturtypen rasmark/berg, tre til skog/kulturlandskap, ein til ferskvatn og to til havstrand. Raudlisteartane er funne på ei rekkje lokalitetar. Alle funna er kartfesta med stor geografisk presisjon og digitaliserte.

Av lav er påvist 47 artar, ein av desse er raudlista (Tor Tønberg, Botanisk Institutt UiB; personleg meddeling). Ved Universitetet i Bergen, Botanisk Institutt, får ein opplyst at ein ikkje kjenner til at det er føreteke systematisk registrering av mosar og sopp i Øygarden.

Tabell 3. Funn av raudlisteartar og ansvarsartar* av sopp, lav, mosar og karplantar i Øygarden. Kjelder: Eigne funn, Norsk Lavdatabase, Norsk Soppdatabase, Frisvoll og Blom (1997).

| Artsgruppe | Norsk navn | Vitskapeleg navn | Habitat | Raudlistestatus |
|------------|--------------|-------------------------------------|------------------|-----------------|
| Karplantar | Hinnebregne | <i>Hymenophyllum wilsonii</i> | Skuggefulle berg | V |
| | Havburkne | <i>Asplenium marinum</i> | Kystberg | R |
| | Hjortetunge | <i>Asplenium scolopendrium</i> | Bergveggar | R |
| | Sølvasal | <i>Sorbus aria</i> | Skog | R |
| | Pusleblom | <i>Anagallis minima</i> | Strandeng | DC |
| | Skaftvejblom | <i>Elatine hexandra</i> | Mudderbankar | DC |
| | Rognasal | <i>Sorbus hybrida</i> | Skog | Ansvarsart A |
| | Norsk asal | <i>Sorbus norvegica</i> | Skog | Ansvarsart A |
| | Bergasal | <i>Sorbus rupicola</i> | Skog | Ansvarsart A |
| | Ishavsreddik | <i>Cakile maritima ssp. arctica</i> | Havstrand | Ansvarsart B |
| Mosar | Ingen funn | | | |
| Sopp | Ingen funn | | | |
| Lav | Kystkorallav | <i>Bunodophoron melanocarpum</i> | Berg/Skog | DC |

* Ansvarsartar: A = Endemiske artar, B = Noreg har hovudførekomst i Europa.

Tabell 4. Lokalt/regionalt sjeldsynte (men ikkje raudlista) karplantar i Øygarden av særleg interesse.

| Art | Vitskapeleg navn | Habitat | Kommentar |
|-------------|-------------------------------|-------------|--|
| Bakkesøte | <i>Gentianella campestris</i> | Beitemark | Svært sjeldsynt i låglandet i Hordaland (berre på Bømlo av låglandslokalitetar) |
| Bergflette | <i>Hedera helix</i> | Berg | Er saman med eit eksemplar på Herdla kanskje verdas nordlegaste viltveksande individ |
| Breiflangre | <i>Epipactis helleborine</i> | Kalkrik eng | Uventa å finne i Øygarden. Vanleg habitat er skog med noko kalk/baserik grunn |
| Engnellik | <i>Dianthus deltoides</i> | Slåtteeng | Søraustleg art i Noreg. Forvilla? Opprinneleg? |
| Korsknapp | <i>Glechoma hederacea</i> | Vegkant | Austleg art i Norge. Forvilla? Opprinneleg? |

Tabell 4. Forts.

| Art | Vitskapeleg navn | Habitat | Kommentar |
|---------------|----------------------------|--------------------------|---|
| Marinøkkel | <i>Botrychium lunaria</i> | Beitemark | Knytt til baserike beitemarker. Ganske uvanleg i Hordaland. I tilbakegang. |
| Mørkkongsllys | <i>Verbascum nigrum</i> | Skrotemark | Austleg vegkantsart i Noreg. Finst elles i Hordaland i indre fjordstrok ut til Osterøy. |
| Sanikel | <i>Sanicula europeae</i> | Kantkratt/berg | Kalkkrevjande, knytt til edellauvskog. Uventa å finne i Øygarden. Sjeldsynt i Nordhordland. |
| Slyngsøtvier | <i>Solanum dulcamara</i> | Vegkant | Ganske sjeldsynt regionalt |
| Storblåfjør | <i>Polygala vulgaris</i> | Vegkant/kantkratt | Finst mest i slåtteeeng, noko baserikt. I tilbakegang. |
| Strandarve | <i>Hockenya peploides</i> | Grusstrand | Berre fåtal lokalitetar i Hordaland |
| Strandkål | <i>Crambe maritima</i> | Strandeng | Sjeldsynt på Vestlandet; søraustleg/sørleg art. Tydeleg i spreining. |
| Strandmelde | <i>Atriplex littoralis</i> | Rullesteinsstrand | Svært få andre lokalitetar i Hordaland |
| Strandskolm | <i>Lathyrus japonicus</i> | Rullesteinsstrand | Sjeldsynt på Vestlandet |
| Tunbendel | <i>Spergularia rubra</i> | Skrotemark, olivin-grus? | Søraustleg art i Noreg. Svært spreidde førekomstar på Vestlandet. |
| Ullborre | <i>Arctium tomentosum</i> | Skrote-mark/vegkant | Ikkje vanleg kulturlandskapsart. Mogeleg utgått etter arealinngrep 2002. |
| Villin | <i>Linum catharticum</i> | Vegkantar | Slåtteeeng/beitemarksart som er strikt knytt til kalk. Ikkje vanleg, i tilbakegang. |
| Vårmarihand | <i>Orchis mascula</i> | Lauvskog | Lokalt, ikkje regionalt; sjeldsynt. Øygardslokaliteten vestleg marginal. |
| Østersurt | <i>Mertensia maritima</i> | Grusstrender | Regionalt sjeldsynt. Tydeleg tilbakegang i heile Sør-Noreg |

LITTERATUR

REFERANSAR

- Direktoratet for Naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. - DN-håndbok 11. 112 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. - DN-rapport 1999-3. 162 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. - DN-håndbok 13-1999.
- Direktoratet for Naturforvaltning 2000. Veileder for kartproduksjon – tema biologisk mangfold. - DN-notat 2000-5.
- Frisvoll, A.A. og Blom, H.H. 1997. Trua mosar i Noreg med Svalbard. Førebels faktaark. - Botanisk notat 1997-3, NTNU. 170 s.
- Guntveit, S. 1999. Nye Forekomster av hjortetunge *Asplenium scolopendrium* og havburkne *Asplenium marinum* i Øygarden og Fjell kommuner. - Blyttia, Norsk Botanisk Forenings Tidsskrift 2/1999.
- Håland, A. og Stellberg, J. 1997. Økologisk viktige områder i Øygarden kommune. Fase II. Arbeidsrapport for 1997. - NNI-Rapport nr. 15. 32 s.
- Lid, J. 1994. Norsk Flora. Det Norske Samlaget. 1012 s.
- Losvik, M. 1977. Forundersøkelse for registrering av verneverdige områder i Øygarden kommune, Hordaland. - Botanisk Museum Rapport 3. Universitetet i Bergen 1977. 24s.
- Lundberg, A. 1989. Havstrand i Hordaland - flora og vegetasjon. - DN-rapport nr. 9-1989. 286 s.
- Lundberg A. 1992. Havstrand i Hordaland – regionale trekk og verneverdiar. - DN-rapport 1992-2. 181 s.

SENTRALE DOKUMENT I MILJØVERNPOLITIKKEN

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til biologisk mangfold. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse.

- St. melding nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfold
- St. melding nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- Miljøverndepartementet sitt rundskriv til kommunane (T-937) ”Tenke globalt - handle lokalt”
- St. melding nr.58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. melding nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. melding nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning


Kart og faktaark


Kart 1. Skog og jordbruksareal

- Jordbruksareal
- Barskog
- Lauvskog
- Myr



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), NIJOS/Geovekst (DMK)






Kart 2b. Øygarden nord
Viktige naturtypar

- A - Svært viktig
- B - Viktig
- C - Lokalt viktig



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøromavd.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50)



Tabell 5. Oversikt over kartlagte lokaliteter i Øygarden.

| Lok. nr. | Navn | Naturtype | Areal (da) | Verdi |
|----------|---------------------------------|---------------------------------|------------|-------|
| 8 | Ingjerdalen/Stegeviksvatnet | Slåtteenger (D01) | 4,1 | B |
| 9 | Søgardsvatnet | Rike kulturlandskapssjøar (E08) | 14,2 | B |
| 10 | Vik nord | Naturbeitemark (D04) | 12,3 | B |
| 11 | Syrtangen - Grønholmen | Sand/grus/steinstrender (G04) | 4,7 | B |
| 12 | Vikaskogen | Kystfuruskog (F12) | 46,1 | B |
| 13 | Sørberg - Vikavågen aust | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 1,9 | C |
| 14 | Vik sør | Slåtteenger (D01) | 2,6 | C |
| 15 | Balsvågen - Bernvika | Sand/grus/steinstrender (G04) | 6,7 | B |
| 16 | Toptestallen | Strandeng og strandsump (G05) | 0,6 | C |
| 17 | Ostrhopen | Grunne straumar (G01) | 42,1 | C |
| 18 | Stegevikåsen | Kystlynghei (D07) | 242,3 | A |
| 19 | Lislaskora | Sand/grus/steinstrender (G04) | 1,5 | B |
| 20 | Troviki; Toftøy | Sand/grus/steinstrender (G04) | 1,4 | C |
| 21 | Norlavatnet | Rike kulturlandskapssjøar (E08) | 48,1 | C |
| 22 | Toft - Toftøy skule | Artsrike vegkantar (D03) | 0,4 | C |
| 23 | Bjørnøyne | Strandeng og strandsump (G05) | 4,8 | C |
| 24 | Kvernevatnet, Torsvik | Rike kulturlandskapssjøar (E08) | 21,8 | B |
| 25 | Ostrhopen-Gardsnesviki-Kyllaren | Sand/grus/steinstrender (G04) | 220,3 | A |
| 26 | Store Helleskjeret | Kalkrike strandberg (G09) | 17,7 | C |
| 27 | Ormhilleren | Sand/grus/steinstrender (G04) | 7,4 | B |
| 28 | Børsholmen | Strandeng og strandsump (G05) | 4,5 | B |
| 29 | Børsholmen/Ono/Frøo | Grunne straumar (G01) | 7,6 | C |
| 30 | Vågsnovi | Kalkrike enger (D08) | 13,6 | B |
| 31 | Rongaloptet | Kystlynghei (D07) | 37,9 | B |
| 32 | Frøkeila | Strandeng og strandsump (G05) | 1,2 | C |
| 33 | Kjøpmannsvågen | Skrotemark (D15) | 1,3 | C |
| 34 | Breivikmarka | Intakt lavlandsmyr (A01) | 31,5 | A |
| 35 | Breiviki | Strandeng og strandsump (G05) | 8,7 | B |
| 36 | Grønhellaren | Skrotemark (D15) | 2,4 | C |
| 37 | Stekkane | Strandeng og strandsump (G05) | 8,2 | B |
| 38 | Lonane | Intakt høgmyr (A02) | 64,8 | A |
| 39 | Breiviktjødna | Dammar (E09) | 7,1 | B |
| 40 | Storaviki | Sand/grus/steinstrender (G04) | 0,9 | C |
| 41 | Nesulløyni | Sand/grus/steinstrender (G04) | 1,3 | C |
| 42 | Grunneviki | Strandeng og strandsump (G05) | 2,3 | A |
| 43 | Ulvsundet bru | Skrotemark (D15) | 0,9 | C |
| 44 | Gangstøskogen | Kystfuruskog (F12) | 50,6 | B |
| 45 | Blomgangstø | Rik edellauvskog (F01) | 13,5 | C |
| 46 | Blomeskogen | Rik edellauvskog (F01) | 16,0 | C |
| 47 | Selstødalen | Rik edellauvskog (F01) | 7,3 | B |
| 48 | Blomvatn | Rike kulturlandskapssjøar (E08) | 4,1 | B |
| 49 | Blomvatn/Selstø | Viktige bekkedrag (E06) | 2,6 | C |
| 50 | Blomvatn sør | Artsrike vegkantar (D03) | 3,4 | B |
| 51 | Djuvviki | Sand/grus/steinstrender (G04) | 0,4 | B |
| 52 | Stølemyri | Strandeng og strandsump (G05) | 114,9 | B |
| 53 | Nautøyni | Sand/grus/steinstrender (G04) | 6,5 | C |
| 54 | Køse, Selstøtona | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 1,1 | B |
| 55 | Selstø nord | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 4,9 | B |
| 56 | Løktona | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 0,5 | C |
| 57 | Botn/Bredna | Rik edellauvskog (F01) | 20,9 | B |
| 58 | Sekkena | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 2,8 | B |
| 59 | Sekkena | Intakt lavlandsmyr (A01) | 29,0 | A |
| 60 | Blomøyknuten/Gjenekletten | Kystlynghei (D07) | 82,7 | B |
| 61 | Dalsvågen | Rik edellauvskog (F01) | 4,9 | C |
| 62 | Dale | Artsrike vegkantar (D03) | 2,6 | C |
| 63 | Ljøneset | Kystfuruskog (F12) | 65,3 | C |
| 64 | Midtre Kollsøyvågen | Strandeng og strandsump (G05) | 1,0 | B |

Tabell 5. forts.

| Lok. nr. | Navn | Naturtype | Areal (da) | Verdi |
|----------|----------------------------------|--|------------|-------|
| 65 | Kollsøy nord | Sand/grus/steinstrender (G04) | 0,8 | C |
| 66 | Indre Kollsøyvågen | Strandeng og strandsump (G05) | 2,3 | C |
| 67 | Dalsmarka | Kystlynghei (D07) | 768,5 | A |
| 68 | Hellevatnet | Naturlig fisketomme innsjøar/tjern (E10) | 44,1 | C |
| 69 | Rossnesura | Slåtteenger (D01) | 10,4 | C |
| 70 | Skogsøy vest | Avrivningskyst (abrasjonskyst) (H00) | 126,2 | C |
| 71 | Pollane; Skogsøy | Undervasseng (G02) | 181,9 | A |
| 72 | Pollane; Skogsøy | Strandeng og strandsump (G05) | 157,6 | B |
| 73 | Husberget; Skogsøy | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 1,3 | A |
| 74 | Kvernepollen (austre vegg) | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 8,9 | B |
| 75 | Kvernepollen nord | Strandeng og strandsump (G05) | 9,4 | C |
| 76 | Hildalsvatnet | Rike kulturlandskapssjøar (E08) | 22,4 | B |
| 77 | Gulltona | Naturbeitemark (D04) | 8,4 | B |
| 78 | Ovågen | Rik edellauvskog (F01) | 9,4 | B |
| 79 | Krossnesbukti/Geitneset | Kantkratt (B02) | 1,8 | B |
| 80 | Krossnesbukti | Intakt lavlandsmyr (A01) | 3,6 | C |
| 81 | Rossøy | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 3,7 | A |
| 82 | Rossøy | Tangvollar (G06) | 7,0 | B |
| 83 | Smågardsvatnet | Brakkvasspollar (G08) | 47,5 | A |
| 84 | Eide | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 4,5 | B |
| 85 | Husvatnet | Rike kulturlandskapssjøar (E08) | 50,8 | A |
| 86 | Tjeldstø | Slåtteenger (D01) | 6,5 | C |
| 87 | Tjeldstømarka | Rike kulturlandskapssjøar (E08) | 215,7 | B |
| 88 | Alvheimsvatnet | Rike kulturlandskapssjøar (E08) | 77,1 | A |
| 89 | Nordre Hjartøyvågen | Brakkvasspollar (G08) | 8,1 | A |
| 90 | Barbustekkmýra | Intakt lavlandsmyr (A01) | 24,2 | C |
| 91 | Dalsvatnet | Rike kulturlandskapssjøar (E08) | 37,0 | A |
| 92 | Sydnestangen | Strandeng og strandsump (G05) | 1,3 | C |
| 93 | Vestre Sturevågen | Naturbeitemark (D04) | 7,9 | B |
| 94 | Kattetjødna | Intakt lavlandsmyr (A01) | 9,8 | C |
| 95 | Smalehusbrekka | Slåtteenger (D01) | 7,9 | C |
| 96 | Nordra Kvalviki | Sand/grus/steinstrender (G04) | 11,6 | C |
| 97 | Bjønnbæret | Rik edellauvskog (F01) | 7,9 | B |
| 98 | Haneviki | Skrotemark (D15) | 12,9 | B |
| 99 | Søre Selsvågen | Strandeng og strandsump (G05) | 1,9 | C |
| 100 | Høgenøvlingen og Bleikenøvlingen | Fuglegjødsla kystberg (H00) | 15,7 | C |
| 101 | Hjelme | Rik edellauvskog (F01) | 32,4 | B |
| 102 | Hjelme | Fuktenger (D09) | 6,3 | B |
| 103 | Grunnevågen | Strandeng og strandsump (G05) | 5,7 | C |
| 104 | Nordre Vaulen | Strandeng og strandsump (G05) | 18,2 | B |
| 105 | Sandvågneset/Søraviki | Sand/grus/steinstrender (G04) | 18,9 | C |
| 106 | Lyngøyini sør | Strandeng og strandsump (G05) | 1,9 | B |
| 107 | Rotøyini | Sand/grus/steinstrender (G04) | 43,9 | C |
| 108 | Storskora sør | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 0,2 | A |
| 109 | Storskora nord | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 0,3 | A |
| 110 | Ono-Ulvsundet | Nordvendt berg (H00) | 26,2 | A |
| 111 | Marholmen/Svartevikhøyen | Nordvendt berg (H00) | 1,3 | B |
| 112 | Buneset/Skrashelleren | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 6,9 | A |
| 113 | Geitingsneset | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 2,7 | A |
| 114 | Søra Kvalviki | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 3,8 | A |
| 115 | Hatteskjersundet | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 1,2 | A |
| 116 | Selsstakken | Nordvendt berg (H00) | 2,1 | B |
| 117 | Stekkeberget | Sørvendt berg og rasmark (B01) | 2,8 | B |
| 118 | Balsneset - Turøyvegen | Skrotemark (D15) | 0,7 | C |

Myr

Heisiv (*Juncus squarrosus*)



Tranebær (*Oxycoccus quadripetalus*)



Myrfiol (*Viola palustris*)



Molte (*Rubus chamaemorus*)

Lokalitet 34 Breivikmarka myrområde

| | | | |
|------------------|--------------------------|--------------|------------|
| Hovedtype | Myr | Areal | 31,5 da |
| Undertype | Intakt låglandsmyr (A01) | Verdi | B - viktig |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Ganske stort myrområde utan inngrep, mellom Breiviki og Rongaloptet/Ormhilleren på Rongøy. Tjørn i nordvestre delen av lokaliteten med førekomst av den sjeldne buntsivaks.

Karakteristiske artar

Pors *Myrica gale*, molte *Rubus chamaemorus*, buntsivaks *Eleocharis multicaulis*, småtranebær *Oxycoccus microcarpus*, rome *Narthecium ossifragum*, duskull *Eriophorum angustifolium*, blåtopp *Molinia caerulea*, stjernestarr *Carex echinata*, kornstarr *Carex panicea*, røsslyng *Calluna vulgaris*, klokkelyng *Erica tetralix*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, tusenblad *Myriophyllum alternifolium*, kantnøkkerose *Nymphaea alba ssp. candida*, heisiv *Juncus squarrosus*, myrfiol *Viola palustris*, bjønnskjegg *Trichophorum cespitosum*

Litteratur

Losvik 1977

Registrert av Mary Losvik/Stig Guntveit **Dato** 1977/Juli 2000

Lokalitet 38 Lono (Lonane), Ono

| | | | |
|------------------|---------------------|--------------|------------------|
| Hovedtype | Myr | Areal | 64,8 da |
| Undertype | Intakt høgmyr (A02) | Verdi | A - svært viktig |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Større, intakt myrområde best skildra som eksentrisk høgmyr. Dette er ein type nedbørsmyr der randområda ligg høgare enn senterområda. Næringstilførsel kun ved nedbør, som på grunn av topografien vert drenert mot dei sentraltliggende områda. Intakte høgmyrer av denne storleik er ein sjeldan naturtype i Europa, og berre storleiken i seg sjølv tilseier at lokaliteten blir vurdert som svært viktig. Ganske høgt tal på artar, også artar som elles ikkje er vanlege i kommunen. I den sentrale delen av området veks ein særleg stor bestand av pors. Ein finn òg større førekomstar av molte, som heller ikkje er vanleg i kommunen.

Karakteristiske artar

Pors *Myrica gale*, øyrevier *Salix aurita*, molte *Rubus chamaemorus*, røsslyng *Calluna vulgaris*, klokkelyng *Erica tetralix*, einer *Juniperus communis*, kvitmyrak *Rhynchospora alba*, duskull *Eriophorum angustifolium*, torvull *Eriophorum vaginatum*, bjønnskjegg *Trichophorum cespitosum*, tranebær *Oxycoccus quadripetalus*, tyttebær *Vaccinium vitis-idaea*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, myrfiol *Viola palustris*, kornstarr *Carex panicea*, stjernestarr *Carex echinata*, flaskestarr *Carex rostrata*, grøftesoleie *Ranunculus flammaea*, heisiv *Juncus squarrosus*, krypsiv *Juncus supinus*, trådsiv *Juncus filiformis*, blåtopp *Molinia caerulea*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, myrhatt *Potentilla palustris*, rome *Narthecium ossifragum*, rundsoldogg *Drosera rotundifolia*

Eksisterande inngrep

Delvis attgrodde grøfter. Delvis intakt utløe.

Registrert av Stig Guntveit **Dato** Juni 2002

Lokalitet 59 Sekkena II

| | | | |
|------------------|--------------------------|--------------|------------------|
| Hovedtype | Myr | Areal | 29,0 da |
| Undertype | Intakt låglandsmyr (A01) | Verdi | A - svært viktig |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Større, U-forma myrområde, til dels med sump. Austre "bein": Delvis mosemyr i vest, medan delar er nærast som sump å regne, med den største, samanhengande takrørvegetasjonen i kommunen. I denne delen av området er det truleg noko tilsig av kalk. Vestre "bein": Mosaikk av myrbekkar, myrtuer og flytematter. Heile lokaliteten har eit svært høgt tal artar karplantar og her er også fleire antar som anten ikkje finst ande stader i kommunen (skottlandsaugnetrøyst og dikesoldogg) eller som berre finst på nokre få lokalitetar. Saman med område 58 er dette den einskildlokaliteten i kommunen som kan vise fram størst tal på karplanteartar.

Karakteristiske artar

Takrøyr *Phragmites australis*, flaskestarr *Carex rostrata*, slåttestarr *Carex nigra*, frynsestarr *Carex paupercula*, dystarr *Carex limosa*, trådstarr *Carex lasiocarpa*, stjemestarr *Carex echinata*, kornstarr *Carex panicea*, kvitlyng *Andromeda polifolia*, kvitmyrak *Rhynchospora alba*, rundsoldogg *Drosera rotundifolia*, dikesoldogg *Drosera intermedia*, skottlandsaugnetrøyst *Euphrasia scottica*, myrhatt *Potentilla palustris*, engkarse *Cardamine pratensis*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, blokkebær *Vaccinium uliginosum*, myrmaure *Galium palustre*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, markrapp *Poa trivialis*, myrkråkefot *Lycopodiella inundata*, myrklegg *Pedicularis palustris*, skjoldblad *Hydrocotyle vulgaris*, øyrevier *Salix aurita*, pors *Myrica gale*, tranebær *Oxycoccus quadripetalus*, myrtistel *Cirsium palustre*, rusttjønnaks *Potamogeton alpinus*, trådtjønnaks *Potamogeton filiformis*, krypsiv *Juncus supinus*, grøftesoleie *Ranunculus flamma*, myrmjølke *Epilobium palustre*, myrfiol *Viola palustris*, torvull *Eriophorum vaginatum*

Eksisterande inngrep

Dumping av boss fleire stader langs bergveggen i aust. Steinmur og utløe som del av eit tidlegare kulturlandskap i nærleiken.

Registrert av Stig Guntveit

Dato 1999-2002

Lokalitet 80 Krossnesbukti myr

Hovedtype Myr

Areal 3,6 da

Undertype Intakt låglandsmyr (A01)

Verdi C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Mindre nedbørsmyr i skrånande terreng, sør for Krossnesbukti og like vest for lokalitet 79. Innimellom myrområda oppstikkande berg med tynt jordlag. Førekost av einskilde antar som er noko krevjande. Spesielt gjeld dette engstarr og harerug, som begge er sjeldsynte i kommunen. Engstarr heller ikkje vanleg regionalt (Bjørn Moe, pers. medd.).

Karakteristiske artar

Engstarr *Carex hostiana*, kornstarr *Carex panicea*, stjernestarr *Carex echinata*, bjønnskjegg *Trichophorum cespitosum*, blåtopp *Molinia caerulea*, harerug *Bistorta vivipara*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*, myrfiol *Viola palustris*, røsslyng *Calluna vulgaris*, klokkelyng *Erica tetralix*, rome *Narthecium ossifragum*, duskull *Eriophorum angustifolium*, rundsoldogg *Drosera rotundifolia*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, myrmjølke *Epilobium palustre*

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2002

Lokalitet 90 Barbustekkmýra

Hovedtype Myr

Areal 24,2 da

Undertype Intakt låglandsmyr (A01)

Verdi C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Jordvassmyr rett aust for Fylkesvegen til Alvheim og vest for Barbustekkvatnet. Med unntak av fylkesvegen til Alvheim ingen inngrep. Dette er ei av dei tre største jordvassmyrane/attgroingsmyrane i kommunen. Del av større hydrologisk system saman med Illetjorni, Barbustekkvatnet og Husvatnet. Myra har stor førekost av pors, som er dominerande art. Dominerande elles er røsslyng og kvitlyng. Kvitlyng er ein uvanleg art i Øygarden, men veks i store mengder der han finst. Myra er kartlagt på vinterstid, og tal på artar ville nok ha vore høgare ved sommartidsregistrering.

Karakteristiske artar

Pors *Myrica gale*, øyrevier *Salix aurita*, selje *Salix caprea*, rogn *Sorbus aucuparia*, bjørk *Betula pubescens*, einer *Juniperus communis*, røsslyng *Calluna vulgaris*, klokkelyng *Erica tetralix*, kvitlyng *Andromeda polifolia*, blåbær *Vaccinia myrtillus*, tyttebær *Vaccinia vitis-idaea*, tranebær *Oxycoccus quadripetalus*, lyssiv *Juncus effusus*, flaskestarr *Carex rostrata*, stjernestarr *Carex echinata*, duskull *Eriophorum angustifolium*, bjønnskjegg *Trichophorum cespitosum*, myrhatt *Potentilla palustris*, tepperot *Potentilla erecta*, geitesvingel *Festuca vivipara*, engrapp *Poa pratensis*, blåtopp *Molinia caerulea*, rome *Narthecium ossifragum*, myrtistel *Cirsium palustre*, kantnøkkerose *Nymphaea alba ssp. candida*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, broddtelg *Dryopteris carthusiana*, blåtopp *Succisa pratensis*

Registrert av Stig Guntveit

Dato 08.02.2003

Lokalitet 94 Kattetjødna**Hovedtype** Myr**Areal** 9,8 da**Undertype** Intakt låglandsmyr**Verdi** C - lokal verdi**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Artsrik myr like vest for markant bratt bergvegg ved vestre grense til Sturetenninalen og like nord for oljerørleidninga. Ut frå artsmangfald og artssamansetning er myra nok å rekne som noko næringsrik. Næringsrike myrar sjeldsynte i Øygarden. Som namnet seier har her tidlegare vore meir ope vatn, men er no tilnærma heilt attgrodd (Torill Fjeldstad; pers. medd.) Ved foten av bergvegg veks kusymre. Av spesielle førekomstar kan nemnast fjellarten lappvier og ein krysning mellom fjellarten sølvvier og selje.

Karakteristiske artar

Selje *Salix caprea*, øyrevier *Salix aurita*, lappvier *Salix lapponum*, krysning sølvvier og selje *Salix glauca x Salix caprea*, krypvier *Salix repens*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, myrhatt *Potentilla palustris*, myrfiol *Viola palustris*, amerikamjølke *Epilobium watsonii*, myrmjølke *Epilobium palustris*, flasketarr *Carex rostrata*, loppestarr *Carex pulicaris*, slåttestarr *Carex nigra*, trådstarr *Carex lasiocarpa*, markrapp *Poa trivialis*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, lyssiv *Juncus effusus*, trådsiv *Juncus filiformis*, bekkeblom *Caltha palustris*, grøftesoleie *Ranunculus flammaea*, engkarse *Cardamine pratensis*, myrmaure *Galium palustre*, blåknapp *Succisa pratensis*, kusymre *Primula vulgaris*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, hengeveng *Phegopteris connectilis*

Registrert av Stig Guntveit**Dato** Juli 2002

Rasmark, berg og kantkratt

Bergflette (*Hedera helix*)



Havburkne (*Asplenium marinum*)



Hinnebregne (*Hymenophyllum wilsonii*)



Hjortetunge (*Asplenium scolopendrium*)

Lokalitet 13 Sørberg - Vikavågen aust

| | | | |
|------------------|---------------------------------------|--------------|-----------------|
| Hovedtype | Rasmark, berg og kantkratt | Areal | 1,9 da |
| Undertype | Sørvendte berg (B01), kantkratt (B02) | Verdi | C - lokal verdi |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Sørvestvendt berg ved austre kaien i Vikavågen og nordover i retning austre del av Norlavatnet, dannar vestre avgrensing av Vikaskogen (Lokalitet 12). Spreidd kratt med osp og til dels hassel, lenger nord med innslag av kristtorn. Lunt og med stor varmeinnstråling. Nokså stor artsrikdom.

Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, osp *Populus tremula*, kristtorn *Ilex aquifolium*, jonsokkoll *Ajuga pyramidalis*, gjerdevikke *Vicia sepium*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, teiebær *Rubus saxatilis*, vårskrinneblom *Arabis thaliana*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, legeveronika *Veronica officinalis*, svartburkne *Asplenium trichomanes*, sisselrot *Polypodium vulgare*, beitesveve *Hieracium vulgatum*, hårsveve *Hieracium pilosella*, hengemispele *Cotoneaster praecox*

Eksisterande inngrep

Naustmiljø og kai

Registrert av Stig Guntveit **Dato** Juli 2002

Lokalitet 54 Køse, Selstøtona

| | | | |
|------------------|----------------------------|--------------|------------|
| Hovedtype | Rasmark, berg og kantkratt | Areal | 1,1 da |
| Undertype | Sørvendt rasmark (B01) | Verdi | B - viktig |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Velavgrensa, sterkt skrånande innsøkk i bratt fjellvegg like sørvest for kaien på Selstø. Tilgjengeleg via bergvegg/strandsteinar rett sør for kaien ved fjøre sjø (eller ved litt klatring). Inaktiv, nordvestvendt rasmark, som er nesten heilt dekkja av skog og mellom-/lågurtvegetasjon, med bergsprekker, berghyller og overheng i randsonene øvst og på sidene. I Øygarden vert ei slik, ofte vanskelig tilgjengeleg, bratt bergskore/berghylle, kalla ei to (bunden form -tona). Lokaliteten har førekomst av artar som tydeleg indikerer baserik/kalkhaldig berggrunn, eller i alle høve sig med kalkhaldig vatn. Naturtypen er sjeldsynt i kommunen, og særleg er kalkhaldig rasmark sjeldsynt (dette er einaste lokalitet). Lokaliteten har òg førekomst av artar som ein til dels ikkje finn andre stadar i kommunen, dels er sjeldsynte/fåtalige elles i kommunen, t.d. vårmarihand, marinøkkel, bergperikum, hengeaks og loppestarr. Stor livskraftig populasjon av Hordaland sin fylkesblom kusymre er òg verd å nemne særskilt.

Karakteristiske artar

Osp *Populus tremula*, hassel *Corylus avellana*, krossved *Viburnum opulus*, vivindel *Lonicera percllymenum*, storfrytle *Luzula sylvatica*, kusymre *Primula vulgaris*, jonsokkoll *Ajuga pyramidalis*, skogfiol *Viola riviniana* tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, legeveronika *Veronica officinalis*, tettegras *Pinguicula vulgaris*, vårmarihand *Orchis mascula*, vårskrinneblom *Arabis thaliana*, marinøkkel *Botrychium lunaria*, hengeaks *Melica nutans*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, loppestarr *Carex pulicaris*, grønstarr *Carex demissa*, blåknapp *Succisa pratensis*, skjørlok *Cystopteris fragilis*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, kjøtttype *Rosa dumalis*, teiebær *Rubus saxatilis*, gjerdevikke *Vicia sepium*, mjøduert *Filipendula ulmaria*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, rosenrot *Rhodiola rosea*, røsslyng *Calluna vulgaris*, bergperikum *Hypericum montanum*

Aktuelle trugsmål

Eventuelle planar om bruk av areal, t.d. til naustbygging. Ei av dei to vaksestadene for vårmarihand på lokaliteten ligg svært nær kaien, og har vore nytta til deponering av ymse gjenstandar, t.d. stolpar/tømmerstokkar, noko som haldt nede desse 1-2 individa eit par år (men bløming i 2002!).

Aktuelle forvaltningstiltak

Verne området i høve til arealbruk som t.d. bustad-/hytte-/naustføremål. Populasjonen av vårmarihand, som nok både habitatsmessig og geografisk er ein vestleg utpostpopulasjon, bør overvakast (1 individ i 2001, 3 individ i 2002), då han er svært sårbar.

Registrert av Stig Guntveit **Dato** 1997-2002

Lokalitet 55 Selstø nord

| | | | |
|------------------|----------------------------|--------------|-----------------|
| Hovedtype | Rasmark, berg og kantkratt | Areal | 4,9 da |
| Undertype | Sørvendt berg (B01) | Verdi | C - lokal verdi |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Sørvendt berg med til dels grov ur/blokkmark. Mellom blokkene kantkratt. Lokaliteten ligg på Selstø, nord for sjøve havna/kaien og naustområdet, rett aust/nord aust for bustadhus (fritidshus). Omfattar og strandlinje/bratt strandberg nord til båt plass som ligg ca. 150 meter nord for Selstø. Her er ein lokalitet for smørbukk, som her har sin einaste lokalitet i Øygarden, i ei lita fjellhulle på nokre få m². Sørvendt berg har stor vareinnstråling, og her er førekomst av varmekjære antar. Også truleg noko baserike sig i nedre del, bl.a. karakterisert ved den kalkføretrekkande bregna murburkne.

Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, svensk asal *Sorbus intermedia*, vivendel *Lonicera perclymenum*, brunrot *Scrophularia nodosa*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, stankstorkenebb *Geranium sylvaticum*, skjørlok *Cystopteris fragilis*, murburkne *Asplenium ruta-muraria*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, rosenrot *Rhodiola rosea*, smørbukk *Sedum telephium*, hengemispel *Cotoneaster praecox*, kjøtttype *Rosa dumalis*, dvergsmyle *Aira praecox*, småsmelle *Silene rupestris*

Registrert av Stig Guntveit **Dato** August 2001

Lokalitet 56 Løktona, Flåten

| | | | |
|------------------|----------------------------|--------------|-----------------|
| Hovedtype | Rasmark, berg og kantkratt | Areal | 0,5 da |
| Undertype | Sørvendt berg (B01) | Verdi | C - lokal verdi |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Sørvestvendt bratt bergskråning i Straumen nord for Flåten/Gamle Kvalstasjonen. Ordet ”to” tyder ei bratt bergskore som er vanskeleg tilgjengeleg. Denne lokaliteten er tilgjengeleg berre frå båt og har såleis ikkje vore utsett for beiting. Bergveggane som avgrensar Straumen er stupbratte. Lokaliteten er som eit utstikk i fjellveggen som skrånar ned mot sjøen. Oppover går skråninga over i skråttløpande bergsprekker med småvaksne osper som klarar seg fast. Lokaliteten er teken med i kartlegginga fordi dette er ein av to lokalitetar for ramslauk i Øygarden. Ramslauk er mest typisk i fuktige, rike edellausvaskogslie i fjordstroka, og kan her mange stader vere dominerande i feltskiktet. Lokalbefolkninga har kjent til lokaliteten, mogeleg kan planten ha vore brukt til mat eller i folkemedisinsk bruk tidlegare.

Karakteristiske artar

Osp *Populus tremula*, kjøtttype *Rosa dumalis*, vivendel *Lonicera perclymenum*, einer *Juniperus communis*, ramslauk *Allium ursinum*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, sisselrot *Polypodium vulgare*, røsslyng *Calluna vulgaris*, geitrams *Epilobium angustifolium*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, rosenrot *Rhodiola rosea*, strandnellik *Armeria maritima*, raud jonsokblom *Silene dioica*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, loppestarr *Carex pulicaris*, blåtopp *Molinia caerulea*, knegras *Danthonia decumbens*

Registrert av Stig Guntveit **Dato** Juli 2002

Lokalitet 58 Sekkena I

| | | | |
|------------------|--------------------------------------|--------------|------------|
| Hovedtype | Rasmark, berg og kantkratt | Areal | 2,8 da |
| Undertype | Sørvendt berg (B01), Kantkratt (B02) | Verdi | B - viktig |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Sørvestvendt, bratt berg som utgjer austlege avgrensing til myr/sumpområdet Sekkena. Nokre stader brattare rasmarker som stort sett har vegetasjonsdekke, til dels med kratt. Fleire stader på berget ser ein tydelege teikn til sig av kalkhaldig vatn, med kalkstriper og skorper. Særleg den sørlege delen av bergveggen har innslag av lauvtre ved foten, med artar som hassel, platanlønn, osp og rogn. Med kombinasjonen kalkhaldige sig, sørberg med høg varmeinnstråling og innslag av lauvtre blir naturtypen variert og rik på artar, også artar som elles knapt finst i kommunen. Saman med lokalitet 59 er dette det rikaste einskildområdet i kommunen når det gjeld artsvariasjon og førekomst av lokalt/regionalt sjeldne karplantar. På desse to lokalitetane er det telt ca. 160 karplanteartar, men truleg er det reelle talet endå høgare.

Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, platanlønn *Acer platanoides*, osp *Populus tremula*, rogn *Sorbus aucuparia*, hengeaks *Melica nutans*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, blåtopp *Molinia caerulea*, krattlodnegras *Holcus mollis*, grønstarr *Carex demissa*, bråtestarr *Carex pilulifera*, bleikstarr *Carex pallescens*, loppestarr *Carex pulicaris*, skogsalat *Mycelis muralis*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, liljekonvall *Convallaria majalis*, sisselrot *Polypodium vulgare*, raggteig *Dryopteris affinis*, einstape *Pteridium aquilinum*, hengeveng *Phegopteris connectilis*, bjønnekam *Blechnum spicant*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, olavsskjegg *Asplenium septentrionale*, murburkne *Asplenium ruta-muraria*, skjørlok *Cystopteris fragilis*, maurarve *Moehringia trinervia*, kjøtttype *Rosa dumalis*, steinnype *Rosa canina*, gulskolm *Lathyrus pratensis*, blåknapp *Succisa pratensis*, tepperot *Potentilla erecta*, gullris *Solidago virgaurea*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, legeveronika *Veronica officinalis*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, blåkoll *Prunella vulgaris*, vivendel *Lonicera perclymenum*, skogsveve *Hieracium murorum*, skogfiol *Viola riviniana*, jonsokkoll *Ajuga pyramidalis*, brunrot *Scrophularia nodosa*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, skogfrytle *Luzula sylvatica*.

Eksisterande inngrep

Nokre stader er lokaliteten skjemt av søppel som truleg er dumpa frå høgdedraget over.

Registrert av Stig Guntveit

Dato 1998-2002

Lokalitet 73 Husberget

Hovedtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 1,3 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Vestvendt bergvegg med overheng og horisontale sprekker. Truleg noko kalkrikt. Tatt med som lokalitet fordi berget er veksestad for hjortetunge, ei svært sjeldsynt, raudlista bregne. Hjortetunga veks i horisontal bergsprekk/overheng ved basis av klippeveggen. I januar 1999 vart det registrert 21 blad. Om sommaren er lokaliteten skjult bak smånesle, som for øvrig heller ikkje er nokon vanleg art i Hordaland og dessutan i sterk tilbakegang (Dagfinn Moe pers. medd.). Det er ein saueheller nokre meter sør for hjortetungeförekomsten. Lokaliteten vart først funnen av Rolf og Daniel Torsvik midt på 1990-talet.

Hjortetunga er ein oseanisk art som veks på vestkysten av Noreg, på skuggefulle stader, gjerne i bergsprekker og hellerar. Tal på kjende lokalitetar i Norge er lågt, truleg under 20-30. Fordi planten ofte veks i bratte berg er han lite utsett for habitatødelegging. I Øygarden har det i løpet av 1990-talet vorte påvist tre lokalitetar med hjortetunge, noko som gjer kommunen til ein viktig vaksestad for arten. Funna i Øygarden av hjortetunge og havburkne har vekt oppsikt hjå botanikarar som er opptekne av plantegeografi, fordi funna i Øygarden har vore med å ”bygge bru” mellom utbreiingstygdepunkt nord på Vestlandet og i søre delen av Hordaland.

Registrerte raudlisteartar

Hjortetunge *Asplenium scolopendrium* (R)

Karakteristiske artar

Smånesle *Urtica urens*, myrtistel *Cirsium palustre*, hjortetunge *Asplenium scolopendrium*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, broddteig *Dryopteris carthusiana*, skjørlok *Cystopteris fragilis*, tunarve *Sagina procumbens*, lyssiv *Juncus effusus*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, osp *Populus tremula*, kjøtttype *Rosa dumalis*

Litteratur

Guntveit 1999

Registrert av Rolf Torsvik, Daniel Torsvik, Stig Guntveit

Dato Januar 1999

Lokalitet 74 Kvernepollen (austre vegg)

Hovedtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 8,9 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Bratt bergvegg som stuper bratt ned i Kvernepollen. Dels stupbratt berg til dels med overheng, særleg i søre del, og dels berghyller med sparsam vegetasjon. Omtrent midt i bergstrekninga ligg Ramstona, med tett busksjikt og feltsjikt, der ein m.a. finn ein av kommunen sine to förekomster av ramslauk. Denne lokaliteten har tettare busksjikt og er fuktigare enn den andre ramslauklokaliteten i kommunen (lok. 56). Ramstona er heilt upåverka av beiting eller annan kulturpåverknad, og kan truleg tenkjast å vere ein ”opprinneleg” vegetasjonstype som no er sjeldan i kommunen.

Registrerte raudlisteartar

Bergasal *Sorbus rupicola* (Ansvarsart)

Karakteristiske artar

Murburkne *Asplenium ruta-muraria*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, sisselrot *Polypodium vulgare*, olavsskjegg *Asplenium septentrionale*, krysning olavsskjegg-murburkne *Asplenium septentrionale* x *Asplenium ruta-muraria*, kjøtttype *Rosa dumalis*, vivendel *Lonicera perclymenum*, osp *Populus tremula*, storfrytle *Luzula sylvatica*, ramslauk *Allium ursinum*, gjerdevikke *Vicia sepium*, geitrams *Epilobium angustifolium*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, brunrot *Scrophularia nodosa*, løvetann *Taraxacum vulgare*

Eksisterande inngrep

Feriesenter i sørenden av lokaliteten. Nyleg bygd naust i strandlinja i nordenden (2001).

Aktuelle trugsmål

Ytterlegare byggeaktivitet

Registrert av Stig Guntveit

Dato 2000-2002

Lokalitet 79 Krossnesbukti/Geitneset

Hovedtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 1,8 da

Undertype Kantkratt (B02)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Markant nord/sør-gåande bergvegg som utgjer vestre avgrensing av høgdedraget mellom Krossnesbukti i nord og Geitnesbukti i sør. Nordre del ned mot Krossnesbukti er interessant fordi her er fleire artar som indikerer at her er ein av dei få stadene i konunnen med baserik/kalkrik grunn. Rett forbi området frå Krossnesbukti går ein delvis grusa gangsti til ei hytte lenger sør. I bergskråninga noko ur med tørt kratt med nyperoser og hassel. Førekost av fleire artar som ikkje er funne andre stader i kommunen (prikkperikum, sanikel), eller er sjeldsynte (stor blåfjør, bleikstarr, teiebær). Særleg sanikel er eit oppsiktsvekkande funn. Arten veks vanlegvis i rik lauvskog/edellauvskog på kalkgrunn. Desverre er lokaliteten truga av sitkagran.

Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, rogn *Sorbus aucuparia*, einer *Juniperus communis*, kjøtttype *Rosa dumalis*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, hengevegg *Phegopteris connectilis*, skjørlok *Cystopteris fragilis*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, blåkoll *Prunella vulgaris*, stor blåfjør *Polygala vulgaris*, sanikel *Sanicula europeae*, prikkperikum *Hypericum perforatum*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, tågebær *Rubus saxatilis*, bleikstarr *Carex pallescens*, bråtestarr *Carex pilulifera*, beitestarr *Carex serotina* ssp. *serotina*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, skogfiol *Viola riviniana*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, legeveronika *Veronica officinalis*, tirltunge *Lotus corniculatus*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, blokkebær *Vaccinium uliginosum*

Eksisterande inngrep

Grusa gangsti. Tilplanting med hageplantar langs gangsti.

Aktuelle trugsmål

Attgroing med sitkagran. Planting av hageblomar.

Aktuelle forvaltningstiltak

Fjerning av sitkagran.

Registrert av Stig Guntveit

Dato 1999-2002

Lokalitet 81 Rossøy I

Hovedtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 3,7 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Sørvendt berg på Rossøy, vest av Herdlevær, med sprekker og to store, djupe hellerar. Øya er nytta til sauebeiting. Verna frå storhavet berre av nokre låge holmar og skjer i vest og sørvest. Lokaliteten kan syne til den største førekosten av hjortetunge i kommunen. På same lokalitet finst òg den like sjeldsynte havburkna. Særleg i den nordvestlegaste hellaren er det store førekomster av hjortetunge. Her veks ho inst inne i denne 8 meter djupe, horisontale hellaren, som på golvet

har tjukke lag med sauemøkk. På lokaliteten finst hjortetunge i fem "underlokalitetar". Medan hjortetunga typisk finst djupast inne i bergsprekkene, finst havburkna, som er svakt halofil (saltelskande), lenger ute, meir eksponert for saltedrev. Begge desse bregnene er svært sjeldsynte, og begge står på den norske raudlista, havburkne òg på den nordiske raudlista.

Registrerte raudlisteartar

Hjortetunge *Asplenium scolopendrium* (R), Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Broddtelg *Dryopteris carthusiana*, sisselrot *Polypodium vulgare*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, skjørlok *Cystopteris fragilis*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, tunarve *Sagina procumbens*, strandsmelle *Silene uniflora*, vassarve *Stellaria media*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, dikevasshår *Callitriche stagnalis*, høymol *Rumex longifolius*

Litteratur

Guntveit 1999

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 1997

Lokalitet 84 Eide

Hovedtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 4,5 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Bratt, sørvendt berg på Eide, Tjeldstø, nord for Nakken og nordaust for indre Rotevågen. Velutvikla, grov ur i sørkant av berget, den best utvikla ur/rasmarka i kommunen. Lunt og varmt med høg solinnstråling i sommarhalvåret. På bergkanten og i bergveggen dominans av osp, ellers innslag av hassel, rogn, vivindel og nype. I ura, særleg vestlege del, forskjellige bregnetypar, til saman 10 artar, nær 25% av alle norske bregneartar! Fleire stader tydelege teikn til kalkavleiringar i berget, særleg på undersida av overheng og i bergsprekker. I austre del av ura overgang til fuktigare og frodigare lauvskog/krattvegetasjon med innslag av til dels varmekjære lauvskogsartar. Lokaliteten har høgt artstal (over 60 karplanteartar er registrert).

Karakteristiske artar

Skogburkne *Athyrium filix-femina*, sisselrot *Polypodium vulgare*, bjønnekam *Blechnum spicant*, raggtelg *Dryopteris affinis*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, broddtelg *Dryopteris carthusiana*, hengeveng *Phegopteris connectilis*, skjørlok *Cystopteris fragilis*, svartburkne *Asplenium trichomanes*, murburkne *Asplenium ruta-muraria*, einer *Juniperus communis*, røsslyng *Calluna vulgaris*, osp *Populus tremula*, hassel *Corylus avellana*, rogn *Sorbus aucuparia*, kjøtttype *Rosa dumalis*, bulkemispel *Cotoneaster bullatus*, vivindel *Lonicera perelymenum*, knappsiv *Juncus conglomeratus*, storfrytle *Luzula sylvatica*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, gjerdevikke *Vicia sepium*, fuglevikke *Vicia cracca*, gulskolm *Lathyrus pratensis*, legeveronika *Veronica officinalis*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, brunrot *Scrophularia nodosa*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, stomesle *Urtica dioica*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, geitrams *Epilobium angustifolium*, revebjølle *Digitalis purpurea*, jordnøtt *Conopodium majus*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, tepperot *Potentilla erecta*, blåknapp *Succisa pratensis*, heistarr *Carex binervis*, blåtopp *Molinia caerulea*, kystgriseøre *Hypochaeris radicata*, løvetann *Taraxacum vulgare*

Aktuelle trugsmål

Unge plantar av sitkagran er i ferd med å etablere seg fleire stader på lokaliteten.

Aktuelle forvaltningstiltak

Fjerning av sitkagran.

Registrert av Stig Guntveit

Dato 26.01.2003

Lokalitet 108 Storskora sør

Hovedtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 0,2 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Sørvestvendt, bratt bergvegg i sørvestenden av Storskora med større, skråtløpande bergsprekk ca. 10-15 meter over havnivå. Noko verna frå storhavet av Turøyni og Lislaskora. Funn av havburkne. I 1998 vart det registrert 31 individ på lokaliteten.

Registrerte raudlisteartarHavburkne *Asplenium marinum* (R)**Litteratur**

Guntveit 1999

Registrert av Stig Guntveit

Dato Desember 1998

Lokalitet 109 Storskora nord**Hovedtype** Rasmark, berg og kantkratt**Areal** 0,3 da**Undertype** Sørvendte berg (B01)**Verdi** A - svært viktig**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Markant, aust-vestgåande bergvegg nesten heilt nord på Storskora. I botnen av bergveggen, ser det ut til at det er ei skiljeline mellom to bergmassiv. Bergarten frå skiljet mellom dei to bergmassiva er laus og lettforvitreleg og er beskrive av geologar som breksje.

I vestre delen av bergveggen er det vanlege strandbergsartar. Lenger aust, der det er overheng og lausare berg, er det ein større førekomst av havburkne. Havburkna veks her hovudsakeleg ved basis av overhenget og delvis oppe i klippeveggen. Noko atypisk veksestad som ligg ganske langt inne på land og temmeleg tørt, i alle fall samanlikna med typiske havburknelokalitetar elles i kommunen. I 1998 vart det registrert 68 individ, noko som gjer lokaliteten til ein av dei to største i kommunen.

Registrerte raudlisteartarHavburkne *Asplenium marinum* (R)**Karakteristiske artar**

Havburkne *Asplenium marinum*, sisselrot *Polypodium vulgare*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, strandnellik *Armeria maritima*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, bitterbergknapp *Sedum acre*, rosenrot *Rhodiola rosea*

Litteratur

Guntveit 1999

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juni 1998

Lokalitet 110 Ono/Ulvesundet**Hovedtype** Rasmark, berg og kantkratt**Areal** 26,2 da**Undertype** Nordvendte kystberg (H00)**Verdi** A - svært viktig**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Bratt, nordvend, fuktig berg med rikeleg vertikale kløfter med meir eller mindre kontinuerleg fuktsig som er lite lyseksonerte. I kløftene rik mosevegetasjon og svært god førekomst av hinnebregne (nær 40 einskilde "bestandar"!). Lokaliteten er heilt typisk for arten, med lite lys, stadig fuktsig og sjeldan frost. Så rikeleg med denne raudlistearten er oppsiktsvekkande, og ein kjenner ikkje til tilsvarande funn. Artsinventaret elles er prega av vanlege bregneartar og lyngheiartar. Eit funn av lokal interesse er verdt å nemne: Perlevintergrønn, ein art som er relativt sjeldan i Øygarden, veks i rikelege mengder på fuktig lynghei i austlege del av lokaliteten.

Registrerte raudlisteartarHinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)**Karakteristiske artar**

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii*, bjønnekam *Blechnum spicant*, saueteig *Dryopteris expansa*, einer *Juniperus communis*, røsslyng *Calluna vulgaris*, klokkelyng *Erica tetralix*, perlevintergrønn *Pyrola minor*, storfrytle *Luzula sylvatica*

Registrert av Stig Guntveit

Dato November 2001

Lokalitet 111 Marholmen/Svartevikhøyen

| | | | |
|------------------|----------------------------|--------------|------------|
| Hovedtype | Rasmark, berg og kantkratt | Areal | 1,3 da |
| Undertype | Nordvendte kystberg (H00) | Verdi | B - viktig |

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Nordvendt, bratt berg heilt nordaust på Rongøy, rett sør for Marholmen. I bratte, fuktige og lite lyseksperte, vertikale kløfter veks to "populasjonar" av hinnebregne. Funna representerer ei naturleg fortsetting av den tilsvarande, svært talrike førekomsten på lokalitet 110. Lokaliteten er typisk habitat for hinnebregne.

Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)

Karakteristiske artar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii*, buskfuru *Pinus mugo*, storfrytle *Luzula sylvatica*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, bjønnekam *Blechnum spicant*

Registrert av Stig Guntveit

Dato 31.01.2002

Lokalitet 112 Buneset/Skrashellaren

| | | | |
|------------------|----------------------------|--------------|------------------|
| Hovedtype | Rasmark, berg og kantkratt | Areal | 6,9 da |
| Undertype | Sørvendte berg (B01) | Verdi | A - svært viktig |

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Vestvendt, bratt berg på nordvestre Blomøy (Buneset) som stuper i sjøen mot Bunesosen og Skrashellersundet. På strekinga to distinkte lokalitetar av havburkne. Ganske få individ. Den nordlegaste funnstaden er i klippevegg over ei lita sørvestvendt ur, tett i sjøkanten, knappe 50 meter sør for Bunesholmane. Sjølve ura som ligge ned mot sjøen er relativt artsrik. Den andre funnstaden er ved Skrashellaren, lenger sør. Ein markant heller, med nokre få individ i bratt, utilgjengeleg bergvegg mot sør. Skrashellaren er òg veksestad for fleire andre bregner. Tilhaldsstad for sau.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Havburkne *Asplenium marinum*, sisselrot *Polypodium vulgare*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, skjørlok *Cystopteris fragilis*, revebjølle *Digitalis purpurea*, brunrot *Scrophularia nodosa*, vassarve *Stellaria media*, gullris *Solidago virgaurea*, løvetann *Taraxacum vulgare*, kystgriseøre *Hypochoeris radicata*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, legeveronika *Veronica officinalis*, mjøduert *Filipendula ulmaria*, blåknapp *Succisa pratensis*, vivendel *Lonicera perclymenum*, heistarr *Carex binervis*

Litteratur

Guntveit 1999

Registrert av Stig Guntveit

Dato 1998-2000

Lokalitet 113 Geitingsneset

| | | | |
|------------------|----------------------------|--------------|------------------|
| Hovedtype | Rasmark, berg og kantkratt | Areal | 2,7 da |
| Undertype | Sørvendte berg (B01) | Verdi | A - svært viktig |

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg i sørkant av Geitingsneset, på nordvestre Herdlevær. Bratt, sørvendt bergvegg, i vest mot storhavet til dels med abrasjonskyst (avrivningskyst) med spesielle bølgeskapt klippeformasjonar med kløfter, overheng og til dels jettegryter. Landskapstypen er i seg sjølv interessant og særprega, og ofte typisk der bratte, markante klipper møter storhavet. I den litt meir avskjerma delen av lokaliteten, der veggen dannar overheng ved basis, funn av havburkne. Bestanden, som først vart funnen av Anders Lundberg i 1985 (Anders Lundberg pers. medd.), er ganske stor. 48 individ vart registrert i 1998. Havburkne finst her stort sett i reinbestand.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Litteratur

Guntveit 1999

Registrert av Anders Lundberg, Stig Guntveit

Dato August 1998

Lokalitet 114 Sørø Kvalviki

Hovedtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 3,8 da

Undertype Sørvendte berg (B01), Nordvendte berg (H00)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Sørø Kvalviki ligg nord for Alvheim og går i nordaust-sørvest retning. På nordsida, sørvendt berg som i austre del er stupbratt, noko mindre bratt mot vest. Ved basis av bergveggen, skrått platå som startar i havnivå i aust og hever seg gradvis lenger vest. På neset heilt i vest, grov ur. På platå, jorddekke med vegetasjon, dels lyngvegetasjon, dels vegetasjon typisk for varme sørvendte berg. Førekomst av dammar, og innslag av fuktelskande artar. I den brattaste delen av berget, der platået ligg berre ca. ein meter over flomålet, funn av havburkne. I alt seks individ i små bergsprekker i vertikalt berg. Tydelege kalkskorper i berget her. På sørøstsida av Sørø Kvalviki, nordvestvendt, bratt berg med kløfter og bergsprekker, hovudsakeleg horisontale. Tildels tett og rikeleg vegetasjon med dominans av store bregner, storfrytle og raud jonsokblom. Inne i sprekkene er det store førekomster av svartburkne. Lokaliteten burde vere veileigna habitat for andre bregner som t.d. hinnebregne og hjortetunge, men desse er ikkje funne på lokaliteten.

Registrerte raudlistearter

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Sørvendt berg, nordsida av Sørø Kvalviki: Vivendel *Lonicera percllymenum*, geitetelg *Dryopteris dilatata*, sauetelg *Dryopteris expansa*, bjønnekam *Blechnum spicant*, sisselrot *Polypodium vulgare*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, havburkne *Asplenium marinum*, røsslyng *Calluna vulgaris*, klokkeling *Erica tetralix*, tyttbær *Vaccinium vitis-idaea*, heisiv *Carex binervis*, stjernestarr *Carex echinata*, storfrytle *Luzula sylvatica*, heisiv *Juncus effusus*, blåtopp *Molinia caerulea*, englodnegras *Holcus lanatus*, høymol *Rumex longifolius*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, strandsmelle *Silene uniflora*, strandnellik *Armeria maritima*

Nordvestvendt berg, sørøstsida av Sørø Kvalviki: Skogburkne *Athyrium filix-femina*, svartburkne *Asplenium trichomanes*, skjørlok *Cystopteris fragilis*, sisselrot *Polypodium vulgare*, sauetelg *Dryopteris expansa*, geitetelg *Dropteris dilatata*, broddtelg *Dryopteris carthusiana*, raud jonsokblom *Silene dioica*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, krattmjølke *Epilobium montanum*, storfrytle *Luzula sylvatica*

Eksisterande inngrep

Grovdimensjonert vassleidning til tidlegare Alvheim Fiskefarm.

Registrert av Stig Guntveit

Dato 08.02.2003

Lokalitet 115 Hatteskjersundet

Hovedtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 1,2 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Sørvendt, delvis overhengande berg på nordbreidda av Hatteskjersundet, ved vik som ligg rett aust for Djuvviki. Rett aust for lokaliteten, bekk som fell utfor berget som ein minifoss ved nedbør. Tydelege kalkstriper og kalkavleiringar på berget. Lokaliteten er veksestad for hjortetunge. I 1998 vart det registrert 13 individ av med 2-19 skot. Hjortetunga er berre funne på tre lokalitetar i Øygarden og finst kanskje berre på 20-30 lokalitetar i heile landet. Funna av hjortetunge i Øygarden er plantegeografisk interessante, og har på same måte som funna av havburkne på 1990-talet, vore med på å "bygge bru" mellom dei to tyngdepunkta for utbreiing av desse artane, eit i sørø Hordaland og eit lenger nord på Vestlandet (Guntveit 1999). Denne lokaliteten er noko atypisk som veksestad for hjortetunge idet han er sørvendt og relativt lyseksonert. Rundt lokaliteten står buskfuruskog, med røsslyng i feltsjiktet.

Registrerte raudlistearter

Hjortetunge *Asplenium scolopendrium* (R)

Karakteristiske artar

Hjortetunge *Asplenium scolopendrium*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, tepperot *Potentilla erecta*, loppestarr *Carex pulicaris*, heistarr *Carex binervis*, blåknapp *Succisa pratensis*, blåtopp *Molinia caerulea*

Litteratur

Guntveit 1999

Registrert av Silje Skrede, Stig Guntveit

Dato 1995, Oktober 1998

Lokalitet 116 Selsstakken

Hovedtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 2,1 da

Undertype Nordvendte kystberg (H00)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Selsstakken er ein markert ”knatt” på Seløy og er høgste punktet i nordre Øygarden. Særleg nordveggen er svært markert og til dels overhangande, med sprekker, overheng og i alle fall to markerte hellerar. Ein stad til dels blokkur. Som andre markerte, nordvende kystberg i kommunen, også her ein særmerkt flora, med høgt tal på bregner (10 registrerte artar). Hinnebregne veks fleire stader på lokaliteten, der det er jamt sig av vatn som hindrar uttørring. Lokaliteten ser òg ut til å vere viktig habitat for mosar og lav, men desse gruppene er ikkje undersøkt nærmare.

Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)

Karakteristiske artar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii*, saueteig *Dryopteris expansa*, geittelig *Dryopteris dilatata*, broddtelg *Dryopteris carthusiana*, ormetelig *Dryopteris filix-mas*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, sisselrot *Polypodium vulgare*, bjønnekam *Blechnum spicant*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, skjørlok *Cystopteris fragilis*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, blåknapp *Succisa pratensis*, myrtistel *Cirsium palustre*, kystmaure *Galium saxatile*, einer *Juniperus communis*, røsslyng *Calluna vulgaris*, krekling *Empetrum nigrum*, tyttebær *Vaccinium vitis-idaea*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, vanleg arve *Cerastium vulgare*, vassarve *Stellaria media*, tunarve *Sagina procumbens*, legeveronika *Veronica officinalis*, skogfiol *Viola riviniana*, krattmjølke *Epilobium montanum*, revebjølle *Digitalis purpurea*, engsyre *Rumex acetosa*, krypsoleie *Ranunculus repens*, sløke *Angelica sylvestris*, krattlodnegras *Holcus mollis*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, engkvein *Agrostis capillaris*, storfrytle *Luzula sylvatica*

Eksisterande inngrep

Høgdebasseng til Hjelme Vassverk på toppen av Selsstakken. Restar etter tysk peile/radarstasjon.

Registrert av Stig Guntveit

Dato 11.02.2003

Lokalitet 117 Stekkeberget

Hovedtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 2,8 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Bratt, markert bergvegg som utgjer sørvestlege kant av Stekkeberget. Ligg søraust for Nordre Vaulen, ei lang smal vik som går nordvestover frå nordlege delen av innløpet til Nordre Selsvågen. Loddrett, og for det meste overhangande bergvegg som strekker seg ca. 200 meter i nordvest-søraust retning. Fleire stader sig av vatn, som medfører jamn tilførsle av fukt, og fleire stader kalkskorper på berget og tillaup til ”mini-dryppsteinar”. I nordlege del av veggen, ei markant, svakt skrånande hylle med småvaksen osp. Grov ur med store blokker ved foten av veggen. Fleire stader teikn på at området er tilhaldsstad for sau. Sørvestvendt, og såleis maksimal innstråling. Nær havet, og såleis rikeleg salt-drev om vinteren, mogeleg habitat for havburkne. Til dels artar som er kalkelskande (murburkne). Høgt tal på karplanteartar, i februar månad telt over 60 artar. På sommarstid ville nok ei systematisk registrering gjort talet endå høgare.

Karakteristiske artar

Osp *Populus tremula*, vivendel *Lonicera percllymenum*, lyssiv *Juncus effusus*, knappsiv *Juncus conglomeratus*, ryllsiv *Juncus articulatus*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, geittelig *Dryopteris dilatata*, broddtelg *Dryopteris carthusiana*, bjønnekam *Blechnum spicant*, sisselrot *Polypodium vulgare*, skjørlok *Cystopteris fragilis*, murburkne *Asplenium rutamuraria*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, heistarr *Carex binervis*, loppestarr *Carex pulicaris*, heifrytle *Luzula congesta*, hårfrytle *Luzula pilosa*, knegras *Danthonia decumbens*, finnskjegg *Nardus stricta*, revebjølle *Digitalis purpurea*, høymol *Rumex longifolius*, landøyda *Senecio jacobaeae*, vegtistel *Cirsium vulgare*, myrtistel *Cirsium palustre*, vassarve *Stellaria media*, vanleg arve *Cerastium vulgare*, tunarve *Sagina procumbens*, skogfiol *Viola riviniana*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, legeveronika *Veronica officinalis*, hårsveve *Hieracium pilosella*, skjermesveve *Hieracium umbellatum*

Registrerte raudlisteartar

Usikker observasjon av Havburkne *Asplenium marinum* (R) eit stykke oppe i veggen.

Registrert av Stig Guntveit

Dato 15.02.2003

Kulturlandskap

Flekkmarihand (*Dactylorhiza maculata*)



Purpurlyng (*Erica cinerea*)



Tunbendel (*Spergularia rubra*)



Revebjelle (*Digitalis purpurea*)

Lokalitet 8 Ingjerdalen/Stegeviksvatnet

| | | | |
|------------------|-------------------|--------------|------------|
| Hovedtype | Kulturlandskap | Areal | 4,1 da |
| Undertype | Slåtteenger (D01) | Verdi | B - viktig |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Ugjødsla randområde tidlegare nytta som slåttemark. No berre irregulær/sporadisk slått. Ligg vest for tilknytningsveg mellom Stegevika og Vikavågen, avgrensa i vest og sør av vegskjæring mot riksveg 561 og i nord av aukande innslag av planta berg/buskfuruskog. Som dei fleste stader i Øygarden kalkfattig grunn. Vestlege parti mot vegskjæring har grunt jorddekke og er såleis tørreng. Her finn ein framleis ein nokså velutvikla førekomst av prestekrage, ein tidlegare vanleg karakterart for særleg tørre slåtteenger, men som no er i til dels dramatisk tilbakegang i heile landet.

Karakteristiske artar

Prestekrage *Leucanthemum vulgare*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, blåkoll *Prunella vulgaris*, grasstjerneblom *Stellaria graminea*, tusenfryd *Bellis perennis*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, raudkløver *Trifolium pratense*, kvitkløver *Trifolium repens*, vanleg arve *Cerastium vulgare*, småsmelle *Silene rupestris*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, engsoleie *Ranunculus acris*, engsyre *Rumex acetosa*, gulaks *Anthoxanton odoratum*, timotei *Phleum pratense*, knerevehale *Alopecurus geniculatus*, slåttestarr *Carex nigra*, harestarr *Carex ovalis*, trådsiv *Juncus filiformis*

Aktuelle trugsmål

Attgroing

Aktuelle forvaltingstiltak

Regelmessig slått

Registrert av Stig Guntveit

Dato August 2002

Lokalitet 10 Vik nord

| | | | |
|------------------|----------------------|--------------|------------|
| Hovedtype | Kulturlandskap | Areal | 12,3 da |
| Undertype | Naturbeitemark (D04) | Verdi | B - viktig |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Innmarksområde aust for riksveg 561 ved krysset Vik-Toft på nordre Vik. Vert utelukkande nytta som beitemark. Fint artsinventar med innslag av artar som har byrja å bli sjeldsynte på grunn av endring i driftsformer. I søraustlege enden av lokaliteten finn vi ein vegkant med førekomst av den lokalt sjeldsynte slyngsøtvier, eit uventa funn i Øygarden. Også engminneblom, gulskolm og stemorsblomst er uvanlege i kommunen.

Karakteristiske artar

Slyngsøtvier *Solanum dulcamara*, tusenfryd *Bellis perennis*, ryllik *Achillea millefolium*, bekkeblom *Caltha palustris*, engkarse *Cardamine pratensis*, kvitkløver *Trifolium repens*, raudkløver *Trifolium pratense*, gulskolm *Lathyrus pratensis*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, engsoleie *Ranunculus acris*, marikåpe *Alchemilla sp.*, stemorsblomst *Viola tricolor*, blåkoll *Prunella vulgaris*, engminneblom *Myosotis scorpioides*, timotei *Phleum pratense*, engsvingel *Festuca pratensis*, engrapp *Poa pratensis*, hestehavre *Arrhenaterum elatius*, engreverumpe *Alopecurus pratensis*

Aktuelle trugsmål

Sprøyting av vegkant, opphøyr av beite.

Registrert av Stig Guntveit, Norvald Vik

Dato Juli 2001

Lokalitet 14 Vik

| | | | |
|------------------|-------------------|--------------|-----------------|
| Hovedtype | Kulturlandskap | Areal | 2,6 da |
| Undertype | Slåtteenger (D01) | Verdi | C - lokal verdi |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Innmarksområde på Vikagarden som årvisst blir slått med maskin. Teke med i kartlegginga fordi området framleis har førekomst av ein tidlegare karakterart for slåtteenger, engnellik, som er i tilbakegang og nokså sjeldan på Vestlandet.

Karakteristiske artar

Engnellik *Dianthus deltoides*, timotei *Phleum pratense*, engreverumpe *Alopecurus pratensis*, engsoleie *Ranunculus acris*, engsyre *Rumex acetosa*

Aktuelle forvaltningstiltak

Framhald av slått

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2001

Lokalitet 18 Stegevikåsen

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 242,3 da

Undertype Kystlynghei (D07)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Kystlyngheiområde med nyetablert nett av turstiar og restaurerte utløer. Avgrensa i aust av linja mellom Stegeviksvatnet og Søgardsvatnet, i nord og nordvest av Søgardsvatnet og steingard frå Søgardsvatnet til Vadet og i sør av Perdalsmyra. I delar av området til dels dominans av purpurlyng, særleg i tørre sør- og vestvendte hellingar. Dei tørrare partia med vesentleg lyngvegetasjon dannar mosaikk med våtare sig og myrparti med dominans av artar som rome, stjernestarr og duskull og brattare bergparti med einer og stadvis bregnearter. Inga eller lite beiting og ikkje brenning den seinare tid etter det ein kjenner til.

Karakteristiske artar

Purpurlyng *Erica cinerea*, røsslyng *Calluna vulgaris*, krekling *Empetrum nigrum*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*, heiblåfjør *Polygala serpyllifolia*, kornstarr *Carex panicea*, heistarr *Carex binervis*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, rome *Narthecium ossifragum*, stjernestarr *Carex echinata*, rundsoldogg *Drosera rotundifolia*, duskull *Eriophorum angustifolium*, heisiv *Juncus squarrosus*, einer *Juniperus communis*, hengeveng *Phegopteris connectilis*, olavsskjegg *Asplenium septentrionale*, skogfiol *Viola riviniana*, lusegras *Huperzia selago*, mjuk kråkefot *Lycopodium clavatum*, stri kråkefot *Lycopodium annotinum*

Andre spesielle førekomstar

Myrkråkefot *Lycopodiella inundata*

Eksisterande inngrep

Etablerte turstiar, restaurerte utløer og steingardar.

Aktuelle forvaltningstiltak

Tiltak for å halde nede ungsog (beiting og evt. lyngbrenning).

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juni 2002

Lokalitet 22 Toftøy skule

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 0,4 da

Undertype Vegkant med spesiell førekomst (Andre viktige lokalitetar - H00)

Verdi C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Vegkant i krysset mellom fylkesveg som går forbi Toftøy skule og gangveg mellom fylkesveg og riksveg 561. På sørsida av denne, få meter etter avkjørsel frå fylkesvegen ved Toftøy skule, funn av korsknapp. Dette er eit relativt oppsiktsvekkande funn, og pr. i dag einaste kjende eksisterande førekomst i Øygarden. Arten er òg funne på Blom på slutten av 1990-tallet, men er her utgått på grunn av anlegging av privat veg. I vegkant 100 meter lenger nord er det funne 2 individ av berberis, men mest truleg er dette forvilla hageplantar.

Karakteristiske artar

Skvallerkål *Aegopodium podagraria*, løvetann *Taraxacum vulgare*

Andre spesielle førekomstar

Korsknapp *Glechoma hederacea*, berberis *Berberis vulgaris* i vegkant 50- 100 meter lenger nord langs fylkesveg

Eksisterande inngrep

Dumping av grankvistar.

Aktielle trugsmål

Attgroing og konkurranse frå m.a. skvallerkål

Aktuelle forvaltningstiltak

Kunne overvaking av bestanden i regi av skulen sine elevar, med luking av "ugras" vore eit aktuelt tiltak for å ta vare på førekomsten?

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2002

Lokalitet 30 Torsvik - Vågsnovi

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 13,6 da

Undertype Kalkrike enger (D08)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Kunstig kalkrik eng/beitemark. Området er påverka av kalkstøv frå Hordaland Skjellsandtørkeri gjennom dei siste 30-40 åra. Består av mosaikk av delvis urterike engområde, lyng- og blokkebærdominerte rabbar og berg med tynt jorddekke. I søre delen er det innslag av buskfuru og sitkagran. Lokaliteten er avgrensa av kommunal veg frå Torsvik til Kjøpmannsvågen i aust, bustadområde i sør og sjø (Rongesundet) i vest og nord. Hordaland Skjelisandtørkeri ligg mot Kjøpmannsvågen i nord. Lokaliteten blir lite beita no. Lokaliteten har høg artsrikdom med innslag av artar som trivst på kalkrik/baserik grunn (særleg orkideane grov nattfiol og breiflangre), og er sjeldne eller fråverande andre stader i kommunen. Det er usikkert om dei kalkelskande artane er opprinnelege på lokaliteten eller har komme til på grunn av det menneskeskapt miljøet. Både marinøkkel og grov nattfiol finst fåtalig eit par andre stader i Øygarden utan kalkpåverknad, så truleg kan desse ha vore ein del av artsinventaret då ljåslått utan gjødsling var ei utbreidd driftsform.

Karakteristiske artar

Blokkebær *Vaccinium uliginosum*, røsslyng *Calluna vulgaris*, krekling *Empetrum nigrum*, gullris *Solidago virgaurea*, grov nattfiol *Platanthera chlorantha*, breiflangre *Epipactis helleborine*, marinøkkel *Botrychium lunaria*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, stormaure *Galium album*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, blåknapp *Succisa pratensis*, hanekam *Lychnisflos-cuculi*, kjertelaugnetrøyst *Euphrasia stricta*, marikåpe *Alchemilla sp.* krattmjølke *Epilobium montanum*, blåkoll *Prunella vulgaris*, beitesveve *Hieracium vulgatum*, engfiol *Viola canina*, engkarse *Cardamine pratensis*, engsoleie *Ranunculus acris*, gjerdevikke *Vicia sepium*, glattveronika *Veronica serpyllifolia*, legeveronika *Veronica officinalis*, våskrinneblom *Arabis thaliana* lodnefaks *Bromus hordeaceus*, geitesvingel *Festuca vivipara*, dvergsmyle *Aira praecox*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, hengemispel *Cotoneaster praecox*, svensk asal *Sorbus intermedia*, kjøtttype *Rosa dumalis*

Eksisterande inngrep

Hordaland Skjellsandtørkeri, som truleg er viktig for oppretthald av naturtypen.

Aktuelle trugsmål

Attgroing. Nedlegging av skjellsandtørkeriet. Særleg den rike førekomsten av grov nattfiol er truga av attgroing.

Aktuelle forvaltningstiltak

Inngå avtale med grunneigarar for å få til regelmessig hogst, for å hindre attgroing.

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2002

Lokalitet 31 Rongaloptet

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 37,9 da

Undertype Kystlynghei (D07)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Kystlyngheiområde med rikt innslag av purpurlyng. Avgrensa i nord av Rongaloptet, som i seg sjølv har element av berg med tilhøyrande flora, i vest/nordvest av gangveg til Ormhilleren friluftsområde, mot aust av sig/myrdrag mot Rongesundbrua og i sør av Ormhilleren/Insta Glosviki. Særleg i sør- og vestvende, tørre hellingar på berg med tynt jorddekke finn ein innslag av purpurlyng, avbrotne av våtare myrdrag. Som elles i lyngheiområda i Øygarden er vegetasjonen avbrotne av nakne knausar og berg. Området er truga av attgroing av buskfuru. Grunna attgroing av lyngheiene har område med dominans/betydeleg innslag av purpurlyng har etterkvart blitt sjeldnare i Øygarden.

Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii*

Losvik (1977) nemner funn av hinnebregne i vesthellinga av Rongaloptet. Arten er ikkje attfunnen seinare år og har mogeleg gått ut i samband med etablering av veg til Ormhilleren.

Karakteristiske artar

Purpurlyng *Erica cinerea*, røsslyng *Calluna vulgaris*, klokkelyng *Erica tetralix*, krekling *Empetrum nigrum*, blåbær *Vaccinia myrtillus*, krypvier *Salix repens*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, heiblåfjør *Polygala serpyllifolia*, kystmaure *Galium saxatile*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*, bjønnekam *Blechnum spicant*, sisselrot *Polypodium vulgare*, blåtopp *Molinia caerulea*, kornstarr *Carex panicea*, stjernestarr *Carex echinata*, heistarr *Carex binervis*, heisiv *Juncus squarrosus*, rome *Narthecium ossifragum*, duskull *Eriophorum angustifolium*, bjønnskjegg *Trichophorum cespitosum*, stri kråkefot *Lycopodium annotinum*, mjuk kråkefot *Lycopodium clavatum*, lusegras *Huperzia selago*, buskfuru *Pinus mugo*

Eksisterande inngrep

Grusa gangveg til Ormhilleren friluftsområde.

Aktuelle trugsmål

Attgroing

Aktuelle forvaltningstiltak

Hogst av buskfuru, brenning, beiting.

Litteratur

Losvik 1977

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2002

Lokalitet 33 Kjøpmannsvågen

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 1,3 da

Undertype Skrotemark (D15)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Einaste lokalitet av mørkkongslys i Øygarden og truleg på yttergrensa av arten si utbreiing i vest. Uventa art å finne i Øygarden. Meir knytt til Austlandet og indre fjordstrok og litt rikare jordsmonn. Lokaliteten ligg på ei gammal hustuft i eit seljkratt på nordsida av Kjøpmannsvågen på Torsvik.

Karakteristiske artar

Mørkkongslys *Verbascum nigrum*, burot *Artemisia vulgaris*, selje *Salix caprea*, geitrams *Epilobium angustifolium*, beitesveve *Hieracium vulgatum*

Registrert av Daniel Torsvik

Dato 1995

Lokalitet 36 Grønhellaren

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 2,4 da

Undertype Skrotemark (D15)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Stein-/jorddeponi/skrotemark og parkeringsplass for anleggsmaskinar nordaust for Grønhellaren mellom riksveg 561 og fylkesveg til Rongesundet. Vekseplass for nokre til dels uvanlege anthropocore (menneskespreidde) artar. Mellom anna er det funne ein art tilhøyrande Slireknefamilien (Polygonaceae), der det ved to forskjellige høve har vore sendt inn belegg til Botanisk Museum, utan at det har lete seg gjere å bestemme arten.

Karakteristiske artar

Strandrøyr *Phalaris arundinacea*, kveke *Elymus repens*, hundegras *Dactylis glomerata*, geitrams *Epilobium angustifolium*, hestehov *Tussilago farfara*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, vinterkarse *Barbarea vulgaris*, vegtistel *Cirsium vulgare*, løvetann *Taraxacum vulgare*, fortiriltunge *Lotus pedunculatus*, groblad *Plantago major*, hønsegras *Persicaria maculosa*, tungras *Polygonum aviculare*, skjermesveve *Hieracium umbellatum*, linbendel *Spergularia arvensis*, art av Slireknefamilien *Polygonaceae*

Registrert av Stig Guntveit

Dato September 2001

| | | |
|---|------------------|------------------------------|
| Lokalitet | 43 Ulvsundet bru | |
| Hovedtype | Kulturlandskap | Areal 0,9 da |
| Undertype | Skrotemark (D15) | Verdi C - lokal verdi |
| Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering | | |
| Område ved nordre brupillar til Ulvsundet bru med deponert sprengstein, sannsynleg etter bygging av brupillaren. Eit lite seljeholt har vakse opp her (selje er typisk art som raskt etablerer seg i steinrøyser/sprengstein). I fyllmassane her finn ein perlevintergrønn og nikkevintergrønn, som er sjeldne i Øygarden. Også dette artar som lett etablerer seg i finfordelt sprengstein/grus, gjerne på skuggefulle stader som t.d. i seljekratt. | | |
| Karakteristiske artar | | |
| Selje <i>Salix caprea</i> , perlevintergrønn <i>Pyrola minor</i> , nikkevintergrønn <i>Orthilia secunda</i> , legeveronika <i>Veronica officinalis</i> , skogburkne <i>Athyrium filix-femina</i> , skogfiol <i>Viola riviniana</i> , skogsnelle <i>Equisetum sylvaticum</i> | | |
| Eksisterande inngrep | | |
| Brupillar til Ulvsundbrua og deponert sprengstein (som truleg er føresetnad for førekomsten av dei aktuelle artane) | | |
| Registrert av | Stig Guntveit | Dato Juli 2002 |

| | | |
|--|--------------------------|-------------------------|
| Lokalitet | 50 Vegkant Blomvatn sør | |
| Hovedtype | Kulturlandskap | Areal 3,4 da |
| Undertype | Artsrike vegkantar (D03) | Verdi B - viktig |
| Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering | | |
| Vegkant langs kommunal veg frå Søre Sæle til Selstø der vegen går forbi Blomvatn på sørsida. Artsrik, til dels med innslag av artar som er vanleg å finne på baserik/kalkhaldig jord. I så måte er dette langt på veg sams med lokalitetane rundt, slik som 45, 47, 48 og 54, som alle anten har artsindikatorar eller pH (Blomvatn) som tyder på førekomst av baserikt/kalkhaldig substrat. I tillegg til høgt artstal, er særleg ein større populasjon av villin og eit individ av lappvier interessant. Området er lite i utstrekning, berre ca 50 meter langs vegen. | | |
| Karakteristiske artar | | |
| Lappvier <i>Salix lapponum</i> , villin <i>Linum catharticum</i> , blåklokke <i>Campanula rotundifolia</i> , blåknapp <i>Succisa pratensis</i> , blåkoll <i>Prunella vulgaris</i> , landøyda <i>Senecio jacobaea</i> , beitesveve <i>Hieracium vulgatum</i> , skjermesveve <i>Hieracium umbellatum</i> , løvetann <i>Taraxacum vulgare</i> , mjøduert <i>Filipendula ulmaria</i> , vendelrot <i>Valeriana sambucifolia</i> , glattveronika <i>Veronica serpyllifolia</i> , legeveronika <i>Veronica officinalis</i> , smalkjempe <i>Plantago lanceolata</i> , einer <i>Juniperus communis</i> , klokkeblåstjerne <i>Hyacinthoides non-scripta</i> , kvitkløver <i>Trifolium repens</i> , raudkløver <i>Trifolium pratense</i> , tirltunge <i>Lotus corniculatus</i> , vanleg arve <i>Cerastium vulgare</i> , vårskrinneblom <i>Arabis thaliana</i> , sløke <i>Angelica sylvestris</i> , vegtistel <i>Cirsium vulgare</i> , marikåpe <i>Alchemilla sp.</i> , kjøtttype <i>Rosa dumalis</i> , skogburkne <i>Athyrium filix-femina</i> , rogn <i>Sorbus aucuparia</i> , englodnegras <i>Holcus lanatus</i> , geitesvingel <i>Festuca vivipara</i> , hundegras <i>Dactylis glomerata</i> , engkvein <i>Agrostis capillaris</i> , storfrytle <i>Luzula sylvatica</i> , grønnstarr <i>Carex demissa</i> , bleikstarr <i>Carex pallescens</i> | | |
| Eksisterande inngrep | | |
| Under lokalitet 48 er det nemnt ei utfylling og røyrlegging av bekk frå Blomvatn. I tilslutning til dette er vegkanten i dette området gjort om til plen med tilplanting av m.a. rhododendron. | | |
| Aktuelle trugsmål | | |
| Bustad- og hyttebygging? | | |
| Registrert av | Stig Guntveit | Dato Juli 2002 |

| | | |
|--|-------------------------------------|-------------------------|
| Lokalitet | 60 Blomøyknuten, Gjenekletten, Åsen | |
| Hovedtype | Kulturlandskap | Areal 82,7 da |
| Undertype | Kystlynghei (D07) | Verdi B - viktig |
| Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering | | |
| Lokaliteten er kupert med fleire åsar. I sør/vestvende hellingar som er tørre, lune og varme er det rike førekomstar av purpurlyng. | | |
| Karakteristiske artar | | |
| Røsslyng <i>Calluna vulgaris</i> , purpurlyng <i>Erica cinerea</i> , krekling <i>empetrum nigrum</i> , mjølbær <i>Arctostaphylos uva-ursi</i> , heistarr <i>Carex binervis</i> , kornstarr <i>Carex panicea</i> , blåtopp <i>Molinia caerulea</i> , heisiv <i>Juncus squarrosus</i> , heibläfjør <i>Polygala serpyllifolia</i> , gullris <i>Solidago virgaurea</i> , blåknapp <i>Succisa pratensis</i> , lyngaugnetrøst <i>Euphrasia micrantha</i> , krypvier <i>Salix</i> | | |

repens, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, flekkmarihand *Dactylorhiza maculata*

Andre spesielle førekomstar

Overraskende funn av marinøkkel *Botrychium lunaria*, kalkelskande art som vart funne i tilknytning til sementrestar etter bygging av høgdebassenget.

Eksisterande inngrep

Bustadhus. Høgdebasseng Blomøyknuten.

Aktuelle trugsmål

Planlagt stort bustadfelt.

Registrert av Stig Guntveit

Dato August 2002

Lokalitet 62 Dale

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 2,6 da

Undertype Artsrike vegkant (D03)

Verdi C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Vegkant på austsida av Fylkesvegen til Blomvågen, frå krysset Dale/Blomvåg til bustadhus nord for Smiskaret. I samband med utviding av veg her i 2000/2001 framkom det ei rekkje kulturplantar som elles ikkje har vore registrert i kommunen. Truleg har graving i jord i dette gamle kulturlandskapet fått opp til overflata frøreservar med spireevna intakt. Året 2001 var det særleg mange av desse "eldre" artene. I 2002 vare mange av dei borte, delvis på grunn av omfattande beiting. Det er usikkert om den rike kulturmarksfloraen i 2001 var eit forbigåande fenomen.

Karakteristiske artar

Ugrasbalderbrå *Matricaria perforata*, vegtistel *Cirsium vulgare*, hagelupin *Lupinus polyphyllus*, vanleg høymol *Rumex longifolius*, raigras *Lolium perenne*, hundegras *Dactylis glomerata*, englodnegras *Holcus lanatus*, tunrapp *Poa annua*, engsvingel *Festuca pratensis*, hestehavre *Arrhenaterum elatius*, havre *Avena sativa*, geitrams *Epilobium angustifolium*, gjetartaske *Capsella bursa-pastoris*, matrem *Tanacetum parthenium*, sukkerert *Pisum sativum*, raudkløver *Trifolium pratense*, kvitkløver *Trifolium repens*, stornesle *Urtica dioica*, løvetann *Taraxacum vulgare*, groblad *Plantago major*, tungtras *Polygonum aviculare*, raudmelde *Chenopodium rubrum*, liguster *Ligustrum vulgare*

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2001

Lokalitet 67 Dalsmarka

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 768,5 da

Undertype Kystlynghei

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Området er det største, samanhengande lyngheiområdet i kommunen, og vert halde i hevd ved brenning og beiting. Lyngen er difor ung og lågtveksande. Lokaliteten er avgrensa av Osundet i nord, RV 561 i aust, Steinsvatnet i sør og Stekkedalsmyra/Selsvågen i vest.

Lyngheia er ei blanding av tørrare, lyngkledd bergdrag og våte myrdrag i forsenkingane mellom høgdedraga. Røsslyng er dominerande art. Det er ikkje registrert purpurlyng i området, truleg fordi ein manglar dei markante sørvende hellingane med høg varmeinnstråling (Purpurlyng ser ikkje ut til å trivast heilt vest i kommunen, og truleg vert sommarsnittemperaturen for låg). Gassleidningen frå Kollsnes til Kollsnes Næringspark går gjennom området, men inngrepet er nokså godt skjult i terrenget.

Ved sjølve Osundet sør har naturtypen meir karakter av kantkratt og berg, med innslag av ospenholt, toer, kløfter og berghyller og dette området burde kanskje ha vore kartlagt som ein eigen lokalitet. Her er raudlisteartane bergasal og hinnebregne funne.

Registrerte raudlisteartar

Bergasal *Sorbus rupicola* (ansvarsart) ved Austre Båteviki i Osundet. Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V) inst i Selsvågen.

Karakteristiske artar

Lynghei: Røsslyng *Calluna vulgaris*, krekling *Empetrum nigrum*, einer *Juniperus communis*, bjønnekam *Blechnum spicant*, hengevang *Phegopteris connectilis*, kattefot *Antennaria dioica*, heibläfjør *Polygala serpyllifolia*, kystmaure *Galium saxatile*, tepperot *Potentilla ereeta*, blåknapp *Succisa pratensis*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, flekkmarihand *Dactylorhiza maculata*, lyngaugnetrøyst *Euphrasia micrantha*, sylarve *Sagina subulata*, lusegras *Huperzio*

selago, heistarr *Carex binervis*, kornstarr *Carex panicea*, stjernestarr *Carex echinata*, bråtestarr *Carex pilulifera*, blåtopp *Molinia caerulea*, smyle *Deschampsia flexuosa*, dvergsmyle *Aira praecox*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, rome *Narthecium ossifragum*, duskull *Eriophorum angustifolium*, bjønnskjegg *Trichophorum cespitosum*

Klippelandskap ved Osundet: Bergasal *Sorbus rupicola*, osp *Populus tremula*, hassel *Corylus avellana*, krossved *Viburnum opulus*, vivendel *Lonicera percllymenum*, storfrytle *Luzula sylvatica*, kusymre *Primula veris*, loppestarr *Carex pulicaris*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, svartburkne *Asplenium trichomanes*, murburkne *Asplenium ruta-muraria*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii*

Eksisterande inngrep

Nedgraven gassleidning frå Kollsnes til Kollsnes Næringspark.

Aktuelle forvaltningstiltak

Regelmessig brenning av lyngmarka. Vert no utført av grunneigarar. Eventuelt avtale mellom kommune og grunneigarar.

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2002

Lokalitet 69 Rossnesura

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 10,4 da

Undertype Slåtteeuger (D01), Artsrike vegkantar (D03)

Verdi C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Gammalt kulturmarksområde som truleg har vore både beita og slått, og som har gamle tufter etter bustadhus og bruksbygningar. Sannsynleg planta frukttrær som ikkje lenger vert stelte, og lønnetre som òg truleg er planta. Førekost av artar som ikkje finst andre stader i kommunen (ullborre og kjempeslirekne), eller berre finst på få lokalitetar (t.d. haremat, skogsvinerot og steinnype). Området ligg på begge sider av riksvegen, like sør for ein markant bratt bergvegg med tilhøyrande grov ur som vert kalla Rossnesura eller berre Ura. Også sjølve ura er interessant og kunne vore verdivurdert som eigen lokalitet. På vestsida av riksvegen er det skrotemark eller artsrik vegkant med mange spesielle artar, m.a. kommunen sin einaste førekost av kulturmarksplanten ullborre. Dette området ser no ut til å vere øydelagt (2. halvår 2002), etter at det er anlagt parkeringsplass her. Det er usikkert om artane her har klart seg, men høgst truleg ikkje. Artslista under refererer til status t.o.m. sommaren 2002.

Karakteristiske artar

Platanlønn *Acer platanoides*, surkirsebær *Prunus cerasus*, rogn *Sorbus aucuparia*, steinnype *Rosa canina*, kjempeslirekne *Fallopia sachalinensis*, ullborre *Arctium tomentosum*, skjermesveve *Hieracium umbellatum*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, brunrot *Scrophularia nodosa*, haremat *Lapsana communis*, blåkoll *Prunella vulgaris*, stornesle *Urtica dioica*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, engfiol *Viola canina*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, engsoleie *Ranunculus acris*, kvitkløver *Trifolium repens*, raudkløver *Trifolium pratense*, tirlunge *Lotus corniculatus*, kystgriseøre *Hypochoeris radicata*, grasstjemeblom *Stellaria graminea*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, engkvein *Agrostis capillaris*, sølvburke *Deschampsia cespitosa*, englodnegras *Holcus lanatus*, gulaks *Anthoxantum odoratum*, harestarr *Carex ovalis*

Andre spesielle førekomstar

Utanfor lokaliteten: Bergskrent ned mot utløpet til Kvernepollen, like ved, interessant, frodig kratt med m.a. krossved *Viburnum opulus*, sommareik *Quercus robur* og vivendel *Lonicera percllymenum*

Eksisterande inngrep

Graving, planering, bygging av betongmur og arrondering av den rike vegkanten/skrotemarka på vestsida av riksveg 561, ned mot Kvemepollen Rorbusenter. Dette har høgst truleg øydelagt denne vegkantlokaliteten.

Registrert av Stig Guntveit

Dato August 2001

Lokalitet 77 Gulltona

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 8,4 da

Undertype Naturbeitemark (D04)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Markant rygg i nord-sør retning like sør for Stølevatnet på Oen, med grunt jorddekt berg, omgjeve av dyrka mark i aust og bratt stup i vest. Her finn vi den einaste kjende populasjonen av bakkesøte i Øygarden, ein plante som tidlegare var vanlegare på beitemark, men no er sjeldan. Finst elles i Hordaland på Bømlo (Bjørn Moe, pers. medd.), elles ingen fleire låglandslokalitetar i fylket etter det ein kjenner til.

Lokaliteten er sårbar. Arten vart første gong funnen på lokaliteten i 1987, men har sidan nok gått ut fleire stader på lokaliteten, men vart funnen att på eit par m² stort område med mellom 40-50 blomstrande individ i 2001. Sjølv om arten ikkje er raudlista, er han lokalt og regionalt sjeldsynt. Om lokaliteten framleis blir beita, skjer dette berre sporadisk.

Karakteristiske artar

Bakkesøte *Gentianella campestris*, einer *Juniperus communis*, rogn *Sorbus aucuparia*, krekling *Empetrum nigrum*, røsslyng *Calluna vulgaris*, blokkebær *Vaccinium uliginosum*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, tyttebær *Vaccinium vitis-idaea*, krypvier *Salix repens*, smyle *Deschampsia flexuosa*, blåtopp *Molinia caerulea*, geitesvingel *Festuca vivipara*, bjønnskjegg *Trichophorum cespitosum*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*, kystmaure *Galium saxatile*, tepperot *Potentilla erecta*, gullris *Solidago virgaurea*, blåknapp *Succisa pratensis*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, kystgriseøre *Hypochoeris radicata*, jordnøtt *Conopodium majus*, engsyre *Rumex acetosa*, sisselrot *Polypodium vulgare*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, ryllik *Achillea millefolium*

Eksisterande inngrep

Veg Oen - Breivik går rett forbi lokaliteten

Aktuelle trugsmål

Attgroing. Sitkagran kan på sikt truge lokaliteten, men òg generell attgroing med lauvtre og grov lyng på grunn av opphøyr av beiting.

Aktuelle forvaltningstiltak

Beiting. Rydding av sitkagran og andre ungtre.

Registrert av Stig Guntveit

Dato 1987-2001, 21.01.2003

Lokalitet 86 Tjeldstø

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 6,5 da

Undertype Slåtteeuger

Verdi C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Slåtteeug/beitemark like nord for krysset mellom Fylkesveg 230 til Tjeldstø kai og kommunal veg nordover til Tjeldstø gard. Særleg i sørhelling på vestsida av fylkesvegen, før nedlagte legesenter, finn vi fleire stader berg med grunt jorddekke og førekomst av tørrengartar som ikkje er vanlege i kommunen. Også antar med ein viss preferanse for baserik grunn. Ikkje i intensiv hevd i dag.

Karakteristiske artar

Stemorsblomst *Viola tricolor*, bakkeveronika *Veronica arvensis*, glattveronika *Veronica serpyllifolia*, lodnefaks *Bromus hordeaceus*, dvergsmyle *Aira praecox*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, liljekonvall *Convallaria majalis*, ryllik *Achillea millefolium*, følblom *Leontodon autumnalis*, kystgriseøre *Hypochoeris radicata*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, jordnøtt *Conopodium majus*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, raudkløver *Trifolium pratense*, kvitkløver *Trifolium repens*, engrapp *Poa pratensis*, engsvingel *Festuca pratensis*, englodnegras *Holcus lanatus*, engreverumpe *Alopecurus pratensis*, timotei *Phleum pratense*, hundegras *Dactylis glomerata*, blåknapp *Succisa pratensis*, engsyre *Rumex acetosa*

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2001

Lokalitet 93 Vestre Sturevågen

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 7,9 da

Undertype Naturbeitemark (D04)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Nes som stikk ut i vestre Sturevågen. Grunt jorddekt berg som lett tørkar ut. Har tidlegare vore nytta som naturbeitemark for sau, men det er bortimot 20 år sidan (Trygve Fjeldstad pers. medd.). Her, og langs vestre breidd av vestre Sturevågen, artsrikt og med innslag av antar som er typiske for slåtteeug og naturbeitemark. Nokre av dei uvanlege artane lokalt og regionalt er vill-lin og marinøkkel. Vill-lin er funne ved naustmiljøet langs vestbreidda av vestre Sturevågen (arten er kalkkrevjande, og var eit uventa funn på lokaliteten). Lokaliteten er naturleg å sjå saman med lokalitet 95 (slåtteeug, med m.a. orkideen grov nattfiol).

Karakteristiske artar

Kjøtttype *Rosa dumalis*, blåbær *Vaccinia myrtillus*, blokkebær *Vaccinia uliginosum*, einer *Juniperus communis*, sisselrot *Polypodium vulgare*, blåknapp *Succisa pratensis*, kjertelaugnetrøyst *Euphrasia stricta*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, kattefot *Antennaria dioica*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, tepperot *Potentilla erecta*, marinøkkel

Botrychium lunaria, vill-lin *Linum catharticum*, jordnøtt *Conopodium majus*, legeveronika *Veronica officinalis*, glattveronika *Veronica serpyllifolia*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, småengkall *Rhinanthus minor*, kystgriseøre *Hypochoeris radicata*, følblom *Leontodon autumnalis*, hårsveve *Hieracium pilosella*, geitesvingel *Festuca vivipara*, lodnefaks *Bromus horderaceus*, smyle *Deschampsia flexuosa*, dvergsmyle *Aira praecox*

Eksisterande inngrep

Veg til kai vestre Sturevågen, veg til Stureterminalen, oljerørledning til Stureterminalen, molo, fleire naust.

Aktuelle trugsmål

Attgroing som følgje av opphøyr av beite.

Aktuelle forvaltningstiltak

Beiting.

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2002

Lokalitet 95 Smalehusbrekka

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 7,9 da

Undertype Slåtteenger (D01)

Verdi C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Mindre område sør på Sture, 100-200 meter nord for kryssinga mellom oljerørleidninga til Stureterminalen og fylkesvegen. Lokaliteten ligg i søraustvend skråning på austsida av vegen. Slåttemarka har ikkje blitt regelmessig slått dei siste 20 åra (Trygve Fjeldstad pers. medd.). Rundt marka veks spreidde seljetre. Noko fuktig, særleg nedre delen er fuktig og går over i myr/sump (lok. 94). Tidlegare lokalitet med grov nattfiol, men i 2002 vart berre eitt individ funne.

Karakteristiske artar

Selje *Salix caprea*, rogn *Sorbus aucuparia*, einer *Juniperus communis*, kjøtttype *Rosa dumalis*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, sløke *Angelica sylvestris*, jordnøtt *Conopodium majus*, mjødukt *Filipendula ulmaria*, myrtistel *Cirsium palustre*, høymol *Rumex longifolius*, engsyre *Rumex acetosa*, blåknapp *Succisa pratensis*, tepperot *Potentilla erecta*, kystmaure *Galium saxatile*, engsoleie *Ranunculus acris*, krattmjølke *Epilobium montanum*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, løvetann *Taraxacum vulgare*, skjermesveve *Hieracium umbellatum*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, hundegras *Dactylis glomerata*, timotei *Phleum pratense*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, engkvein *Agrostis capillaris*, geitesvingel *Festuca vivipara*, englodnegras *Hulcus lanatus*, engrapp *Poa pratensis*, knappsiv *Juncus conglomeratus*, grov nattfiol *Platanthera chlorantha*

Aktuelle trugsmål

Attgroing med grove urter og gras, lauvtre og sitkagran.

Aktuelle forvaltningstiltak

Slått.

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juni 2002

Lokalitet 98 Haneviki

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 12,9 da

Undertype Skrotemark (D15), Naturbeitemark (D04)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg nord for kaien i Søre Selsvågen og Haneviki. I Haneviki nedlagt skjelsandtørkeri/deponi og på denne biotopen og på marka ikring (tidlegare truleg slåttemark; no beitemark) er det ganske artsrikt. Her er m.a. innslag av artar som ikkje er registrert andre stader i kommunen (kamgras, åkerveronika og bakkeminneblom), og artar som er sjeldsynte. Lokaliteten vart kartlagt sommaren 2002 og var då sterkt nedbeita. Mogeleg kan det vere fleire interessante artar her som enno ikkje har late seg påvise. Her er høgt tal på grasartar og artar som er vanlege på tørrbakke, gjerne litt kalkrikt. Innan lokaliteten finn ein både tørrbakke, bergrabbar og fuktigare mark.

Karakteristiske artar

Åkerveronika *Veronica agrestis*, bakkeveronika *Veronica arvensis*, glattveronika *Veronica serpyllifolia*, legeveronika *Veronica officinalis*, bakkeminneblom *Myosotis ramossissima*, åkerminneblom *Myosotis arvensis*, engsoleie *Ranunculus acris*, krypssoleie *Ranunculus repens*, kystgriseøre *Hypochoeris radicata*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, blåkoll *Prunella vulgaris*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, tiriltunge *Lotus*

corniculatus, gjetartaske *Capsella bursa-pastoris*, vårskrinneblom *Arabis thaliana*, åkersvineblom *Senecio vulgaris*, raudkløver *Trifolium pratense*, kvitkløver *Trifolium repens*, ryllik *Achillea millefolium*, vanleg arve *Cerastium vulgare*, tunarve *Sagina procumbens* hanekam *Lychnis flos-cuculi*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, myrtistel *Cirsium palustre*, krattmjølke *Epilobium montanum*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, dvergsmyle *A. ira praecox*, lodnefaks *Bromus hordeaceus*, kamgras *Cynurus cristatus*, engsvingel *Festuca pratensis*, timotei *Phleum pratense*, engreverumpe *Alopecurus pratensis*, hundegras *Dactylis glomerata*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, engrapp *Poa pratensis*, engkvein *Agrostis capillaris*, raigras *Lolium perenne*, englodnegras *Holcus lanatus*, tunrapp *Poa annua*, harestart *Carex ovalis*

Eksisterande inngrep

Oljetank på bergnabb ovanfor kaien N. Sæle, bustad/fritidshus, lakserøykeri.

Aktuelle trugsmål

Attgroing.

Aktuelle forvaltningstiltak

Beiting.

Registrert av Stig Guntveit

Dato Mai-august 2002

Lokalitet 102 Hjelme II

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 6,3 da

Undertype Fuktenger (D09)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Dalsøkk sørvest for gamle Hjelme kyrkje, som gradvis skrår slakt ned mot nordaustlege delen av Hjelmevatnet som her ender som ei markert vik. Grensar til lokalitet 101, og overgangssona mellom desse lokalitetane kan kallast sumpskog. Lokaliteten er nokså smal og langstrakt. I nordre delen slåttemark, i søre delen mot Hjelmevatnet overgang til fukteng, og dette er den mest interessante delen av lokaliteten. Høgt tal på artar, også fleire artar som elles er sjeldsynte i kommunen. Fuktenger er dessutan ein sjeldsynt naturtype i Øygarden, og finst ikkje andre stader like velutvikla og med såpass storleik som denne. Av artar å nemne særskilt er harerug, engstarr, myrklegg og sumphaukeskjegg. Lokaliteten ligg innanfor nedslagsfelter til Hjelmevatn, og skulle såleis vere verna for større arealinnprep.

Karakteristiske artar

Øyrevier *Salix aurita*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, engsnelle *Equisetum pratense*, amerikamjølke *Epilobium watsonii*, myrmjølke *Epilobium palustre*, bekkeblom *Caltha palustris*, grøftesoleie *Ranunculus flamma*, engsoleie *Ranunculus acris*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, myrtistel *Cirsium palustre*, myrklegg *Pedicularis palustris*, myrmaure *Galium palustre*, myrhatt *Potentilla palustris*, kjeldeurt *Montia fontana*, sumphaukeskjegg *Crepis paludosa*, harerug *Bistorta vivipara*, bekkestjerneblom *Stellaria alsine*, mjuksivaks *Eleocharis mamillata*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, engsyre *Rumex acetosa*, englodnegras *Holcus lanatus*, engkvein *Agrostis capillaris*, engreverumpe *Alopecurus pratensis*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, engrapp *Poa pratensis*, markrapp *Poa trivialis*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, lyssiv *Juncus effusus*, trådsiv *Juncus filiformis*, ryllsiv *Juncus articulatus*, flaskestarr *Carex rostrata*, beitestarr *Carex serotina ssp. serotina*, engstarr *Carex hostiana*, slåttestarr *Carex nigra*, loppestarr *Carex pulicaris*, tvebustarr *Carex dioica*, stjemestarr *Carex echinata*, kornstarr *Carex panicea*, marikåpe *Alchemilla sp.*, engkarse *Cardamine pratensis*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*

Eksisterande inngrep

Dumping av nedhogne greiner.

Aktuelle forvaltningstiltak

Framhald av slått av slåttemarkdelen av lokaliteten er ein føremon.

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2000

Lokalitet 118 Balsneset

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 0,7 da

Undertype Skrotemark (D15)

Verdi C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Fyllplass sør for Turøyvegen på Toftøy, sørvest og like aust for Skoresundet. I bergskjering sør for vegen grønfarga berg, truleg olivin/serpentin, og på nemnde fyllplass tilsvarende grus/sand. I grusen veks tunbendel, som er ein søraustleg art i

Noreg, og som på Vestlandet har svært få funn (Bjørn Moe pers. medd.).

Karakteristiske artar

Tunbendel *Spergularia rubra*, vanleg arve *Cerastium vulgare*, røsslyng *Calluna vulgaris*, engrapp *Poa pratensis*

Andre spesielle førekomstar

I same område, i vegkant på nordsida av Turøyvegen, vart det på midten av 1990-talet, over fleire år, funne ein karplante tilhøyrande maskeblomstfamilien, døypt gultopp *Parentucellia viscosa*. Arten er ikkje tidlegare funnen i Noreg, men høyrer heime i Vest-Europa, m.a. dei britiske øyane. Planten er ikkje funnen dei siste fem åra og er truleg utgått.

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2001

Ferskvatn/våtmark

Bekkeblom (*Caltha palustris*)



Bukkeblad (*Menyanthes trifoliata*)



Kantnøkkerose (*Nymphaea alba* ssp. *candida*)



Skaftvejblom (*Elatine hexandra*)

Lokalitet 9 Søgardsvatnet**Hovedtype** Ferskvatn/våtmark**Areal** 14,2 da**Undertype** Rike kulturlandskapssjøar (E08)**Verdi** B - viktig**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Middels næringsrikt (mesotroft) ferskvatn. Grensar i sør til gammel beite/slåttemark, i vest til planteskog, hovudsakeleg buskfuru, i aust til bratt gran -og furukledd, sørvestvendt berg og i nord til dyrka innmark. Tett takrøyrvegetasjon i nordvest, vest og sørenden av vatnet. Truleg eit visst tilsig av kloakk og næringssalt, særleg frå nord.

Vatnet, med vassbreidd, har eit nokså høgt tal på artar, også artar som elles ikkje er vanlege i kommunen.

Karakteristiske artar

Takrøyr *Phragmites australis*, flaskestarr *Carex rostrata*, kvit nøkkerose *Nympaea alba*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, soleinøkkerose *Nuphar pumila*, vanleg tjønnaks *Potamogeton natans*, grastjønna *Potamogeton gramineus*, vasskrans *Zanichellia palustris*, myrhatt *Potentilla palustris*, sumpmaure *Galium uliginosum*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, smørtelg *Thelypteris limbosperma*, broddtelg *Dryopteris carthusiana*, andemat *Lemna minor*, myrklegg *Pedicularis palustris*, perlevintergrønn *Pyrola minor*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, engkarse *Cardamine pratensis*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, raudt hønsegras *Persicaria lapathifolium*, lyssiv *Juncus effusus*, bekkeblom *Caltha palustris*, mjølkerot *Paucedanum palustre*, mjuksivaks *Eleocharis mammillata*

Andre spesielle førekomstar

Maurarve *Moehringia trinervia* i bratt berg i aust, kun funne ein annan stad i Øygarden

Eksisterande inngrep

Flytebrygge i nord. Tilfeldig dumping av sprengstein i bratt skråning i aust.

Registrert av Stig Guntveit**Dato** Juli 2002**Lokalitet 21 Norlavatnet****Hovedtype** Ferskvatn/våtmark**Areal** 48,1 da**Undertype** Rike kulturlandskapssjøar (E08)**Verdi** C - lokal verdi**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Relativt næringsrikt (mesotroft) vatn, sannsynleg naturleg næringsrikt, då ein i alle fall i dag ikkje kan sjå at her er særleg tilsig av næringssalt frå menneskeleg aktivitet. Omgjeve i all hovudsak av planta busk/bergfurusog og i nokon grad myrområde. I vest grensar lokaliteten mot riksveg 561 og vest for dette busetnad ved Dalekletten. Drenerer mot aust til Hjeltefjorden. Det er uttak av vatn til smoltanlegg i aust, noko som kan gje fluktuerande vannstand. Truleg er dette positivt for visse typar plantar, som til dømes sylblad. Funn av kryssing mellom flaskestarr og trådstarr (*Carex rostrata* x *Carex lasiocarpa*). Ganske rik vegetasjon og relativt høgt tal på antar.

Karakteristiske artar

Kvit nøkkerose *Nympaea alba*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, vanleg tjønnaks *Potamogeton natans*, strandrøyr *Phalaris arundinacea*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, lyssiv *Juncus effusus*, paddesiv *Juncus bufonius*, ryllsiv *Juncus articulatus*, andemat *Lemna minor*, sylblad *Subularia aquatica*, myrhatt *Potentilla palustris*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, grøftesoleie *Ranunculus flammaea*, myrmjølke *Epilobium palustre*, flaskestarr *Carex rostrata*, gråstarr *Carex canescens*, hønsegras *Persicaria maculosa*, småblærerot *Utricularia minor*, tusenblad *Myriophyllum alternifolium*

Andre spesielle førekomstar

Kryssing mellom flaskestarr og trådstarr (*Carex rostrata* x *Carex lasiocarpa*)

Eksisterande inngrep

Vassuttak til smoltanlegg. Deponering av skjellsand (badeplass) på nordbreidda. Desse inngrepa truleg heller føremon enn ulempe i høve til artsrikdom.

Registrert av Stig Guntveit**Dato** Juli 2002**Lokalitet 24 Kvernevatnet****Hovedtype** Ferskvatn/våtmark**Areal** 21,8 da**Undertype** Rike kulturlandskapssjøar (E08)**Verdi** B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Kulturpåverka vatn på vestre Torsvik med avrenning mot sørvest. Eutroft vatn med tilsig av nærings salt frå gardsbruk og kloakk, men kalkfattig som dei fleste vatn i kommunen. Omgjeve av bustadhus og til dels gjødsla og beita innmark i nord og aust, lyngheiddominerte åsar i sør og stort sett gras/heiddominert beitemark med relativt tynt jorddekke i vest. Større belte med takrøyr i nord og i aust/søraust, gruntvassområdet kring utlaupet i sørvest er dominert av flaskestarr. Høgt innhald av nærings salt gjev høg planteproduksjon og høgt tal på artar, også artar som elles er sjeldne i kommunen, som t.d. fagerfredlaus (forvilla?), sverdlilje (sjeldan i vatn, vanlegare på havstrand i kommunen), gul nøkkerose og andemat. Slike vatn med høg planteproduksjon og takrøyrvegetasjon viktig for mange fugleartar.

Karakteristiske artar

Takrøyr *Phragmites australis*, flaskestarr *Carex rostrata*, kvit nøkkerose *Nymphaea alba*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, vanleg tjønnaks *Potamogeton natans*, grastjønnaks *Potamogeton gramineus*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, mjuksivaks *Eleocharis mammillata*, myrhatt *Potentilla palustris*, grøftesoleie *Ranunculus flamma*, andemat *Lemna minor*, fagerfredlaus *Lysimachia punctata*, hesterumpe *Hippuris vulgaris*, tjønngras *Littorella uniflora*, myrmaure *Galium palustre*, tusenblad *Myriophyllum alternifolium*, småblærerot *Utricularia minor*, ryllsiv *Juncus articulatus*, paddesiv *Juncus bufonius*, doggrose *Rosa glauca*

Eksisterande inngrep

Tilsig frå busetnad og landbruk, dumping av søppel i nordre del av vatnet.

Aktuelle forvaltningstiltak

Rydding av søppel langs vassbreidda. I høve til eutrofiering, som i all hovudsak er kulturskapt, er det ein fordel at ei viss avrenning av nærings salt heldt fram.

Litteratur

Losvik 1977

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2002

Lokalitet 39 Breiviktjødna

Hovedtype Ferskvatn/våtmark

Areal 7,1 da

Undertype Dammar (E09)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lågtliggende dam på Ono med smalt og kort utløp til søre strandbreidd i Stekkane, berre 1-2 meter over havnivå. Mogeleg noko saltvasspåverka, truleg også skjellsand under plante/humuslaget. Betydeleg eutrofiering, med høg planteproduksjon og er på det næraste attgrodd, delvis av tette takrøyrbelte, delvis av samanhengande flytematter. Truleg opprinneleg naturleg næringsrik dam, men i søre delen beitar det til tider storfe. Einaste lokalitet av denne naturtypen i Øygarden. Høgt tal på artar på lite område (nær innpå 50 artar), også artar som i Øygarden berre finst her (stor blærerot og bogeminneblom), eller berre få andre stader i kommunen. Noko overraskande funn av raudlistearten hinnebregne på bergnabb/stein ved utløpet av dammen i nord (utypisk habitat for denne arten).

Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)

Karakteristiske artar

Takrøyr *Phragmites australis*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, myrmaure *Galium palustre*, flaskestarr *Carex rostrata*, gråstarr *Carex canescens*, slåttstarr *Carex nigra*, dystarr *Carex limosa*, ryllsiv *Juncus articulatus*, kantnøkkerose *Nymphaea alba ssp. candida*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, stor blærerot *Utricularia vulgaris*, tusenblad *Myriophyllum alternifolium*, vanleg tjønnaks *Potamogeton natans*, myrhatt *Potentilla palustris*, grøftesoleie *Ranunculus flamma*, myrklegg *Pedicularis palustris*, myrmjølke *Epilobium palustris*, amerikamjølke *Epilobium watsonii*, nøstepiggknopp *Sparaginum glomeratum*, engkarse *Cardamine pratensis*, bekkeblom *Caltha palustris*, skjoldblad *Hydrocotyle vulgaris*, bogeminneblom *Myosotis laxa ssp. laxa*

Aktuelle trugsmål

Attgroing kan føre til at nokre av artane kan forsvinne (t.d. er soleinøkkerose *Nuphar pumila* tidlegare funnen i vatnet, men ikkje atfunnen dei seinare år).

Litteratur

Losvik 1977

Registrert av Stig Guntveit

Dato 1977/2000/2002

Lokalitet 48 Blomvatn**Hovedtype** Ferskvatn/våtmark**Areal** 4,1 da**Undertype** Rike kulturlandskapsjøar (E08)**Verdi** B - viktig**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Næringsrikt (eutroft) vatn med tilsig av næringssalt frå landbruk og kloakk. Truleg òg marine avsetningar (skjelsand?) i botn, då vatnet har ein pH på 7,5. Vatn og tjørn elles i kommunen har typisk pH mellom 5 og 6 (vatn med mykje humus kan vere ligge endå lågare). Ei alternativ forklaring kan vere at berggrunnen kring Blomvatn er baserik. Funn av plantar som trivst på baserik grunn i nærleiken av vatnet kan tyde på dette. I nord og nordaust er det belte med takrøyr, i sørvest og vest rike nøkkerose/tjønnakssamfunn. I nordvest overgang til sump/fukteng. Elles er vassbreidda stort sett steinstrand. Lokaliteten har eit svært høgt tal på artar. I vatnet og langs vassbreidda innanfor eit belte på 5 meter er det funne over 100 artar, noko som gjer Blomvatn til det rikaste ferskvatn i kommunen. Småtjønnaks og vasshøymol er ikkje funne andre stadar i kommunen. Lokaliteten bør sjåast i samanheng med lokalitetane 45, 47, 49 og 50.

Karakteristiske artar

Takrøyr *Phragmites australis*, kvit nøkkerose *Nymphaea alba*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, soleinøkkerose *Nuphar pumila*, vanleg tjønnaks *Potamogeton natans*, kysttjønnaks *Potamogeton polygonifolius*, småtjønnaks *Potamogeton berchtoldii*, grastjønnaks *Potamogeton gramineus*, flaskestarr *Carex rostrata*, trådstarr *Carex lasiocarpa*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, tusenblad *Myriophyllum alternifolium*, klovasshår *Callitriche hamulata*, småvasshår *Callitriche palustris*, småblærerot *Utricularia minor*, vasshøymol *Rumex aquaticus*, dikeminneblom *Myosotis laxa ssp. cespitosa*, ryllsiv *Juncus articulatus*, trådsiv *Juncus filiformis*, bekkeblom *Caltha palustris*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, stivt brasmegras *Isoetes lacustris*, åkersvinerot *Stachys palustris*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, myrmaure *Galium palustre*, amerikamjølke *Epilobium watsonii*, myrmjølke *Epilobium palustre*, myrhatt *Potentilla palustris*, tjønngras *Littorella uniflora*

Eksisterande inngrep

Utfylling av masse ved utløpsbekk i sørvest. Bekken er lagt i røyr i samband med anlegging av veg til bustadhus.

Registrert av Jenfrid Stellberg, Stig Guntveit**Dato** Juli 1997, sept. 2001**Lokalitet 49 Bekk Blomvatn - Selstø****Hovedtype** Ferskvatn/våtmark**Areal** 2,6 da**Undertype** Viktige bekkedrag (E06)**Verdi** C - lokal verdi**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Avrenningsbekk frå Blomvatn, men og tilførsle frå sør og frå myrområde like sørvest for lokalitet 50. Renn frå Blomvatn sin sørvestre ende gjennom dalføre mot sørvest til Selstø. Dalføret er lunt og har edellauskog (lokalitet 47) på nordvestsida. Bekken renn i botnen av dalen og er skilt frå lokalitet 47 av kommunal veg som går gjennom dalen. I sør er bekkedalen avgrensa av ein bratt bergvegg langs heile løpet. I utløpet frå Blomvatn har bekkedalen for nokre år tilbake vorte lagt i røyr nokre meter og det er fylt på masse i samband med etablering av tilkomstveg til eit bustadhus. Jordsmonnet i området er truleg noko baserikt, og lokaliteten har høg artsrikdom. Bekkedrag er ein sjeldan naturtype i Øygarden, og pr. i dag er denne lokaliteten det einaste nokolunde intakte bekkedraget av ein viss lengd som har ei utforming og artssamansetjing som gjer det interessant som naturtype.

Karakteristiske artar

Øyrevier *Salix aurita*, mjødukt *Filipendula ulmaria*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, bekkeblom *Caltha palustris*, grøftesoleie *Ranunculus flamma*, amerikamjølke *Epilobium watsonii*, myrmjølke *Epilobium palustre*, skogkarse *Cardamine flexuosa*, engkarse *Cardamine pratensis*, sumphaukeskjegg *Crepis paludosa*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, flaskestarr *Carex rostrata*, gråstarr *Carex canescens*, slåttstarr *Carex nigra*, lyssiv *Juncus effusus*, ryllsiv *Juncus articulatus*, myrhatt *Potentilla palustris*, bekkestjerneblom *Stellaria alsine*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, raggtelg *Dryopteris affinis*

Eksisterande inngrep

Attfylling med masse og legging i røyr av første metrane av bekkedraget i utløpet frå Blomvatn. Fleire stader anlegging av plenar/slåtteeng i samband med bustadbygging/hytter i området.

Aktuelle trugsmål

Hytte- og bustadbygging.

Registrert av Stig Guntveit**Dato** Mai 2002

| | | |
|--|--------------------------------|------------------------------|
| Lokalitet | 68 Hellevatnet | |
| Hovedtype | Ferskvatn/våtmark | Areal 44,1 da |
| Undertype | Naturlig fisketomme vatn (E10) | Verdi C - lokal verdi |
| Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering | | |
| Oligotroft (næringsfattig) vatn i Dalsmarka. Avrenning i nord mot Helleosen (Odden/Oksneset). Sparsam vegetasjon. Varierende botntilhøve, delvis stein/berg og delvis sand/grusbotn. Botnegrassamfunn typisk på sand/grusbotn. Vatnet skal vere fisketomt, men det er ikkje gjort undersøkingar som kan stadfeste dette. | | |
| Karakteristiske artar | | |
| Botnegrass <i>Lobelia dortmanna</i> , trådtjønna <i>Potamogeton filiformis</i> , flotgras <i>Sparaginum angustifolium</i> | | |
| Registrert av | Stig Guntveit | Dato Juli 2002 |

| | | |
|---|---------------------------------|-------------------------|
| Lokalitet | 76 Hildalsvatnet | |
| Hovedtype | Ferskvatn/våtmark | Areal 22,4 da |
| Undertype | Rike kulturlandskapssjøar (E08) | Verdi B - viktig |
| Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering | | |
| V-forma, grunt vatn på søre Oen, nord for veg til Kollsnes og aust for riksvegen. I sør sand/grusbotn, i nord meir næringsrik botn med gytje og mudder. I nordvest overgang til fukteng. Her er flaskestarr dominerande art i eit fleire hundre m ² stort område i gruntvass/sumpområdet som gradvis går over i fukteng. Næringsrik bekk frå gardsbruk med moglege kloakktilslig frå bustadhus på Gulltona nordvest på Oen. I aust/søraust vegfylling og større steindeponi langt ut i vatnet. I sør meir næringsfattig botn, med botnegrass og tjønngras som typiske artar. Truleg naturleg næringsfattig vatn som har vorte eutrofiert gjennom tilførsle av næringsstoff frå landbruk og kloakk. Fluktuerande vasstand (mest på grunn av opning/lukking av demning). Vatnet ikkje er fullstendig kartlagt, spesielt ikkje ved lågvasstand. Svær forekomst av skjoldblad, dekkar i likskap med flaskestarr fleire hundre m ² , men oversvømt ved høg vasstand. Dette er største skjoldbladlokaliteten i Øygarden (og i landet?). | | |
| Karakteristiske artar | | |
| Flaskestarr <i>Carex rostrata</i> , skjoldblad <i>Hydrocotyle vulgaris</i> , botnegrass <i>Lobelia dortmanna</i> , tjønngras <i>Littorella uniflora</i> , kantnøkkerose <i>Nymphaea alba ssp. candida</i> , vanleg tjønnaks <i>Potamogeton natans</i> , blåtopp <i>Molinia caerulea</i> , krypkvein <i>Agrostis stolonifera</i> , geitesvingel <i>Festuca vivipara</i> , sølvbunke <i>Deschampsia cespitosa</i> , englodnegrass <i>Holcus lanatus</i> , beitestarr <i>Carex serotina ssp. serotina</i> , lyssiv <i>Juncus effusus</i> , knappesiv <i>Juncus conglomeratus</i> , myrhatt <i>Potentilla palustris</i> , grøftesoleie <i>Ranunculus flammaea</i> , engsoleie <i>Ranunculus acris</i> , myrtistel <i>Cirsium palustre</i> , amerikamjølke <i>Epilobium watsonii</i> , krypvier <i>Salix repens</i> , blåknapp <i>Succisa pratensis</i> , småblærerot <i>Utricularia minor</i> , duskull <i>Eriophorum angustifolium</i> , rome <i>Narthecium ossifragum</i> , bukkeblad <i>Menyanthes trifoliata</i> | | |
| Eksisterande inngrep | | |
| Vegfylling og steindeponi i søraust mot riksvegen. Oppdemming. | | |
| Registrert av | Stig Guntveit | Dato August 2001 |

| | | |
|--|---------------------------------|-------------------------|
| Lokalitet | 85 Husvatnet | |
| Hovedtype | Ferskvatn/våtmark | Areal 50,8 da |
| Undertype | Rike kulturlandskapssjøar (E08) | Verdi B - viktig |
| Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering | | |
| Middels næringspåverka vatn på Tjeldstø, nordaust for Tjeldstøkrysset. Truleg naturleg næringsfattig, med tilførsle av næringsstoff frå landbruket. I sør grense til veg til Tjeldstø kai, i aust mot hovudsak dyrka mark, gardsbruk og bustadhus, i nord Tjeldstømarka (lok. 87) og i vest mot beitemark og riksvegen. Gruntvassområde, særleg i vestre del av vatnet, og i sørvestre enden tett vegetasjon med flaskestarr som dominerande art, til dels med danning av flytematte. Større belte med tjønnaks og nøkkeroser. Gruntvassområde også i nordvest (som truleg ofte tørkar opp om sommaren) med tett vegetasjon med dominans av duskull, myrhatt, myrklegg og elvesnelle. Varierende botn, dels gytje/evje, delvis grov stein og delvis grusbotn. Høgt tal på artar og viktig tilhaldsstad for fugl. Flytematter i sørvest er ikkje fullstendig undersøkt i mangel på båt/vadeutstyr. Funn av raudlistearten skaftevjeblom i første halvdel av 1990-talet (Jenfrid Stellberg pers. medd.). | | |
| Registrerte raudlisteartar | | |
| Skaftevjeblom <i>Elatine hexandra</i> (DC) | | |

Karakteristiske artar

Flaskestarr *Carex rostrata*, myrhatt *Potentilla palustris*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, kantnøkkerose *Nymphaea alba ssp. candida*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, vanleg tjønnaks *Potamogeton natans*, trådtjønna *Potamogeton filiformis*, tusenblad *Myriophyllum alternifolium*, småblærerot *Utricularia minor*, mjuksivaks *Eleocharis mamillata*, stivt brasmegras *Isoetes lacustris*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, geitesvingel *Festuca vivipara*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, engkvein *Agrostis capillaris*, lyssiv *Juncus effusus*, ryllsiv *Juncus articulatus*, krypsiv *Juncus supinus*, duskull *Eriophorum angustifolium*, slåtestarr *Carex nigra*, gråstarr *Carex canescens*, stjernestarr *Carex echinata*, myrklegg *Pedicularis palustris*, engkarse *Cardamine pratensis*, myrtistel *Cirsium palustre*, skaftevjeblom *Elatine hexandra*

Registrert av Stig Guntveit, Trygve Fjeldstad

Dato Juli 2002, 26.01.2003

Lokalitet 87 Tjeldstømarka

Hovedtype Ferskvatn/våtmark

Areal 215,7 da

Undertype Rike kulturlandskapssjøar (E08)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Større våtmarksområde som er verna på grunn av fugleliv og kulturminne. Består av eit nettverk av grunne, delvis attgrodde sjøar/tjørn, nokre stader med evjebotn, andre stader med grus/sandbotn. Nokre stader reine sumpar med tett vegetasjon av mellom-/høgvaksne sump-/vassplantar. Avrenningsbekk renn i røy under riksvegen mot vest, og ut i Dalsvatnet. Lyngheivegetasjon inn imellom. Større, delvis samanhengande lyngheiområde omkring det sentrale bassenget med ope vatn vasspegel som framleis vert halde i hevd med lyngbrenning. Beiting stort sett av sau. Rikt fugleliv. Det er sett opp eit observasjonshus for fuglekikking i sørvestenden av området. Fleire utlør vitnar om tidlegare kultivering. Variert naturtype med fleire typar habitat, og dermed høg tal på artar. I lynghei/beitemark i nordaust vart det gjort funn av heiaugnetrøyst i 2002. Dette er ein "ny" art i Noreg, som berre er funnen i 3-4 kommunar i Hordaland. Arten finst elles på Færøyane og dei britiske øyane.

Karakteristiske artar

Kantnøkkerose *Nymphaea alba ssp. candida*, vanleg tjønnaks *Potamogeton natans*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, sumpsivaks *Eleocharis palustris*, grøftesoleie *Ranunculus flammaea*, amerikamjølke *Epilobium watsonii*, myrmjølke *Epilobium palustre*, myrflol *Viola palustris*, tranebær *Oxycoccus quadripetalus*, småtranebær *Oxycoccus microcarpus*, myrhatt *Potentilla palustris*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, hesterumpe *Hippuris vulgaris*, botnegras *Lobelia dortmanna*, småblærerot *Utricularia minor*, sumpblærerot *Utricularia stygia*, tusenblad *Myriophyllum alternifolium*, klovasshår *Callitriche hamulata*, mannosøtgras *Glyceria fluitans*, blåtopp *Molinia caerulea*, heisiv *Juncus squarrosus*, tettegras *Pinguicula vulgaris*, rundsoldogg *Drosera rotundifolia*, buskfuru *Pinus mugo*, einer *Juniperus communis*, røsslyng *Calluna vulgaris*, kløkkelyng *Erica tetralix*, krekling *Empetrum nigrum*, bjønnskjepp *Trichophorum cespitosum*, torvull *Eriophorum vaginatum*, duskull *Eriophorum angustifolium*, rome *Narthecium ossifragum*, kornstarr *Carex panicea*, stjernestarr *Carex echinata*, heistarr *Carex binervis*, slåtestarr *Carex nigra*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, flekkmariband *Dactylorhiza maculata*, kystmaure *Galium saxatile*, heiaugnetrøyst *Euphrasia confusa*, heiblåfjør *Polygala serpyllifolia*, tepperot *Potentilla erecta*

Eksisterande inngrep

Fugleobservasjonshus, utlør

Aktuelle forvaltningstiltak

Området er verna etter naturvernlova.

Registrert av Stig Guntveit, Trygve Fjeldstad

Dato Juli 2002

Lokalitet 88 Alvheimsvatnet

Hovedtype Ferskvatn/våtmark

Areal 77,1 da

Undertype Rike kulturlandskapssjøar (E08)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Langstrakt vatn i nord/sør-retning sør på Alvheim. Tre tronge parti som deler vatnet i tre delar. Middels påverka av nærings salt. Avrenning via Musevatnet til Kvernhuspollen i Alheimsundet i sørvest. Nokså grunt, særleg den søre delen. For det meste evjebotn. Grensar til til kulturlandskap i nord og er noko påverka av nærings salt frå kloakk og avrenning frå gjødsla mark. Har fleire stader sumpbreidd med breie belte med flaskestarr og sivaks, bekkeblom og bukkeblad. På djupare vatn nøkkeroser og tjønna. Andre stader stein/bergstrand. Også lenger sør i vatnet finn ein sumpaktige vikar med dominans av flaskestarr. På det tronge partiet mellom midtre og søre delen av vatnet er det grunt, og på evjebotn her

finst ein masseforekomst av raudlistearten skafteevjebloom, truleg fleire titusen individ. I sump same staden er det rikeleg forekomst av vasspepper, som elles i Øygarden berre er funnen sporadisk i Dalsvatnet (lok. 91). Alt i alt artsrikt og variert vatn med fleire undertypar habitat. Også viktig biotop for mange fuglearter. Fint ospe/hasselkratt i nordenden av vatnet.

Registrerte raudlisteartar

Skafteevjebloom *Elatine hexandra* (DC)

Karakteristiske artar

Vendelrot *Valeriana sambucifolia*, myrhatt *Potentilla palustris*, sløke *Angelica sylvestris*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, geitrams *Epilobium angustifolium*, blåknapp *Succisa pratensis*, høymol *Rumex longifolius*, mjuksivaks *Eleocharis mamillata*, flaskestarr *Carex rostrata*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, vanleg tjønnaks *Potamogeton natans*, kantnøkkerose *Nymphaea alba ssp. candida*, tusenblad *Myriophyllum alternifolium*, stivt brasmegras *Isoetes lacustris*, skafteevjebloom *Elatine hexandra*, småblærerot *Utricularia minor*, amerikamjølke *Epilobium watsonii*, myrmjølke *Epilobium palustre*, vasspepper *Persicaria hydropiper*, ryllsiv *Juncus articulatus*, krypsoleie *Ranunculus repens*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, englodnegras *Holcus lanatus*, bekkeblom *Caltha palustris*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*

Eksisterande inngrep

Steinmur i vatnet ved trongt parti mellom midtre og søre del av vatnet.

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2002

Lokalitet 91 Dalsvatnet

Hovedtype Ferskvatn/våtmark

Areal 37,0 da

Undertype Rike kulturlandskapssjøar (E08)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Mesotroft (middels næringspåverka) vatn nordaust på Alvheim. I Øygardsmålestokk ganske stort nedbørsfelt. Om sommaren nokså varierende vasstand, alt etter nedbørsmengd. Vegetasjonsmessig nokså likt Alvheimsvatnet, men betre utvikla nøkkerosesamfunn, særleg i nordaustleg del av vatnet. Her også gode forekomstar av nøstepiggknopp og fine tjønnakssamfunn. Nordaustlege del har grus og evjebotn, elles steinbreidd, men òg overgang til strandsump fleire stader. Her er flaskestarr gjerne dominerande art. Funn av raudlistearten skafteevjebloom på grus og evjebotn, men ikkje dei mengdene som finst i Alvheimsvatnet (lok. 88). Også andre artar som er lokalt sjeldsynte.

Registrerte raudlisteartar

Skafteevjebloom *Elatine hexandra* (DC)

Karakteristiske artar

Kvit nøkkerose *Nymphaea alba*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, vanleg tjønnaks *Potamogeton natans*, butttjønna *Potamogeton obtusifolius*, grastjønna *Potamogeton gramineus*, nøstepiggknopp *Sparaginum glomeratum*, mjuksivaks *Eleocharis mamillata*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, vasspepper *Persicaria hydropiper*, hønsegras *Persicaria maculosa*, myrhatt *Potentilla palustris*, myrmjølke *Epilobium palustre*, skafteevjebloom *Elatine hexandra*, tusenblad *Myriophyllum alternifolium*, småblærerot *Utricularia minor*, mjukt brasmegras *Isoetes echinospora*, stivt brasmegras *Isoetes lacustris*, flaskestarr *Carex rostrata*, stjernestarr *Carex echinata*, ryllsiv *Juncus articulatus*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, grøftesoleie *Ranunculus flammaea*, blåknapp *Succisa pratensis*, skjermesveve *Hieracium umbellatum*

Eksisterande inngrep

Fylling mot naturleg avløp til Storavatnet i nord (truleg årsak til store variasjonar i vasstand).

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2002

Skog

Småtveblad (*Listera cordata*)



Kusymre (*Primula vulgaris*)



Liljekonvall (*Convallaria majalis*)



Vivendel (*Lonicera perclymenum*)

Lokalitet 12 Vikaskogen**Hovedtype** Skog**Areal** 46,1 da**Undertype** Kystfuruskog (F12)**Verdi** A - svært viktig**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Planta skog frå byrjinga av 1900-talet. Går frå Hjelteffjordsida frå Grønholmen og strandberga nord for denne og til stup/bratt berg i vest, mot sjøve Vika-garden. I dei fjordnære delane av skogen hovudsakelig buskfuru *Pinus mugo* medan det i sentrale/vestlege delar, som meir lysopne, innslag av høgreist furu *Pinus sylvestris*. Det er særleg her ein kan sjå innslag av purpurlyng *Erica cinerea*.

Karakteristiske artar

Furu *Pinus sylvestris*, buskfuru *Pinus mugo*, einer *Juniperus communis*, røsslyng *Calluna vulgaris*, purpurlyng *Erica cinerea*, krekling *Empetrum nigrum*, blåbær *Vaccinia myrtillus*, tyttebær *Vaccinium vitis-idaea*, skrubbær *Cornus suecica*, skogstjerne *Trientalis europeae*, bjønnekam *Blechnum spicant*, einstape *Pteridium aquilinum*, heistarr *Carex binervis*, smyle *Deschampsia flexuosa*, kystbergknapp *sedum anglicum*

Andre spesielle førekomstar

Funn av blodrips *Ribes sanguineum* ved tufter etter hønsegård drive i mellomkrigstida i skogen aust for Nesekletten.

Eksisterande inngrep

Eit par hytter, men ikkje i den mest verdifulle del av skogen.

Registrert av Stig Guntveit**Dato** Juni 2002**Lokalitet** 44 Gangstøskogen**Hovedtype** Skog**Areal** 50,6 da**Undertype** Kystfuruskog**Verdi** A - viktig**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Barskogsområde med innslag av til dels høgreist furu. Ligg mellom Blomgangstø i nordvest, Gangstøklubben i sør, Torkjellknppen i nordaust og Sandknappen/Sandknappbukti i søraust. Skrånande mot søraust, kor skogen er open med god lystilgang og høg varmeinnstråling. Bra førekomstar av purpurlyng og såleis å karakterisere som purpurlyngfuruskog som er ein sjeldan naturtype.

Karakteristiske artar

Furu *Pinus sylvestris*, buskfuru *Pinus mugo*, purpurlyng *Erica cinerea*, røsslyng *Calluna vulgaris*, bjønnekam *Blechnum spicant*, smyle *Deschampsia flexuosa*, skogstjerne *Trentalis europeae*, blåbær *Vaccinia myrtillus*, tyttebær *Vaccinium vitis-idaea*, krekling *Empetrum nigrum*

Aktuelle trugsmål

Bustadbygging?

Registrert av Stig Guntveit**Dato** September 2001**Lokalitet** 45 Blomgangstø**Hovedtype** Skog**Areal** 13,5 da**Undertype** Rik edellauvskog (F01)**Verdi** B - viktig**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Lokaliteten strekker seg frå inst i Blomgangstø og sørvestover nesten heilt til Riksveg 561 i Sælebrekka. Består av ospoholt, hasselkratt, sumpmark/fukteng og beitemark, og nær sjøen strandberg og innslag av strandenger. Hasselkratta finn ein helst ved foten av sørvende bergveggar/skar. Variert og rik vegetasjon med innslag av artar knytt til lauvskog og artar som er fremja av beiting. I likskap med andre område på Blom er jorda truleg baserik. Dette blir støtta av m.a. funn av villin, som er ein nær klassisk indikator på kalkrik/baserik grunn. Både lokalgeografisk, geologisk og vegetasjonsmessig er heile området frå Blomgangstø, via Blomevatn og mot Selstø opprinneleg eit samanhengande område med edellauvskog som delvis har vorte kultivert med beiting og oppdyrking, men i nyare tid splitta opp med bustadbygging, gardsbruk og vegar. Heile området har truleg baserik grunn, t.d. har Blomevatn overraskande høg pH. Heile dette beltet, med lokalitetane 45, 47, 48, 49 og 50 burde sjåast på som eit samanhengande område beståande av fleire naturtypar.

Tilsaman er dette området det rikaste karplanteområdet i Øygarden, med ikring 250 registrerte artar. I eit hasselkratt ved naustmiljøet i Bomgangstø finn vi Øygarden sin einaste kjende førekomst av markjordbær (truleg ein restførekomst etter rikare førekomstar tidlegare).

Karakteristiske artar

Osp *Populus tremula*, hassel *Corylus avellana*, bjørk *Betula pubescens*, øyrevier *Salix aurita*, hestekastanje *Aesculus hippocastanum*, rogn *Sorbus aucuparia*, selje *Salix caprea*, kristtorn *Ilex aquifolium*, kjøtttype *Rosa dumalis*, mjøduert *Filipendula ulmaria*, engkarse *Cardamine pratensis*, kvitveis *Anemone nemorosa*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, enghumleblom *Geum rivale*, marikåpe *Alchemilla sp.*, markjordbær *Fragaria vesca*, villin *Linum catharticum*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, legeveronika *Veronica officinalis*, krattmjølke *Epilobium montanum*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, vivendel *Lonicera perclymenum*, skjørlok *Cystopteris fragilis*, svartburkne *Asplenium trichomanes*, engsoleie *Ranunculus acris*, bekkeblom *Caltha palustris*, myrtistel *Cirsium palustre*, landøyda *Senecio jacobeeae*, hundegras *Dactylis glomerata*, englodnegras *Holcus lanatus*

Eksisterande inngrep

Naustmiljø i Blomgangstø.

Aktuelle trugsmål

Ytterlegare utbygging av naustmiljøet vil kunne truge førekomstane av markjordbær og villin.

Aktuelle forvaltningstiltak

Generelt restriktiv haldning til vidare utviding av naustmiljø. Selektivitet i val av tomter ved evt. bygging av naust.

Litteratur

Håland og Stellberg 1997

Registrert av Jenftid Stellberg, Stig Guntveit

Dato Juli 1996, Juli 2001

Lokalitet 46 Blomeskogen

Hovedtype Skog

Areal 16,0 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lauvskogsområde med innslag hassel, men og bjørk, platanlønn og osp. Strekker seg frå avkjørsle mot Blomgangsstø/Blomåsen frå RV 561 nordover, på vestsida av Gangstøåsen og oppdyrka mark vest for denne, mot nord til tjørn i forlenginga av dalen som ligg vest for Gangstøåsen. Mot vest gradvis overgang til opnare landskap med gras og eng og mindre skogholt.

Karakteristiske artar

Bjørk *Betula pubescens*, hassel *Corylus avellana*, osp *Populus tremula*, platanlønn *Acer platanoides*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, sisselrot *Polypodium vulgare*, hengevinge *Phegopteris connectilis*, geitetelg *Dryopteris dilatata*, fugletelg *Gymnocarpium dryopteris*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, kvitveis *Anemone nemorosa*, liljekonvall *Convallaria majalis*, kusymre *Primula vulgaris*, brunrot *Scrophularia nodosa*, skogfiol *Viola riviniana*, sumphaukeskjegg *Crepis paludosa*, skogkarse *Cardamine flexuosa*, skogsveve *Hieracium murorum*, engmarimjelle *Melampyrum pratense*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*

Eksisterande inngrep

Fleire hytter i vestlege del av området. Dyrka mark.

Aktuelle trugsmål

Vidare utbygging av hytter og bustader.

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2001

Lokalitet 47 Selstødalen

Hovedtype Skog

Areal 7,3 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg i dalføret mellom Blomvatn i nordaust og Selstø i sørvest, på nordsida av dalføret. Kommunal veg til Selstø dannar skilje mellom lokalitet 49 (bekk/bekkedal) og lokalitet 47.

Lokaliteten er lite eksponert for dei framherskande vindretningane og er såleis veksestad for meir varmekjære artar som ikkje er vanlege elles i kommunen. Skogen har dominans av hassel, men med innslag av osp, sommareik og hegg. Hassel, hegg og eik finst i dei lunare delane av dalføret, medan ospa dominerer høgare oppe der vindeksponeringa er sterkare. Nokså tett lauvverk i hasselkratta, men meir lysope og velutvikla feltskikt med dominans av mellomhøge og høge urter og buskar nedst mot vegen. Sjeldan naturtype i kommunen. Inngrep i form av hyttebygging og veg til hytter i austlege del øydelegg noko av kontinuitetspreget.

Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, sommareik *Quercus robur*, hegg *Prunus padus*, osp *Populus tremula*, selje *Salix caprea*, platanlønn *Acer platanoides*, bulkemispel *Cotoneaster bullatus*, raudhyll *Sambucus racemosa*, kjøtttype *Rosa dumalis*, vivendel *Lonicera percllymenum*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, krattmjølke *Epilobium montanum*, enghumleblom *Geum rivale*, kratthumleblom *Geum urbanum*, brunrot *Scrophularia nodosa*, haremat *Lapsana communis*, kusymre *Primula vulgaris*, skogfiol *Viola riviniana*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, lundrapp *Poa nemoralis*, krattlodnegras *Holcus mollis*, jordnøtt *Conopodium majus*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, skjorlok *Cystopteris fragilis*, villapal *Malus sylvestris*, markjordbær *Fragaria vesca*

Eksisterande inngrep

Fleire hytter, og eit bustadhus, særleg i austre delen av dalen. Veg til hytte.

Aktuelle trugsmål

Hytte- og bustadbygging

Aktuelle forvaltningstiltak

Kommunen bør vurdere forbod mot vidare inngrep i området.

Registrert av Stig Guntveit

Dato 1992-2002

Lokalitet 57 Botn/Bredna

Hovedtype Skog

Areall 20,9 da

Undertype Rik edellauvskog

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Dalføre som går i nord-sør retning fra vestenden av nye gravplassen i Blomvåg mot sør til Flåten. Vesthellinga av dalføret og høgdedraget austom (Bredna) består i all hovudsak av edellauvskog med artar som hassel, osp og hegg. Nokre stader er hegg dominerande treslag, elles i Øygarden finn ein hegg berre eit fåtal stader, og då som einskildindivid. Lokaliteten kan eigentleg ikkje kallast rik edellauvskog, her manglar dei varmekjære artane som ask, lind og alm (dei to sistnemnde artane finst ikkje i kommunen). Velutvikla feltskikt av høge og mellomhøge urter. På Bredna finn ein kløfter, til dels menneskeskapte (frå 2. verdskrig) med hinnebregne. I dalbotnen (Botn) veitedrenert fukteng som truleg har vore slått i tidlegare tider. I søre delen av vesthellinga engområde, tidlegare nytta som slåttemark. Sjeldan naturtype Øygarden, med stor artsrikdom og med artar som elles er sjeldsynte i kommunen.

Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)

Karakteristiske artar

Osp *Populus tremula*, hegg *Prunus padus*, hassel *Corylus avellana*, platanlønn *Acer platanoides*, bjørk *Betula pubescens*, rogn *Sorbus aucuparia*, svensk asal *Sorbus intermedia*, vivendel *Lonicera percllymenum*, krossved *Viburnum opulus*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, brunrot *Scrophularia nodosa*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, liljekonvall *Convallaria majalis*, jonsokkoll *Ajuga pyramidalis*, kvitveis *Anemone nemorosa*, skogsveve *Hieracium murorum*, skogfiol *Viola riviniana*, bjørnebær *Rubus sp.*, kjøtttype *Rosa dumalis*, stormarmjelle *Melampyrum pratense*, fulgevikke *Vicia cracca*, gjerdevikke *Vicia sepium*, gulskolm *Lathyrus pratensis*, kvitblattistel *Cirsium helenioides*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, einstape *Pteridium aquilinum*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, skjorlok *Cystopteris fragilis*, skogkarse *Cardamine flexuosa*, firkantperikum *Hypericum maculatum*

Eksisterande inngrep

Nedfalls bustadhus på Bredna. Bunkers/løpegrav frå 2. verdskrig.

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2002

Lokalitet 61 Dalsvågen

| | | | |
|------------------|------------------------|--------------|-----------------|
| Hovedtype | Skog | Areal | 4,9 da |
| Undertype | Rik edellauvskog (F01) | Verdi | C - lokal verdi |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Område med edellauvskog på begge sider av dalhellingsa på Dale i Dalsvågen. Særleg velutvikla er den delen av området som ligg like vest og ovanfor indre Dalsvågen. Her er hassel er dominerande tresort og botnsjiktet om våren før lauvsprett er dominert av først gaukesyre, seinare nyresoleie. Området er avbrote av dyrka mark inkl. beitemark, hus og driftsbygningar, og er vel å rekne som eit restområde som ikkje har vore eigna til oppdyrking. Innslag av varmekjære antar typiske for kystnær edellauvskog, men har noko mindre artsmangfald enn dei best utvikla edellauvskogsområda i kommunen.

Karakteristiske artar

Osp *Populus tremula*, hassel *Corylus avellana*, rogn *Sorbus aucuparia*, krossved *Viburnum opulus*, vivendel *Lonicera perclymenum*, kjøtttype *Rosa dumalis*, akeleie *Aquilegia vulgaris*, kusymre *Primula vulgaris*, skogkarse *Cardamine flexuosa*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, skogfiol *Viola riviniana*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, nyresoleie *Ranunculus auricomus*, jonsokkoll *Ajuga pyramidalis*, skogsveve *Hieracium murorum*, gjerdevikke *Vicia sepium*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, loppestarr *Carex pulicaris*, skogburkne *Athyrium filix-femina*

Eksisterande inngrep

Bustadhus, naustmiljø og køyreveg til naustmiljø. Dalebrua.

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juni 2002

Lokalitet 63 Ljøsneset

| | | | |
|------------------|--------------------|--------------|------------|
| Hovedtype | Skog | Areal | 65,3 da |
| Undertype | Kystfuruskog (F12) | Verdi | B - viktig |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Området ligg vanskeleg tilgjengeleg frå land (vest) sida, og er skjerna av Ljøsnesvatnet og ein bratt bergvegg som går nesten heile vegen frå nord mot sør langs vatnet.

Dette er truleg det nærmaste ein kjem gammalskog i Øygarden, men gammal i økologisk forstand er nok skogen ikkje. Dei eldste trea er truleg i overkant av 100 år. Lokaliteten er ei blanding av yngre, lågvaksen busk/bergfuru og, til Øygarden å vere, grovvaksen furuskog. Skogen har mykje gadd (stående, døde tre) og læger (liggande, døde tre) i form av rotvelt, men skikkelig gammal læger manglar. Mange av dei døde trea har rikeleg med spor etter spetteaktivitet (mest truleg haust- og vinteraktivitet). Sopp og lavflora er ikkje nærmare undersøkt, men eldre skog er kjenneteikna ved eit stort mangfald av både insekt, sopp, lav og mosar.

Når det gjeld karplantar inneheld lokaliteten kommunen sin einaste kjende førekomst av orkideen småtveblad.

Karakteristiske artar

Furu *Pinus sylvestris*, Buskfuru *Pinus mugo*, bergfuru *Pinus uncinata*, einer *Juniperus communis*, bjønnekam *Blechnum spicant*, geitetelg *Dryopteris dilatata*, hengeveng *Phegopteris connectilis*, sisselrot *Polypodium vulgare*, tyttebær *Vaccinium vitis-idaea*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, blokkebær *Vaccinium uliginosum*, røsslyng *Calluna vulgaris*, klokkeling *Erica tetralix*, krekling *Empetrum nigrum*, skogstjerne *Trientalis europaea*, skrubbær *Cornus suecica*, smyle *Deschampsia flexuosa*, blåtopp *Molinia caerulea*, vivendel *Lonicera perclymenum*, osp *Populus tremula*, krypvier *Salix repens*, småtveblad *Listera cordata*

Registrert av Stig Guntveit

Dato 2001-2002

Lokalitet 78 Ovågen

| | | | |
|------------------|------------------------|--------------|------------|
| Hovedtype | Skog | Areal | 9,4 da |
| Undertype | Rik edellauvskog (F01) | Verdi | B - viktig |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Edellauvskogsområde inst i Ovågen og i sørvendt dalføre som dannar naturleg framhald av Ovågen mot nord. Sjølve dalbotn er dyrkamark/slåttemark, men området på kvar side av marka, og særleg på austsida, inntil og delvis i bratt fjellvegg, til dels rik edellauvskog. Høgt tal på artar som for det meste er knytta til edellauvskog, og mange er difor relativt uvanlege i Øygarden. Områda med edellauvskog i kommunen er små og sårbare. Dei representerer truleg restførekomstar på klimatisk og substratmessig gunstige lokalitetar. Saman med lokalitet 47 og 104 er denne lokaliteten

blandt dei rikaste edellauvskogsførekomstane i kommunen. Heilt nede ved sjøen kjem det inn artar knytte til havstrand. I sør, langs austre ”breidd” av indre Ovågen, er osp dominerande treslag. Feltskiktet er her dominert av kusymre, og dette er kommunen sin desidert største populasjon av denne arten. Lenger nord er hassel dominerande treslag, men med innslag av sommareik. Også lågare kratt med nyperoser, villrips, vivendel og stikkelsbær. I sjølve bergveggen, særleg i sør, er det innslag av antar som tyder på base/kalkhaldige sig (storblåfjør og loppestarr).

Karakteristiske artar

Osp *Populus tremula*, hassel *Corylus avellana*, sommareik *Quercus robur*, rogn *Sorbus aucuparia*, kjøtttype *Rosa dumalis*, villrips *Ribes spicatum*, stikkelsbær *Ribes uva-crispa*, vivendel *Lonicera perclymenum*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, einstape *Pteridium aquilinum*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, sisselrot *Polypodium vulgare*, hengeveng *Phegopteris connectilis*, storfrytle *Luzula sylvatica*, kusymre *Primula vulgaris*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, gjerdevikke *Vicia sepium*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, stornesle *Urtica dioica*, kvitveis *Anemone nemorosa*, skogfiol *Viola riviniana*, jordnøtt *Conopodium majus*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, stormarimjelle *Melampyrum pratense*, storblåfjør *Polygala vulgaris*, loppestarr *Carex pulicaris*, kratthumleblom *Geum urbanum*

Andre spesielle førekomstar

Ved Ovågen, på vestre ”breidd”, finn vi den einaste kjende førekomsten av saltstarr *Carex vaccillans* i Øygarden

Eksisterande inngrep

Naustmiljø i Ovågen. Bustader i vestre dalside.

Aktuelle trugsmål

Planar om bygging av rorbuer/naust. Dette vil heilt klart kunne vere øydeleggjande for området og det som er att av kontinuitet.

Litteratur

Håland og Stellberg 1997

Registrert av Jenfrid Stellberg, Stig Guntveit

Dato 1997, 2002

Lokalitet 97 Bjønnbæret

Hovedtype Skog

Areal 7,9 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Langs nordbreidda av indre delen av Søre Selsvågen, søraustvende, lune og varme berg med lundar av edellauvskog, med hassel, einskildførekomstar av sommareik og krossved, og lengst aust ospeholt. Feltskiktet er variert og artsrikt, dels med antar som er typiske for (edel)lauvskogar, dels tørrbakkeartar og dels artar vanlege for meir næringsfattig og tørr lynghei. Enkelte stader er det kløfter og overheng med liten lystilgang, og difor også ganske mange bregneartar på lokaliteten. Naturtypen strekkjer seg heilt til lokalitet 98, langs nordbreidda av Søre Selsvågen, og heldt så fram mot nord langs høgdedrag som svingar først nordvest og så nord inn på sjølve garden Nordre Sæle. Her er skogen meir glissen, og går delvis over i beitemark/hagemark. Over 50 karplantearter registrert i februar 2003.

Karakteristiske artar

Osp *Populus tremula*, hassel *Corylus avellana*, sommareik *Quercus robur*, rogn *Sorbus aucuparia*, vivendel *Lonicera perclymenum*, krossved *Viburnum opulus*, kjøtttype *Rosa canina*, bjørnebær *Rubus plicotus*, blankmispel *Cotoneaster lucidum*, stikkelsbær *Ribes uva-crispa*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, hårsveve *Hieracium pilosella*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, skjermesveve *Hieracium umbellatum*, kystgriseøre *Hypochoeris radicata*, tepperot *Potentilla erecta*, blåknapp *Succisa pratensis*, sløke *Angelica sylvestris* kusymre *Primula vulgaris*, geitrams *Epilobium angustifolium*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, gjerdevikke *Vicia sepium*, kratthumleblom *Geum urbanum*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, krattnjølke *Epilobium montanum*, revebjølle *Digitalis purpurea*, sisselrot *Polypodium vulgare* ormetelg *Dryopteris filix-mas*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, broddtelg *Dryopteris carthusiana*, skjørlok *Cystopteris fragilis*, svartburkne *Asplenium trichomanes*, geittelg *Dryopteris dilatata*, bjønnekam *Blechnum spicant*, pors *Myrica gale*, blokkebær *Vaccinium uliginosum*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, røsslyng *Calluna vulgaris*, fagerperikum *Hypericum pulcrum*, einer *Juniperus communis*, heistarr *Carex binervis*

Eksisterande inngrep

Hytte med tilhøyrande tretrapp til S. Selsvågen gjennom den best utvikla hassellunden på lokaliteten.

Registrert av Stig Guntveit

Dato 11.02.2003

Lokalitet 101 Hjelme I**Hovedtype** Skog**Areal** 32,4 da**Undertype** Rik edellauvskog (F01)**Verdi** B - viktig**Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

I Øygardsmålestokk større område med dominans av til dels rik edellauvskog, lokalisert nord for nordaustlege delen av Hjelmevatnet. Lokaliteten ligg lunt til og er sør/søraustvendt. Lokaliteten er delt i to av lok. 102. Ein mindre, austleg del med dominans av kratt og lågvaksen skog og ein større, sørvestleg del med meir høgvaksten edellauvskog. Dominerande treslag er sommareik, hassel, osp og krossved. I austre del dominerer kratt med øyrevier, vivendel, rogn, nyperoser og lågvaksen osp. Lokaliteten har eit svært høgt tal på artar som er typiske for edellauvskog i ytre kystsone. Også innslag av artar som ikkje er registrert andre stader i kommunen (skogmarimjelle og knollerteknapp), eller har svært få andre funnlokalitetar. Einaste lokaliteten i kommunen der det kan ha meining å snakke om eikeskog. Andre stader finst sommareik berre som eitt eller svært få individ. Saman med lokalitetane 102 og 103 utgjer dette området på Hjelme eit svært verdifullt og artsrikt naturområde. Området er truleg godt verna mot større arealinngrep, fordi det meste ligg innanfor nedslagsfeltet til drikkevasskjelda Hjelmevatn.

Karakteristiske artar

Sommareik *Quercus robur*, osp *Populus tremula*, hassel *Corylus avellana*, platanlønn *Acer platanoides*, krossved *Viburnum opulus*, vivendel *Lonicera percllymenum*, øyrevier *Salix aurita*, rogn *Sorbus aucuparia*, kjøtttype *Rosa dumalis*, liljekonvall *Convallaria majalis*, kysymre *Primula vulgaris*, kvitveis *Anemone nemorosa*, vårkål *Ranunculus ficaria*, nyresoleie *Ranunculus auricomus*, gulskolm *Lathyrus pratensis*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, gjerdevikke *Vicia sepium*, fuglevikke *Vicia cracca*, engmarimjelle *Melampyrum pratense*, skogmarimjelle *Melampyrum sylvaticum*, brunrot *Scrophularia nodosa*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, sumphaukeskjegg *Crepis paludosa*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, skogstjerne *Trientalis europeae*, skrubbær *Cornus suecica*, blåbær *Vaccinia myrtillus*, blokkebær *Vaccinia uliginosum*, smyle *Deschampsia flexuosa*, hengeaks *Melica nutans*, storfrytle *Luzula sylvatica*, skogfiol *Viola riviniana*, krattmjølke *Epilobium montanum*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, broddtelg *Dryopteris carthusiana*, fugletelg *Gymnocarpium dryopteris*, hengeveng *Phegopteris connectilis*

Andre spesielle førekomstar

Eit individ av bøk *Fagus sylvatica* påvist nord på lokaliteten, høgst truleg forvilla frå nærliggande hagar.

Eksisterande inngrep

Det er fleire stader planta sitkagran.

Aktuelle trugsmål

Sitkagran kan på sikt utgjere eit trugsmål.

Aktuelle forvaltningstiltak

Fjerning av sitkagran.

Registrert av Stig Guntveit**Dato** 1987-2002

Kyst og havstrand

Pusleblom (*Anagallis minima*)



Skjoldblad (*Hydrocotyle vulgaris*)



Strandkål (*Crambe maritima*)



Østersurt (*Mertensia maritima*)

Lokalitet 11 Syrtangen - Grønholmen, Vik

| | | | |
|------------------|--|--------------|------------|
| Hovedtype | Kyst og havstrand | Areal | 4,7 da |
| Undertype | Sandstrender (G04), her med grus og rullestein | Verdi | B - viktig |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lokalitet frå Syrtangen til Grønholmen på søraustre Toftøy. På Syrtangen ligg ei lita grusstrand som ser ut til å vere menneskeskapt, med grus og stein truleg frå bygging av molo på Vik. Her er ein veletablert populasjon av østersurt. Østersurt finn ein òg på rullesteinsstrand lenger aust på Grønholmen. Mellom desse to små steinstrendene er det strandberg. Østersurt er ein uvanleg art og i til dels sterk tilbakegang i heile Sør-Noreg. I Hordaland er det truleg berre 5-10 lokalitetar att (av desse ligg tre i Øygarden). I 2002 vart det registrert 13 individ på Grønholmen og 16 på Syrtangen.

Karakteristiske artar

Østersurt *Mertensia maritima*, bitterbergknapp *Sedum acre*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, strandnellik *Armeria maritima*, knopparve *Sagina nodosa*, sylarve *Sagina subulata*, musestarr *Carex serotina ssp. pulchella*, tangmelde *Atriplex prostrata*, gåsemure *Potentilla anserina*, strandkjempe *Plantago maritima*

Eksisterande inngrep

Molo og båthavn like vest for lokaliteten.

Litteratur

Lundberg 1989

Registrert av Norvald Vik, Stig Guntveit

Dato Juli 2001

Lokalitet 15 Balsvågen - Bernvika

| | | | |
|------------------|---|--------------|------------|
| Hovedtype | Kyst og havstrand | Areal | 6,7 da |
| Undertype | Sandstrender (G04), Strandeng og strandsump (G05) | Verdi | B - viktig |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

To vikar på sørvestlege Toftøy sør for Turøyvegen. Grus og rullesteinsstrand, og i Balsvågen fint utvikla strandeng. Bernvika ligg noko lenger sør og vest enn Balsvågen. Mellom strendene er det strandberg, som ytst mot Bernvika er lågt og slakt og har variert artssamansetjing. Nordover/innover mot Balsvågen er det ein bratt vegg som ikkje let seg forsere. Tilsaman variert artssamansetjing og høgt artstal, både artar typiske for stein/grusstrand og strandengartar. Innslag av artar som er lokalt sjeldsynte. Av artar å nemne særskilt er gulldusk, havsivaks, knortestarr, sverdlilje, strandvindel og saltbendel. Eit noko spesielt funn på strandenga er brunrot som finst mest vanleg i rikare lauvskog. Ut frå tal på artar og fordi naturtypen er sjeldsynt i Øygarden vurdert som viktig.

Karakteristiske artar

Havsivaks *Schoenoplectus maritimus*, strandrug *Leymus arenarius*, hestehavre *Arrhenaterum elatius*, strandrøyr *Phalaris arundinacea*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, sløke *Angelica sylvestris*, brunrot *Scrophularia nodosa*, myrtistel *Cirsium palustre*, revebjølle *Digitalis purpurea*, småengkall *Rhinanthus minor*, brennesle *Urtica dioica*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, saltbendel *Spergularia rubra*, strandstjeme *Aster tripolium*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, mjødur *Filipendula ulmaria*, strandkjeks *Ligusticum scoticum*, strandvindel *Calystegia sepium*, strandbalderbrå *Matricaria maritima*, skjorbuksurt *Cochlearia officinalis*, strandkryp *Glaux maritima*, knortestarr *Carex otrubae*, grønstarr *Carex demissa*, skjoldbærar *Scutellaria galericulata*, gulldusk *Lysimachia thyrsoiflora*, vrangdå *Galeopsis bifida*, knopparve *Sagina nodosa*, bitterbergknapp *Sedum acre*, strandnellik *Armeria maritima*, gåsemure *Potentilla anserina*

Eksisterande inngrep

Turøyvegen passerer området. Dumping av avfall: Sommaren 2002 var det eit tilfelle med dumping av eternittplater nær strandenga, men truleg ikkje noko trugsmål for vegetasjon/artsmangfald.

Registrert av Stig Guntveit

Dato September 2000

Lokalitet 16 Toptestallen

| | | | |
|------------------|-------------------------------|--------------|-----------------|
| Hovedtype | Havstrand/kyst | Areal | 0,6 da |
| Undertype | Strandeng og strandsump (G05) | Verdi | C - lokal verdi |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Området ligg heilt aust på Toptestallen, og er utelukkande teke med i verdivurdering fordi lokaliteten har ein stor populasjon av kattehale, som er Øygarden sin einaste av denne staselege havstrand/sumpplanten. Vestlege delen av

Toptestallen ber preg av til dels store inngrep i samband med bygging og seinare øydelegging av bølgekraftverka, medan denne austlege/nordaustlege delen har mindre inngrep.

Karakteristiske artar

Kattehale *Lythrum salicaria*, raud jonsokblom *Silene dioica*, strandsmelle *Silene uniflora*, fuglevikke *Vicia cracca*, mjøduert *Filipendula ulmaria*, mjuksivaks *Eleocharis mamillata*, blåklukke *Campanula rotundifolia*

Eksisterande inngrep

Demningar, sprengstein og betongelement med armeringsjern frå bølgekraftverka.

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2002

Lokalitet 17 Ostrhopen

Hovedtype Havstrand/kyst

Areal 42,1 da

Undertype Grunne straumar (G01)

Verdi C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Ostrhopen er ein grunn poll med smalt innløp i nord, men god utskifting av vatn ved tidevatnet, særleg ytre del. Trange sund med sterk straum skapar ofte grunnlag for ei særprega samansetjing av plante -og dyrelivet samanlikna med område med mindre straumpåverknad. Karakteristisk for denne typen straum er høg produksjon.

Karakteristiske artar

Det er ikkje utført systematiske registreringar av artar på denne lokaliteten

Andre spesielle førekomstar

Stor, grov ur, truleg avsett ved isranda ved siste istid, markerer vestre avgrensing av innløpet til pollen.

Registrert av Stig Guntveit

Dato August 2002

Lokalitet 19 Lislaskora

Hovedtype Havstrand/kyst

Areal 1,5 da

Undertype Grus- og rullesteinstrand (G04)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Rullestein/grusstrand med bakanforliggende tørr strandeng og strandberg lenger aust. Lokaliteten ligg vendt mot sør på austsida av Lislaskora. Lokaliteten er no skjerna frå vind og bølger frå sør av steinfylling til Turøybrua, slik at sjøområda omkring lokaliteten i dag er å rekne nærast som ein poll. Nokså rik førekomst av den i Sør-Noreg sjeldne østersurten (ca. 45 individ i 2002). Fint og variert artsinventar elles i geolittoralsona, epilittoralsona/strandeng og på strandberg heilt i aust på Lislaskora.

Karakteristiske artar

Østersurt *Mertensia maritima*, strandsmelle *Silene uniflora*, fuglevikke *Vicia cracca*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, bitterbergknapp *Sedum acre*, knopparve *Sagina nodosa*, vanleg arve *Cerastium vulgare*, følblom *Leontodon autumnalis*, sisselrot *Polypodium vulgare*, strandkjempe *Plantago maritima*, strandnellik *Armeria maritima*, knortestarr *Carex otrubae*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, blåklukke *Campanula rotundifolia*, kjøtttype *Rosa dumalis*

Eksisterande inngrep

Fylling til Turøybrua like sør for lokaliteten.

Aktuelle trugsmål

Det er usikkert kva fyllinga vil ha å seie for østersurførekomsten på lengre sikt. Truleg kan det vere slik at arten er avhengig av sjødrev og bølgeommediert oppkasting av sjøalgar for å trivast, slik at fyllinga kan verke negativt.

Registrert av Stig Guntveit

Dato August 2002

Lokalitet 20 Troviki

| | | | |
|------------------|------------------|--------------|-----------------|
| Hovedtype | Havstrand/kyst | Areal | 1,4 da |
| Undertype | Grusstrand (G04) | Verdi | C - lokal verdi |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Grusstrand på Hjeltefjordsida, knappe 100 meter lang. Ligg i relativt lun vik. Ei av dei få strendene på austsida av kommunen, som er dominert av svaberg. Ikkje spesielt artsrik, men med innslag av artar som er verd å registrere.

Karakteristiske artar

Havsivaks *Schoenoplectus maritimus*, rynkerose *Rosa rugosa*, strandrug *Leymus arenarius*, strandkryp *Glaux maritima*, tangmelde *A triplex prostrata*

Eksisterande inngrep

Hyttefelt og båtplassar like ved (Breivika hyttefelt).

Aktuelle trugsmål

Ytterlegare inngrep i strandsoma i samband med hytte/fritidsrelatert verksemd.

Registrert av Stig Guntveit **Dato** Juli 2002

Lokalitet 23 Bjørnøyne

| | | | |
|------------------|-------------------------------|--------------|-----------------|
| Hovedtype | Havstrand/kyst | Areal | 4,8 da |
| Undertype | Strandeng og strandsump (G05) | Verdi | C - lokal verdi |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Søraustvendt, nokså lite vind- og bølgeeksponert vik på søraustsida av Bjørnøyne. Graskledd strandeng med eit smalt belte sandstrand. Liten grunn dam/tjørn i strandenga, med sivaksart som var umogeleg å bestemme. Førekost av skjoldblad, som ikkje er vanleg art i Norge, men som er talrik i Øygarden. Strandenga består nesten utelukkande av skjelsand, og dette er såleis ei kalkrik strandeng, som er ein sjeldan naturtype i kommunen. Potensielt habitat for spesielle artar. Ved registrering i 2000 var lokaliteten svært nedbeita, og mange av artane var vanskelege å artsbestemme.

Karakteristiske artar

Skjoldblad *Hydrocotyle vulgaris*, vegtistel *Cirsium vulgare*, stornesle *Urtica dioica*, sivaks *Eleocharis sp.*

Registrert av Stig Guntveit **Dato** Juni 2002

Lokalitet 25 Ostrhopen-Gardsnesvika-Kyllaren

| | | | |
|------------------|---|--------------|------------------|
| Hovedtype | Havstrand/kyst | Areal | 220,3 da |
| Undertype | Grus- og steinstreder (G04), Strandeng og strandsump (G05), Brakkvasspollar (G08) | Verdi | A - svært viktig |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Større havstrandområde på vestlege Toftøy. Dette er det største samanhengande havstrandområdet som har vorte kartlagt og verdsett i Øygarden (dei andre havstrandlokalitetane er små og oppstykk). Her er varierte naturtypar med overvekt av strandberg, dammar, strandenger og særleg i Kyllaren, eit større område med grus/rullesteinstrand. Sjølv Ostrhopen med utløpet er avgrensa som eigen naturtype (lok. 17). Fleire stader er her interessante kvartærgeologiske fenomen med store grove urer, truleg avsette av isen. Ei slik ur demmer opp Storstjødna i nordaustlege delen av lokaliteten. Vatnet her er brakt og har ein interessant flora. Også innte delen av Ostrhopen, Toftevatnet, er brakt. På søre breidd av Toftevatnet kjem det inn ein bekk, og her finn vi ein svært frodig og artsrik strandsump. Lokaliteten har, på grunn av dei varierte naturtypane han inneheld, ein rik og variert flora. Her kan ein òg finne artar som er regionalt sjeldsynte, t.d. strandmelde, som berre har to andre funn i Hordaland, og strandarve, som også er uvanleg i fylket. Av lokalt sjeldsynte artar kan nemnast pollisivaks, småpigknopp, nøstepigknopp, engsnelle, klourt og rynkerose. Samla tal på artar overstig 100.

Karakteristiske artar

Strandrug *Leymus arenarius*, havsivaks *Schoenoplectus maritimus*, pollisivaks *Schoenoplectus tabernaemontanii*, fjørsivaks *Eleocharis uniglumis*, rynkerose *Rosa rugosa*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, klourt *Lycopus europeae*, strandvind *Calystegia sepium*, harestart *Carex ovalis*, loppestarr *Carex pulicaris*, grønstarr *Carex demissa*, strandnellik *Armeria maritima*, strandbalderbrå *Matricaria maritima*, raud jonsokblom *Silene dioica*, strandsmelle *Silene uniflora*, strandarve *Hockenya peploides*, knopparve *Sagina nodosa*, kystarve *Cerastium diffusum*, strandmelde *Atriplex littoralis*, strandkjeks *Ligusticum scoticum*, engsnelle *Equisetum pratense*, fjørsaulauk *Triglochin maritima*, nøstepigknopp

Sparaginum glomeratum, småpiggnopp *Sparaginum natans*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, strandkjempe *Plantago maritima*, vrangdå *Galeopsis bifida*, høymol *Rumex longifolius*, skjoldbærar *Scutellaria galericulata*, strandkryp *Glaux maritima*

Andre spesielle førekomstar

Velutvikla urer, høgst truleg av kvartærgeologisk opphav (israndsavsetjing).

Eksisterande inngrep

Fleire hytter i Kyllaren og Gardsnesviki. Ein av hytteeigarane har reinska rullesteinsstranda for vegetasjon og stein. I Kyllaren veks sitkagranskog i epilittoralzone/strandeng. Hytteaktivitetar. Attgroing i delar av strandengsone i Kyllaren.

Aktuelle trugsmål

Aktivitetar i samband med hytter. Attgroing med sitkagran i delar av strandengsone i Kyllaren.

Aktuelle forvaltningstiltak

Overvaking i høve til biotopødeleggende aktivitetar som skissert over. Hogst/rydding av sitkagranskog i strandengsone i Kyllaren.

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2002

Lokalitet 26 Store Helleskjeret

Hovedtype Havstrand/kyst

Areal 17,7 da

Undertype Kalkrike strandberg (G09)

Verdi C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Liten holme/skjer i austre del av Kjeldosen/vestre innløp til Rongesundet, rett sør for Ormhilleren. Fuglegjødsla berg, skjellsand i sprekker og fordjupningar. Svært frodig vegetasjon av artar karakteristiske for fuglegjødsla strandberg. Ingen sjeldne eller uvanlege artar, men teke med i verdivurderinga på grunn av karakteristisk artsinventar, frodigheit og fordi naturtypen er relativt sjeldan i kommunen.

Karakteristiske artar

Strandnellik *Armeria maritima*, raud jonsokblom *Silene dioica*, strandsmelle *Silene uniflora*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, rosenrot *Rhodiola rosea*, knopparve *Sagina nodosa*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, bitter bergknapp *Sedum acre*

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juni 1999

Lokalitet 27 Ormhilleren

Hovedtype Havstrand/kyst

Areal 7,4 da

Undertype Sand-/steinstrender (G04), Brakkvasspollar (G08)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lun vik med trongt utløp sør for overhenget Ormhilleren. Inst steinstrand og langs vika små strender som etter etablering av friluftsområde har vorte fylte med skjellsand. Innanfor strandsona er det fleire stader fine strandengområde. Heilt i sør mot Ytsta Glasviki brakkvassdam/poll med førekomst av småhavgras. Området ber preg av inngrep i form av stiar, påfyllingar med skjellsand og annan aktivitet i samband med at området er eit populært og mykje brukt friluftsområde. Einskilde stader er slitasjen på plantedekket stor, men dei fleste stader heldt plantedekket stand mot trakk og slitasje. Området har ein mosaikk av fleire naturtypar og har ei variert og rik artssamansetjing.

Registrerte raudlisteartar

Rognasal *Sorbus hybrida* (Ansvarsart, endemisk i Fennoskandia)

Karakteristiske artar

Havsivaks *Shoenoplectus maritimus*, strandrøyr *Phalaris arundinacea*, strandkvann *Angelica littoralis*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, mjødur *Filipendula ulmaria*, raud jonsokblom *Silene dioica*, klengemaure *Galium aparine*, fuglevikke *Vicia cracca*, strandvindel *Calystegia sepium*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, gåsemure *Potentilla anserina*, saltbendel *Spergularia salina*, strandkryp *Glaux maritima*, strandstjeme *Aster tripolium*, saltsiv *Juncus gerardii*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, følblom *Leontodon autumnalis*, grønstarr *Carex demissa*, strandkjempe *Plantago maritima*, strandbalderbrå *Matricaria maritima*, sylarve *Sagina subulata*, knopparve *Sagina nodosa*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, broddbergknapp *Sedum acre*, knortestarr *Carex otrubae*, småhavgras *Ruppia maritima*

Andre spesielle førekomstar

Under sjølve helleren (Ormhilleren) veks vårkål *Ranunculus ficaria*, som ikkje er spesielt vanleg i Øygarden.

Eksisterande inngrep

Stiar, benkar, tilfylling med skjelsand. Forsøpling kan stundom vere eit problem (eingongsgrillar).

Aktuelle trugsmål

Slitasje grunna stor friluftaktivitet.

Aktuelle forvaltningstiltak

Kanalisering av tråkk med stiar kan motverke generell slitasje.

Registrert av Stig Guntveit

Dato August 2002

Lokalitet 28 Børsholmen

Hovedtype Havstrand/kyst

Areal 4,5 da

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Brakkvassdam omgitt av strandeng på sørsida av Børsholmen som elles er kledd med barskog, i all hovudsak buskfuru. Takrøyrbelte i inste/austre enden av dammen. Rett sør for dammen, mot Kjeldosen finn ein strandberg. Sjølve strandengbeltet finn ein i vestre del av lokaliteten. Takrøysamfunn på havstrand er ein sjeldan vegetasjonstype i kommunen, og den einaste kartlagte i dette materialet. Lokaliteten har innslag av fleire typar habitat og har høgt artstal og innslag av artar som elles ikkje er vanlege i kommunen.

Karakteristiske artar

Takrøyr *Phragmites australis*, havsivaks *Shoenoplectus maritimus*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, fjøresaltgras *Puccinellia maritima*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, skjoldberar *Scutellaria galericulata*, gåsemure *Potentilla anserina*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, gulldusk *Lysimachia thyrsoiflora*, strandkjempe *Plantago maritima*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, saltsiv *Juncus gerardii*, strandstjerne *Aster tripolium*, strandkryp *Glaux maritima*, strandnellik *Armeria maritima*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, strandbalderbrå *Matricaria maritima*, knopparve *Sagina nodosa*, klourt *Lycopus europaea*, knortestarr *Carex otrubae*, pølstarr *Carex mackenziei*

Registrert av Stig Guntveit

Dato August 2002

Lokalitet 29 Børsholmen/Ono/Frøo

Hovedtype Havstrand/kyst

Areal 7,6 da

Undertype Grunne straumar (G01)

Verdi C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Sjøområde mellom Børsholmen og Ono, mellom Ono og Frøo og mellom Frøo og Annarholmen er gruntvassområde med god gjennomstrauming. Variert botn, både sandbotn og steinbotn med algevegetasjon. Truleg er lokalitet 18 endå meir typisk for denne naturtypen.

Karakteristiske artar

Det er ikkje gjennomført registrering av artar på denne lokaliteten.

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2002

Lokalitet 32 Frøkeila

Hovedtype Havstrand/kyst

Areal 1,2 da

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Velutvikla strandeng omkring lita tjørn som truleg er brakkvatn ved Frøkeila på Frøo. Går gradvis over i graseng/lynghei. I framkant mot Frøkeila strandberg. Beiting av sau. Lokaliteten er liten, men relativt artsrikt og har førekomst av artar som er relativt sjeldne regionalt. Døme på slike artar er skjoldblad, som på denne lokaliteten veks i og omkring tjørna, og tiggarsoleie, som er nokså sjeldan og sporadisk førekommande.

Skjoldblad, som i Lids Flora plantegeografisk er oppgjeven med spreidde førekomstar langs kysten i Sør-Norge, med nordgrense Fedje, har talrike og store førekomstar i Øygarden. I følgje botanikar Anders Lundberg ved Geografisk Institutt, UiB, er Øygarden kjerneområde for skjoldblad ikkje berre i Noreg, men i Europa.

Karakteristiske artar

Havsivaks *Shoenoplectus maritimus* sverdlilje *Iris pseudacorus*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, raudsvingel *Festuca rubra*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, skjoldblad *Hydrocotyle vulgaris*, skjoldberar *Scutellaria galericulata*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, myrtistel *Cirsium palustre*, vassarve *Stellaria media*, sylarve *Sagina subulata*, strandnellik *Armeria maritima*, følblom *Leontodon autumnalis*, strandbalderbrå *Matricaria maritima*, strandstjerne *Aster tripolium*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, bitter bergknapp *Sedum acre*, strandkjeks *Ligusticum scoticum*, tiggarsoleie *Ranunculus scleratus*

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2002

Lokalitet 35 Breiviki

Hovedtype Havstrand/kyst

Areal 8,7 da

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Ganske stort, velutvikla strandengområde rundt indre del av Breiviki, ei langgrunn vik/poll på sørvestsida av Rongøy. Særleg den indre/nordelege delen er velutvikla og artsrik. Nærast sjøen (hydrolittoralsone) lavtveksande artar som strandkryp, saulauk og sivaksartar. I epilittoralsona mot lyngheia bakanfor, høgvakse antar i velutvikla, tette bestandar, t.d stor førekomst av klourt. Lokaliteten vert skildra av Losvik (1977) som eit interessant og særlig variert område på sørvestsida av Rongøy og den best bevarte strandenga som vart funnen under denne undersøkinga. I dei seinare år har det blitt utført noko graving i søre delen av Breiviki, men bortsett frå dette er lokaliteten framleis stort sett utan inngrep.

Karakteristiske artar

Strandstjerne *Aster tripolium*, strandkryp *Glaux maritima*, saltsiv *Juncus gerardii*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, småsivaks *Eleocharis quinqueflora*, fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*, rustsivaks *Blysmus rufus*, gåsemure *Potentilla anserina*, strandkjempe *Plantago maritima*, fjøresaltgras *Puccinellia maritima*, knopparve *Sagina nodosa*, vassarve *Stellaria media*, strandnellik *Armeria maritima*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, strandbalderbrå *Matricaria maritima*, strandvindell *Calystegia sepium*, raud jonsokblom *Silene dioica*, klourt *Lycopus europeae*, høymol *Rumex longifolius*

Eksisterande inngrep

Graving i strandsona i sør i Breiviki. Kloakkledning frå Raudhammaren bustadfelt.

Aktuelle trugsmål

Planar om bygging av rorbuer/naust i Breiviki.

Aktuelle forvaltningstiltak

Bygging bør unngåast, eventuelt bør bygging, av omsyn til strandenga i nord i inste Breiviki, leggst langs søre strandsona i Breiviki, som har ein langt meir "triviell" vegetasjon.

Litteratur

Losvik 1977

Registrert av Mary Losvik/Stig Guntveit

Dato 1977/Juli 2000

Lokalitet 37 Stekkane, Ono

Hovedtype Havstrand/kyst

Areal 8,2 da

Undertype Strandeng og strandsump (G05), Brakkvasspollar (G08)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Området ligg inst i Stekkane, ein våg som nær deler Ono i ein nordleg og ein sørleg del. Inst i vågen brakkvatn med førekomst av den karakteristiske småhavgras. Brakkvatnet går så over i strandsump og strandeng. Stort belte av havsivaks ut mot brakkvatnet, største havsivakssamfunn i Øygarden. Ovanfor havsivaksbeltet igjen strandeng, som blir jamnleg nedbeita. Dominans av skjoldblad og grasartar i strandenga. Strandenga går brått over i bratt berg med lyngheivegetasjon. Mykje skrot og rakved inst på strandenga. Brakkvasspollen er noko skjemt av algooppvekst, truleg som eit resultat av tilførsel av næringsstoff frå avlaup.

Karakteristiske artar

Småhavgras *Ruppia maritima*, havsivaks *Shoenoplectus maritimus* fjøresaulauk *Triglochin maritima*, skjoldblad *Hydrocotyle vulgaris*, vrangdå *Galeopsis bifida*, tangmelde *Atriplex prostrata*, skjoldbærar *Scutellaria galericulata*, saltsiv *Juncus gerardii*, strandstjerne *Aster tripolium*, høymol *Rumex longifolius*, tunarve *Sagina procumbens*, vassarve *Stellaria media*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, raudsvingel *Festuca rubra*, fjøresaltgras *Puccinellia maritima*

Eksisterande inngrep

Stor plastslange for spelvatn frå Rong Laks er lagt gjennom brakkvasspollen med utløp i Stekkane.

Aktuelle trugsmål

Tilførsle av næringsstoff frå avløp (?)

Aktuelle forvaltningstiltak

Reinse avlaup eller legge aulaup til djupare vatn.

Registrert av Stig Guntveit

Dato August 2002

Lokalitet 40 Storaviki

Hovedtype Havstrand/kyst

Areal 0,9 da

Undertype Rullesteinstrand (G04)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Traktforma, sør-/sørvestvendt vik på Rongulløyni vest for Ono og søraust for Skarvøyni. I det vesentlege rullesteinsstrand med mykje rakved og skrot inst i fjøra. Samlar såleis opp mykje som kjem drivande frå sør/sørvest, også plantefrø. Slike strender kan i Øygarden ofte framvise interessante og av og til sjeldne strandplantar. Ingen særskilt sjeldne førekomstar på denne lokaliteten, men fin artssamansetjing med m.a. gode førekomstar av strandkvann.

Karakteristiske artar

Strandkvann *Angelica littoralis*, strandbalderbrå *Matricaria maritima*, raud jonsokblom *Silene dioica*, strandsmelle *Silene uniflora*, strandnellik *Arneria maritima*, strandkjeks *Ligusticum scoticum*, krushøymol *Rumex crispus*, klengemaure *Galium aparine*, strandkryp *Glaux maritima*, saltsiv *Juncus gerardii*, tangmelde *Atriplex prostrata*

Registrert av Stig Guntveit

Dato 23.06.2001

Lokalitet 41 Nesulløyne

Hovedtype Havstrand/kyst

Areal 1,3 da

Undertype Rullesteinstrand (G04)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Traktforma, sørvendt rullestein-/bergstrand på Nesulløyne, nordaust for Skarvøyne (den vestlegaste av to sørvende vikar på Nesulløyne). Relativt lita strand, men på same måten som lokalitet 40, 42 og fleire andre havstrandlokalitetar i kommunen, fangar vika og stranda opp mykje drivande som rek i land her, inkl. frø som kjem med havstraumane. Fin førekomst av klourt, som er sjeldan i Øygarden.

Karakteristiske artar

Klourt *Lycopus europeae*, strandrug *Leymus arenarius*, strandkjeks *Ligusticum scoticum*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, strandnellik *Armeria maritima*, strandkryp *Glaux maritima*, strandstjerne *Aster tripolium*, tangmelde *Atriplex prostrata*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, strandbalderbrå *Matricaria maritima*, klengemaure *Galium aparine*, vrangdå *Galeopsis bifida*

Registrert av Stig Guntveit

Dato August 2002

Lokalitet 42 Grunnevik

Hovedtype Havstrand/kyst

Areal 2,3 da

Undertype Strandeng (G05), Rullesteinstrand (G04)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Liten lokalitet som består av strandengområde i sørvest og rullestein/grusstrand i nordaust. Området er belteforma med lengderetning sørvest/nordaust, avgrensa i sør av Brokeskiten og i nord av resten av Blomøyneset. I sørvest traktforma vik, Grunnevik, som vender mor Skarvøyosen i sør/sørvest. På sjølve strandenga mykje rakved/skrot, og truleg er det

dette som er med å gjere området til ein av dei rikaste havstrandlokalitetane i Øygarden, både når ein ser på totalt tal på artar og på sjeldne artar. To artar, strandkål og strandreddik, finst ikkje andre stader i kommunen, og andre artar igjen, som t.d. bogestarr, åkerdylle, smånesle og til dels knortestarr og strandkvann, finst berre eit fåtal stader. Særleg strandkål vekte oppsikt i botaniske miljø då han vart funnen av Daniel Torsvik midt på 1990-talet, og lokaliteten var den gong nordlegaste kjende lokaliteten for strandkål i landet. Arten har tradisjonelt berre vorten funnen på Sør- og Austlandet, men har dei siste åra dukka opp fleire stader på Vestlandet (t.d. Turøy 2001) og i Trøndelag. Fordi lokaliteten fungerer som oppsamlar av drivande gods, inkl. drivande frø, vil den kanskje kunne by på liknande overraskingar i framtida. Ca 55 artar er påviste på lokaliteten.

Karakteristiske artar

Strandkål *Crambe maritima*, strandreddik (nordsjøreddik) *Cakile maritima* ssp. *integrifolia*, knortestarr *Carex otrubae*, bogestarr *Carex maritima*, strandkvann *Angelica littoralis*, åkerdylle *Sonchus arvensis*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, strandrug *Leymus arenarius*, vrangdå *Galeopsis bifida*, høymol *Rumex longifolius*, engsyre *Rumex acetosa*, kveke *Elymus repens*, geitesvingel *Festuca vivipara*, raudsvingel *Festuca rubra*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, følblom *Leontodon autumnalis*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, mjødukt *Filipendula ulmaria*, strandbalderbrå *Matricaria maritima*, løvetann *Taraxacum vulgare*, nordsjøsveve *Hieracium anglicum*, skjoldbærar *Scutellaria galericulata*, smånesle *Urtica urens*, strandvindel *Calystegia sepium*, saltarve *Sagina maritima*, sylvlarve *Sagina subulata*, knopparve *Sagina nodosa*, strandkjempe *Plantago maritima*, strandnellik *Armeria maritima*, gåsemure *Potentilla anserina*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, strandstjeme *Aster tripolium*, saltsiv *Juncus gerardii*, strandkryp *Glaux maritima*

Registrert av Stig Guntveit

Dato 06.10.2001

Lokalitet 51 Djuviki

Hovedtype Havstrand/kyst

Areal 0,4 da

Undertype Rullesteinstrand (G04)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Sørvendt vik på Blomøyneset, rett vest for utløpet til Blomvågen (Rorsundet) og like nordaust for Grunnevik (lok. 42). Som andre traktforma, sørvendte viker, tek Djuviki imot mykje drivande materiale, også frø. Stranda består av grov stein og tangvollar og er temmelig lita i utstrekning. Relativt lågt tal på artar, men det er funne artar som anten ikkje finst andre stader i kommunen eller er funne på få lokalitetar. To av desse artane (strandkolm og strandarve) er sjeldne på Vestlandet (Bjørn Moe, pers. medd.) og lokaliteten har i så måte regional verdi som habitat som desse artane, om ikkje i så stor grad som naturtype i seg sjølv. Oppsiktsvekkande nok veks tre sjeldne antar innanfor eit område på berre 4 m² (strandkolm, strandarve og tiggarsoleie). Habitatet er og uvanlig for desse artane, ettersom både strandkolm og strandarve synest å føretrekkje sandstrender. Elles er lokaliteten relativt artsfattig. Strandkolm har vore utsett for beiting dei seinare åra, og såleis ikkje komme i bløming.

Karakteristiske artar

Strandkolm *Lathyrus japonicus*, strandarve *Hockenya peploides*, tiggarsoleie *Ranunculus scleratus*, tangmelde *Atriplex prostrata*, mjødukt *Filipendula ulmaria*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, saltarve *Sagina Marita*, klengemaure *Galium aparine*

Aktuelle trugsmål

Beiting?

Registrert av Daniel Torsvik, Stig Guntveit

Dato 1995, 2000-2002

Lokalitet 52 Stølemyri

Hovedtype Havstrand/kyst

Areal 114,9 da

Undertype Strandeng (G05), Brakkvasspollar (G08)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Større kompleks av strandenger, brakkvassdammar/pollar og strandberg omkring Stølemyri, som er eit gruntvassområde med grunne smale utløp i vest og i nordvest til Straumen/Klessviki. Truleg er vatnet i Stølemyri noko brakt. Noko avrenning av kloakk og inngrep i form av deponering av mengder med søppel (jernskrap og liknande) m.a. i brakkvassdam like vest for vegen, ca. 150 meter nordaust for den gamle Kvalstasjonen. Deponi/attvinningsstasjon for diverse typar avfall på gamle kvalstasjonen. I motsetnad til strender og strandenger elles i kommunen, er lokaliteten lite eller ikkje påverka av bølger og vind. Strendene er langgrunne, nokre stader med mudderbotn med sand og evje, andre stader grus og stein. Dette gjev ein spesiell vegetasjon av kortskotsplantar, typisk sivaksartar, saltsiv, saltgras og skjoldblad (som finst 3 stader i Stølemyri). Rustsivaks er typisk i dårleg drenerte, brakkvasspåverka strandenger. I brakkvassdammane er småhavgras typisk. I ein liten dam aust for vegen i nord veks ein dunkjevleart (truleg smal dunkjevle).

Karakteristiske artar

Småhavgras *Ruppia maritima*, strandkryp *Glaux maritima*, saltsiv *Juncus gerardii*, saltbendel *Spergularia salina*, småsivaks *Eleocharis quinqueflora*, fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*, rustsivaks *Blysmus rufus*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, fjøresaltgras *Puccinellia maritima*, taresaltgras *Puccinellia capillaris*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, raudsvingel *Festuca rubra*, tangmelde *Atriplex prostrata*, strandstjerne *Aster tripolium*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, skjoldblad *Hydrocotyle vulgaris*, knopparve *Sagina nodosa*, strandkjempe *Plantago maritima*, strandnellik *Armeria maritima*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, dunkjevle *Typha sp.*

Eksisterande inngrep

Deponiet (kvalstasjon) på Eikeilen. Fleire naust. Bustadhus i nordaust. Sjøppel i brakkvatn i nordvest.

Aktuelle trugsmål

Næringstilførsle frå kloakk (?).

Aktuelle forvaltningstiltak

Opprydding av deponert skrot og avfall.

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2002

Lokalitet 53 Nautøyeni

Hovedtype Havstrand/kyst

Areal 6,5 da

Undertype Rullestein-/grusstrand (G04)

Verdi C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Øy rett vest for Eikeilen/Stølemyri. Vestsida er eksponert for storhavet. På austsida til dels grov steinur/steinstrand, innimellom med finare stein og grus. Mogeleg representerer ura israndsavsetning. Fint utvikla strandrugsamfunn og strandkvannsamfunn. I tillegg finst slake strandberg avbrotne av bratte skar og kløfter. Innslag av må brakkvassdammar og ferskvassdammar. Relativt stor lokalitet som er heilt utan inngrep. Med unntak av saltbendel og strandkvann, som er uvanlege men ikkje sjeldsynte lokalt, ingen uvanlege artar, men fint artsinventar. Noko spesielt for strandberg på vestkysten av kommunen er at engfiol er vanleg, ein art som elles helst veks i enger.

Karakteristiske artar

Strandrug *Leymus arenarius*, strandkvann *Angelica littoralis*, strandkryp *Glaux maritima*, tangmelde *Atriplex prostrata*, saltbendel *Spergularia salina*, vassarve *Stellaria media*, strandstjerne *Aster tripolium*, strandnellik *Armeria maritima*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, bitter bergknapp *Sedum acre*, strandbalderbrå *Matricaria maritima*, gullris *Solidago virgaurea*, følblom *Leontodon autumnalis*, engfiol *Viola canina*, strandkjempe *Plantago maritima*, strandkjeks *Ligusticum scoticum*, fjøresaltgras *Puccinellia maritima*, raud jonsokblom *Silene dioica*, strandsmelle *Silene uniflora*, fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juli 2002

Lokalitet 64 Midtre Kollsøyvågen

Hovedtype Kyst/havstrand

Areal 1,0 da

Undertype Strandeng (G05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Relativt lite strandområde inst i Midtre Kollsøyvågen, sør på Kollsøy. Noko steinete, stort sett grasvaksen strandeng med mindre område med eksponert skjelsand. Sørvendt fjøre som tek i mot mykje rak, inkl. frø. I 2000 vart det funne ishavsreddik på lokaliteten. Arten er ført opp på den nasjonale raudlista som ansvarsart, fordi Noreg har hovudførekomsten i Europa. Funnet er til no det sørlegaste i Norge (Europa). To individ av arten vart funne 2000. I 2001 og 2002 var lokaliteten sterkt nedbeita, og det var uråd å finne plantane att. Ishavsreddik er 1- eller 2-årig, og kan ha lagt igjen frø, men det står att å sjå om han er etablert på lokaliteten.

Registrerte raudlisteartar

Ishavsreddik *Cakile maritima ssp. arctica* (Ansvarsart – Noreg har hovudførekomst i Europa)

Karakteristiske artar

Strandkvann *Angelica littoralis*, skjoldbærar *Scutellaria galericulata*, gåsemure *Potentilla anserina*, høymol *Rumex longifolius*, vegtistel *Cirsium vulgare*, knopparve *Sagina nodosa*, klengemaure *Galium aparine*, vrangdå *Galeopsis bifida*, strandbalderbrå *Matricaria maritima*, tangmelde *Atriplex prostrata*, strandstjeme *Aster tripolium*, strandnellik *Armeria maritima*, raudsvingel *Festuca rubra*, fjøresaltgras *Puccinellia maritima*, knortestarr *Carex otrubae*

Registrert av Stig Guntveit

Dato 2000-2002

Lokalitet 65 Kyst/havstrand

Hovedtype Kollsøy nord **Areal** 0,8 da
Undertype Steinstrand (G04) **Verdi** C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lita, nordvendt vik/bukt på nordsida av Kollsøy, mot innløpet av Osundet/Sængsosen. Smalt innløp. Fin vik med forekomst av artar karakteristiske, men ikkje direkte vanlege for steinstrender (Særleg verd å nemne er strandkvann og knortestarr). Ingen inngrep. Strandsona har ganske grov stein og går direkte over i strandberg/lynggrabbar, og i aust bergvegg.

Karakteristiske artar

Strandkvann *Angelica littoralis*, strandrug *Leymus arenarius*, knortestarr *Carex ortubae*, klengemaure *Galium aparine*, strandstjeme *Aster tripolium*, vrangdå *Galeopsis bifida*, strandnellik *Armeria maritima*, strandkjempe *Plantago maritima*

Registrert av Stig Guntveit **Dato** Juli 2000

Lokalitet 66 Indre Kollsøyvågen

Hovedtype Kyst/havstrand **Areal** 2,3 da
Undertype Sand-/steinstrand (G04), Strandeng (G05) **Verdi** C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Sand/steinstrand med strandengsone innanfor, inst i Indre Kollsøyvågen. Vågen er sørvendt og mottek mykje rekande materiale. Området er nærmast som eit eid: Strandenga går rett over i stein/grusstrand i nord, slik at Kollsøy nesten er delt i to.

Det er ikkje gjort systematiske registreringar på lokaliteten. I 2000 var lokaliteten øydelagt av ein storm i juni og dei to siste åra har lokaliteten vore sterkt nedbeita. Tidlegare er her funne artar som er sjeldne i kommunen (tiggarsoleie), og lokaliteten representerer ein fint utvikla sand/grus/steinstrand med strandeng med eit godt potensial for interessant artssamansetning.

Karakteristiske artar

Strandrug *Leymus arenarius*, strandvindel *Calystegia sepium*, gåsemure *Potentilla anserina*, tiggarsoleie *Ranunculus scleratus*, vassarve *Stellaria media*, skjoldbærar *Scutellaria galericulata*, vegtistel *Cirsium vulgare*, høymol *Rumex longifolius*, strandstjerne *Aster tripolium*, saltsiv *Juncus gerardii*

Registrert av Stig Guntveit **Dato** Juli 1998

Lokalitet 71 Pollane I

Hovedtype Kyst/havstrand **Areal** 181,9 da
Undertype Undervasseng (G02) **Verdi** A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Større, samanhangande undervasseng med ålegras som dominerande og einaste art av karplantar. Ålegras dekker her eit større område, særleg inst i Pollane. Nettverk av små, låge holmar og viker, definert som eigen lokalitet (72).

Området er skildra av Lundberg (1992), og trekt fram som eit viktig referanseområde for ålegras, fordi området er utan gjødselpåverknad. Området er elles eit gruntvassområde med god gjennomstrøyming, og er viktig som beiteområde for andefugl. I vintrar med islegging av tjørn og ferskvatn (særleg Tjeldstømarka), er Pollane beiteområde for m.a. sangsvane. Flokkar på nærare 40 individ har vorte observerte i Pollane i slike periodar.

Karakteristiske artar

Ålegras *Zostera marina*

Litteratur

Lundberg 1992

Registrert av Stig Guntveit **Dato** August 2001

Lokalitet 72 Pollane II

| | | | |
|------------------|-----------------|--------------|------------|
| Hovedtype | Kyst/havstrand | Areal | 157,6 da |
| Undertype | Strandeng (G05) | Verdi | B - viktig |

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Havstrandområde i Pollane, som ligg lunt til på Skogsøy, verna frå storhavet av ytste Skogsøy og Austre Odden i nord, vest og sør, og av Meksholmen og Hellesøy i søraust og aust. Stort og variert område med strandeng, strandberg og grus/steinstrender, både på sjølv Skogsøy og på små, låge holmar ute i Pollane. Særleg Høgholmen har artsrik, velutvikla strandeng. Frå geolittoralen overgang til lynghei, vekslende med bergnabbar og våtare myrområde. Inst i Pollane gruntvassområde m.a. med stor, urørt, ålegrasundervasseng utan gjødselpåverknad (lok. 71). Totalt sett har lokaliteten ein rik flora, men utan dei svært sjeldne artane. Av litt spesielle artar kan nemnast rynkerose, skjoldblad, knortestarr, strandkvann, sverdlilje og saltbendel. Lokaliteten bør sjåast i samanheng med lokalitetane 70 og 71 og utgjer då eit stort, urørt kystområde med eit stort mangfald.

Karakteristiske artar

Høymol *Rumex longifolius*, engsyre *Rumex acetosa*, Raud jonsokblom *Silene dioica*, strandsmelle *Silene uniflora*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, knopparve *Sagina nodosa*, sylarve *sagina subulata*, vassarve *Stellaria media*, saltbendel *Spergularia salina*, strandstjerne *Aster tripolium*, strandkjempe *Plantago maritima*, følblom *Leontodon autumnalis*, strandnellik *Armeria maritima*, strandkjeks *Ligusticum scoticum*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, skjoldbærar *Scutellaria galericulata*, klengemaure *Galium aparine*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, blåknapp *Succisa pratensis*, småengcall *Rhinanthus minor*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, engsoleie *Ranunculus acris*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, fuglevikke *Vicia cracca*, vrangdå *Galeopsis bifida*, gåsemure *Potentilla anserina*, strandvind *Calystegia sepium*, rynkerose *Rosa rugosa*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, skjoldblad *Hydrocotyle vulgaris*, knortestarr *Carex otrubae*, musestarr *Carex serotina* ssp. *pulchella*, kveke *Elymus repens*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, fjøresaltgras *Puccinellia maritima*, geitesvingel *Festuca vivipara*, havsivaks *Shoenoplectus maritimus*, knappesiv *Juncus conglomeratus*, saltsiv *Juncus gerardii*, tangmelde *Atriplex prostrata*

Andre spesielle førekomstar

Fjøremannstuftene, tufter etter busetnad på sein jernalder/tidleg mellomalder.

Registrert av Stig Guntveit

Dato Juni/juli 2001, 25.09.2001

Lokalitet 75 Kvernepollen

| | | | |
|------------------|---|--------------|-----------------|
| Hovedtype | Kyst/havstrand | Areal | 9,4 da |
| Undertype | Strandeng (G05), Grusstrand (G04), Undervasseng (G02) | Verdi | C - lokal verdi |

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Strandengområde og 2-3 mindre grusstrender nord i Kvernepollen. Kvernepollen er ein poll med smalt utløp til Osundet i sør, og havstrandslokalitetane er såleis lite påverka av bølger og drev. Fin undervasseng inst Kvernepollen med funn av ålegras. Strandenga inst i nord/nordaust tek imot avrenningsbekk frå Hildalsvatnet. Ved bekke står eit restaurert kvernhus med originale kvernsteinar frå før førre hundreårsskifte. Inngrep i form av vegfylling har avskore strandenga frå resten av Kvernepollen, og det er no berre samband gjennom eit betongrøyr gjennom vegfyllinga. Lokaliteten har typisk artssamansetjing, men av meir spesiell karakter er funnet av ishavsmelde, som truleg er einaste kjende funn av denne arten i Øygarden.

Karakteristiske artar

Skjoldblad *Hydrocotyle vulgaris*, ålegras *Zostera maritima*, ishavsmelde *Atriplex praecox*, tangmelde *Atriplex prostrata*, saltsiv *Juncus gerardii*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, strandstjerne *Aster tripolium*, strandkryp *Glaux maritima*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, geitesvingel *Festuca vivipara*, kjeldegras *Catabrosa aquatica*, fjøresaltgras *Puccinellia maritima*, ryllsiv *Juncus articulatus*, knappesiv *Juncus conglomeratus*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, sløke *Angelica sylvestris*, grønstarr *Carex demissa*, myrtistel *Cirsium palustre*, blåknapp *Succisa pratensis*, strandkjempe *Plantago maritima*, dikevasshår *Callitriche stagnalis*, amerikamjølke *Epilobium watsonii*, engkarse *Cardamine pratensis*

Eksisterande inngrep

Vegfylling tilførsleveg til Kollsnes. Nyoppsett naust ved Kvernepollen nordaust.

Aktuelle trugsmål

Vidare bygging av naust mm. rundt Kvernepollen.

Registrert av Anders Lundberg, Stig Guntveit

Dato 1999, 2000-2003

Lokalitet 82 Rossøy II

| | | | |
|------------------|-----------------------------------|--------------|------------|
| Hovedtype | Kyst/havstrand | Areal | 7,0 da |
| Undertype | Tangvollar (G06), Strandeng (G05) | Verdi | B - viktig |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lang, smal vik med åpning mot sørvest, som delar Rossøy nærmast i to. Steinstrand med større og mindre rullestein med strandeng bakanfor. Heilt i aust skjellsandstrand, men det er ikkje registrert særleg høgt tal på artar her. Velutvikla tangvollar med tangvollsamfunn, ein ganske sjeldan naturtype i kommunen. Mellom anna større førekomst av åkerdylle, ein art som er særleg knytt til tangvollar. Arten er ikkje vanleg elles i konunnen. Lokaliteten har vore svært nedbeita dei siste par åra, men har tidlegare vore svært frodig. Nedbeitinga har dei siste åra gjort systematisk registrering vanskeleg. Lokalitet som nok kan vise fram "nykommarar", tek i mot mykje rekande materiale frå storhavet.

Karakteristiske artar

Strandrug *Leymus arenarius*, kveke *Elymus repens*, raudsvingel *Festuca rubra*, tangmelde *Atriplex prostrata*, strandstjerne *Aster tripolium*, åkerdylle *Sonchus arvensis*, strandbalderbrå *Matricaria maritima*, klengemaure *Galium aparine*, vrangdå *Galeopsis bifida*, krushøymol *Rumex crispus*, skjoldbærar *Scutellaria galericulata*, raud jonsokblom *Silene dioica*, strandsmelle *Silene uniflora*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, strandkryp *Glaux maritima*, saltsiv *Juncus gerardii*

| | | | |
|----------------------|---------------|-------------|-----------|
| Registrert av | Stig Guntveit | Dato | Juli 1996 |
|----------------------|---------------|-------------|-----------|

Lokalitet 83 Smågardsvatnet

| | | | |
|------------------|--------------------------------------|--------------|------------------|
| Hovedtype | Kyst/havstrand | Areal | 47,5 da |
| Undertype | Brakkvasspoll (G08), Strandeng (G05) | Verdi | A - svært viktig |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Område som strekker seg nordover frå Pollen ytst på Herdlevær. Strandeng innanfor i Pollen med overgang til bekkedrag med mindre dammar som fører til to større, grunne brakkvatn (pollar) med hovudsakeleg sand/grusbotn (Smågardsvatnet). Strandenga er velutvikla med fint artsinventar (m.a. strandkvann, gulldusk og strandvindel), men det som særleg gjer lokaliteten verdfull, er førekomst av fleire uvanlege og til dels sjeldsynte artar. I vatnet er det store førekomstar av havsivaks og pollsivaks (pollsivaks finst berre ein annan stad i kommunen). Her finn vi òg den sjeldsynte bogestarr og kommunen sin einaste kjende førekomst av raudlistearten pusleblom. Pusleblomen finst ganske talrik på grusstrand ved nordenden og på vestbreidda av vatnet.

Smågardsvatnet ligg eit stykke frå sjøen og fleire meter over havnivå. Ved grov sjø får det truleg tilførsle av saltvatn over svaberga frå Geitingsviki, slik at vatnet blir brakt. Vatnet drenerer mot sør til Pollen. Fleire stader langs bekken mot Pollen finn ein til dels tette førekomstar av havsivaks.

Registrerte raudlisteartar

Pusleblom *Anagallis minima* (DC)

Karakteristiske artar

Havsivaks *Schoenoplectus maritimus*, pollsivaks *Schoenoplectus tabernaemontanii*, bogestarr *Carex maritima*, beitestarr *Carex serotina* ssp. *serotina*, stjernestarr *Carex echinata*, grøftesoleie *Ranunculus flammaea*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, strandnellik *Armeria maritima*, strandrug *Leymus arenarius*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, raudsvingel *Festuca rubra*, fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, strandkvann *Angelica littoralis*, strandvindel *Calystegia sepium*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, krushøymol *Rumex crispus*, tangmelde *Atriplex prostrata*, strandkryp *Glaux maritima*, saltsiv *Juncus gerardii*, strandstjerne *Aster tripolium*, klengemaure *Galium aparine*, gulldusk *Lysimachia thyrsoflora*, rosenrot *Rhodiola rosea*

Litteratur

Lundberg 1992

| | | | |
|----------------------|---------------|-------------|-----------|
| Registrert av | Stig Guntveit | Dato | Juli 2002 |
|----------------------|---------------|-------------|-----------|

Lokalitet 89 Nordre Hjartøyvågen - Skuteviki

| | | | |
|------------------|--|--------------|------------------|
| Hovedtype | Kyst/havstrand | Areal | 8,1 da |
| Undertype | Brallvasspollar (G08), Kalkrike strandberg (G09) | Verdi | A - svært viktig |

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Område vest på Hjartøy, nordaust for Hjartøyholmen mot Skuteviki. Delvis attgrodd brakkvassdam svært nær sjøen, med stor forekomst av den sjeldne pølstarr (pøylestarr). Arten har ei nordleg utbreiing i Norge. Nokre meter mot aust går ein loddrett, delvis overhengande bergvegg i nord-sør-retning, med tydelege kalksig. Her finst ein av kommunen sine største forekomstar av havburkne, oppdaga i 1999. Basis av bergveggen er tydeleg tilhaldsstad for sau. Den kalkføretrekkande bregna murburkne finst òg i same bergveggen.

Lenger inne, i Nordre Hjartøyvågen og på "eidet" mellom Nordre- og Søre Hjartøyvågen er det ei fint utvikla strandeng, m.a. med fleire individ av rynkerose, som heilt sikkert må vere naturspreidde.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Pølstarr *Carex mackenziei*, vasskrans *Zanichellia palustris*, myrsaulauk *Triglochin palustris*, myrhatt *Potentilla palustris*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, murburkne *Asplenium ruta-muraria*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, vegtistel *Cirsium vulgare*, revebjølle *Digitalis purpurea*, vassarve *Stellaria media*, tangmelde *Atriplex prostrata*, klengemaure *Galium aparine*, rynkerose *Rosa rugosa*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, knappsiv *Juncus conglomeratus*, strandnellik *Armeria maritima*, strandkryp *Glaux maritima*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, saltsiv *Juncus gerardii*, raudsvingel *Festuca rubra*, fjøresaltgras *Puccinellia maritima*

Registrert av Stig Guntveit

Dato 24.06.2001

Lokalitet 92 Sydnestangen

Hovedtype Kyst/havstrand

Areal 1,3 da

Undertype Strandeng (G05)

Verdi C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Trang vik/poll ved Sydnestangen, lengst sør på Sørneset på Sture. Lite areal. Smalt innløp, men likevel truleg god utskifting av vatn i pollen, slik at vatnet neppe er brakt. Stein og grusstrand med overgang til strandeng. Lokaliteten er desverre i likskap med mange andre lokalitetar i kommunen, forringa av at det veks tett sitkagranskog heilt ned i strandengsona, slik at denne er svært smal, berre nokre fa meter brei. Elles fin utforming, der ein stor forekomst av klourt er det mest interessante innslaget.

Karakteristiske artar

Klourt *Lycopus europaeus*, mjødukt *Filipendula ulmaria*, klengemaure *Galium aparine*, kjøtttype *Rosa dumalis*, strandstjerne *Aster tripolium*, saltsiv *Juncus gerardii*, strandkryp *Glaux maritima*, fjøresaulauk *Triglochin maritima* strandnellik *Armeria maritima*, kystbergknapp *Sedum anglicum*

Aktuelle trugsmål

Spreiing av sitkagran

Aktuelle forvaltningstiltak

Fjerning av sitkagran, i alle fall i eit 10-metersbelte mot strandenga.

Registrert av Stig Guntveit

Dato August 1999

Lokalitet 96 Nordra Kvalviki

Hovedtype Kyst/havstrand

Areal 11,6 da

Undertype Strandberg, Stein-/grusstrand (G04), Tangvollar (G06), Strandeng (G05)

Verdi C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Større, urørt havstrand vest på Alvøy omkring vestvend vik. Variert havstrand med element av både grus/steinstrender, tangvollar, strandberg (som nok utgjer størstedelen av lokaliteten) og mindre strandengområde. Langs søre breidda av vika, laust, til dels kalkrikt berg (jfr. sørvend berg på lokalitet 114, som òg synest å innehelde kalk), bratt og med sprekker. Også i nord har berget horisontale sprekker, men fjellet er mindre rikt her. Ikkje dei heilt sjeldsynte artane. Verd å nemne er strandkvann (funne i 1996), saltarve og kystarve. Fleire av grusstrendene kan vere lovande habitat for pusleblom (arten er ikkje funnen her, men er lett å oversjå), men lokaliteten er kanskje for eksponert for havet.

Karakteristiske artar

Kystarve *Cerastium diffusum*, saltarve *Sagina maritima*, vanleg arve *Cerastium vulgare* strandnellik *Armeria maritima*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, bitterbergknapp *Sedum acre*, fjøresaltgras *Puccinellia maritima*, krypkvein *Agrostis*

stolonifera, krushøymol *Rumex crispus*, strandkvann *Angelica littoralis*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis* strandkryp *Glaux maritima*, strandstjerne *Aster tripolium*, strandkjempe *Plantago maritima*, gåsemure *Potentilla anserina*, strandbalderbrå *Matricaria maritima*, løvetann *Taraxacum vulgare*, blåknapp *Succisa pratensis*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, rosenrot *Rhodiola rosea*, vrangdå *Galeopsis bifida*, mjøduert *Filipendula ulmaria*

Registrert av Stig Guntveit

Dato 08.02.2003

Lokalitet 99 Søre Selsvågen

Hovedtype Kyst/havstrand

Areal 1,9 da

Undertype Strandeng (G05)

Verdi C - lokal verdi

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

